

**Fylkesmannen**  
**I**  
**Rogaland**

**Årsrapport 2005**

# INNHALD

<b>INNLEIING</b>	<b>3</b>
<b>1. ØKONOMI OG ADMINISTRATIVE FØRINGAR</b>	<b>3</b>
<b>2. SENTRALE POLITISKE FØRINGAR</b>	<b>9</b>
2.1 Modernisering av offentleg sektor	9
2.2 Samordning og rettleiing	9
2.3 Velferd, helse og personretta tenesteyting	11
2.4 Oppvekst og utdanning	11
2.5 Regional planlegging og arealpolitikk	13
2.6 Naturressursforvaltning	15
2.7 Informasjonsformidling og -forvaltning	16
2.8 Innovasjon og verdiskaping	16
2.9 Samfunnstryggleik og beredskap	16
<b>3 DEI EINSKILDE RESULTATOMRÅDE – INNDELTE ETTER DEPARTEMENT</b>	<b>17</b>
<b>Miljøverndepartementet sine resultatområde</b>	<b>17</b>
<b>Landbruksdepartementets sine resultatområde</b>	<b>23</b>
<b>Utdannings- og forskingsdepartementet sine resultatområde</b>	<b>45</b>
<b>Barne- og likestillingsdepartementet sine resultatområde</b>	<b>52</b>
<b>Justisdepartementet sine resultatområde</b>	<b>53</b>
<b>Kommunal- og regionaldepartementets sine resultatområde</b>	<b>57</b>
<b>Oppgåver under helsedepartementet og sosialdepartementet – Oppdrag frå statens helsetilsyn og sosial- og helsedirektoratet</b>	<b>60</b>
<b>Utanriksdepartementet sine saksområde</b>	<b>69</b>
<b>Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatområde</b>	<b>70</b>

# ÅRSRAPPORT 2005

## FYLKESMANNEN I ROGALAND

### Innleiing

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2005 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2005 og 2006.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2005 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2005.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.1 og 2 gitt kort "tilstandsrapport" og rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret.

Framleis skjer det ei vesentleg dobbeltrapportering ved at det blir stilt særskilde rapporteringskrav i tillegg til årsrapport. Denne årsrapporten inneheld likevel berre rapport på resultatområde der det er kravd rapportering på denne måten i embetsoppdraget. På andre område viser til meir detaljerte rapportar som er sende til fagdepartement eller direktorat

## 1. Økonomi og administrative føringar

Ved utgangen av 2005 var embetet organisert slik:



### 1.2 Budsjett og rekneskap

2005 vart av ulike årsaker eit svært vanskeleg økonomisk år. Embetet måtte kutte i avdelingane sine budsjetttrammer midt i året. Trass i dette viser rekneskapen for året isolert

sett eit lite overskot, slik at deler atterslepet frå 2004 kan gjerast opp. Innan tre år skal budsjettet balanserast, mellom anna ved å redusere talet på tilsette med 4-5 stillingar. Reduksjon i bemanninga vil likevel berre forsterke spriket mellom krav og forventningar til oppgåveløysing og tilgjengelige ressursar for å løyse desse. Fylkesmannen i Rogaland har dei siste to åra prioritert ressursar til klagesaksbehandling. Dette, saman med effektive og dyktige medarbeidarar, har gjort at vi har nådd måla med omsyn til saksbehandlingstid og har meir enn dobla talet på behandla saker sidan 2003. På andre område maktar vi ikkje å fylle opp pålagde krav (til dels også lovfesta) mellom anna når det gjeld tilsyn barnevern og sosial omsorg, tilsyn og kontroll med forureinande verksemdar og ikkje minst rettleings- og utviklingsoppgåver. Innafor landbruk har samfinansiering av utviklingsoppgåver og ekstern finansierte prosjekt til ei viss grad gjort avdelinga i stand til å gjennomføre dei pålagde oppgåvene.

Eit anna problem er at embetet klarare og klarare merkar gapet mellom lønsvilkåra i og utanfor embetet (staten). Dette gjer det vanskelegare å rekruttere og halde på den kompetansen som er nødvendig for å vere eit kompetansesenter for mellom anna kommunane. Konkurransen utanfrå medverkar også til at lønsskalaen ved nyrekruttering må tøyast maksimalt i forhold til dei økonomiske rammene. Noko som i neste omgang fører til lønsspråk mellom nytilsette og erfarne medarbeidarar.

### **1.3 Sakebehandlingstid og SYSAM**

Fylkesmannen prioriterer enkeltsaker og saker der kommunar eller verksemdar og/eller enkeltpersonar er avhengige av eit svar frå Fylkesmannen for framdrift i saka, til dømes kommunale arealplanar. Stort sett held embetet seg innafor dei fristar som er sette for saksbehandling og dei mål vi sjølve har sett oss serviceerklæringa. For fråsegner til planar og til dømes dispensasjonssaker, er målsetjinga maks to månader. Saker som skal leggast fram for Fylkeslandbruksstyret, kan på grunn av møtrefrekvens ta noko lenger tid.

Arbeidet med å redusere sakabehandlingstida for klagesaker innafor sosial- og plan- og bygningslovgevinga har halde fram i 2005. Ved årsskiftet er behandlingstida ca 2 mnd. for sosialsaker og under 3 mnd. for byggjesaker. Dette trass i ein liten vekst i talet på klagesaker. Embetet har fjerna alle restansar og har lagt opp til at saksbehandlingstida framover skal ligge på dagens nivå eller under. Dette er likevel avhengig av at ressursane framover er stabile og at embetet blir tilgodesett med økonomiske rammer som står i stil med saksmengde. (jf. ressursfordelingsmodellen). SYSAM viser at Rogaland no ligg heilt i toppen når det gjeld effektivitet og tal saker behandla per saksbehandlar.

### **1.4 andre administrative føringar**

#### *Personalpolitikk*

Embetet utarbeidd i 2005 ny personalplan. Planen har tre hovudtema: Meistring – trivsel og utvikling med underpunkt som lønspolitikk, kompetanse, seniorpolitikk og arbeidsmiljø. Planen er utarbeidd av eigen arbeidsgruppe med brei deltaking frå arbeidstakarorganisasjonane.

2005 var siste året i embetet sin IA-avtale. Embetet sin handlingsplan for inkluderande arbeidsliv har målsetjingar først og fremst om redusert sjukefråvær, men også tilsetjing av funksjonshemma og å behalde eldre medarbeidarar så lenge som mogleg. Evaluering viser at sjukefråværet har gått ned i 2005, etter ein oppgang i 2004, med ca 10% i forhold til utgangspunktet i 2003. Målsetjinga var 20%. Embete har tilsett ein person med nedsett

funksjonsevne. Avgangsalder er framleis på nivå med 2003, som også var målsetjinga. Embetet vil arbeide vidare med IA-tiltaka.

Når det gjeld nyrekruttering av personar med nedsett funksjonsevne, så må ein vere klar over at i ein situasjon med svært avgrensa ressursar og embetet er avhengig å tilsetje dei best kvalifiserte på alle nivå, så vil slike personar tape i konkurranse med funksjonsfriske, eller dei vil ikkje søkje ledige stillinga. For å nå målsetjingane i handlingsplanane må personar rekrutterast via andre kanalar og med økonomisk stønad for å dekke opp for reduksjonen i funksjonsevna. Berre med slike tiltak vil dette kunne lukkast.

#### *Nettenester*

Fylkesmannen.no er i dag ein svært viktig informasjonskanal for Fylkesmannen. Heimesida blir flittig brukt av alle avdelingar og talet på eksterne besøk på sida viser at interessa for å finne informasjon hos Fylkesmannen er stor. Heimesida til Fylkesmannen i Rogaland er blant dei mest besøkte og svært mange av artiklane får omtale i media. Embetet har sett av eit halvt årsverk til nettredaktør, i tillegg til at alle avdelingar har egne avdelingsredaktørar.

Heimesidene våre legg likevel førebels i liten grad til rette for elektroniske tenester for publikum.

#### **GIS**


Arbeidet på dette feltet er i hovudsak vidareført frå året før, men vakansar/innsparing i lønsutgifter har gjort at vidare utvikling og implementering av GIS i saksbehandlinga, samt informasjonsarbeid ikkje har hatt det tempoet som var planlagt. Ansvarer innan Geovekst ei i det alt vesentlege ivaretatt. Også Arealis-portalen er drifta gjennom året, men ikkje fornya. I desember 2005 vart GIS-stillinga igjen bemanna. Oppgraderingar og vidareutvikling innan GIS er i funksjon frå 2006.

#### *Likestilling*


#### **I fylkesmannsembetet**

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønsskilnader og kvinner i leiande stillingar. I 2005 er ein av dei mannlege avdelingsdirektørane erstatta av ei kvinne, rett nok mellombels som følgje av permisjon.


Fig. 1 viser lønnsfordeling mellom kvinner og menn avdelingane mellom




Figuren viser lønnsfordeling i fylkesmannsembetet samla sett




Figuren viser kjønnsfordeling i avdelingane




Figuren viser kjønnsfordeling leiande stillingar



Figuren viser deltidstilsette fordelt på kjønn



Figuren viser nyrekruttering i 2005 kjønnsdelt



## **Eksternt likestillingsarbeid**

Fylkesmannen vert av og til kontakta med spørsmål om likestilling og kjønnsperspektiv, til dømes i samband med lokalpolitikarar sitt engasjement. Målet er her å oppmuntre, stimulere og eventuelt å stille opp på møter og arrangement.

Fylkesmannen har dessutan vore involvert i samanheng kor målet er å få fleire kvinner inn i styrer og råd, til dømes i næringslivet. Her har ein vore med i seminar, i nettverksbygging og i motiverande arbeid elles.

I si rolle i det europeiske fylkesmannsarbeidet, er fylkesmannen kontakta frå andre land med ønske om deltaking i arbeid med likestilling. For tida er det eit samarbeid på gang med Polen og Ukraina kor dei norske røynslene er medverkande.

Rekruttering og likestilling er basis i alt arbeidet i utviklings- og næringsretta arbeid i landbruk og bygdeutvikling. Vi ser også etterdønningane av prosjektet "Frå Røter til vekst" ved at kvinner dannar nettverk, hever kompetansen og startar som sjølvstendig næringsdrivande.

Elleve skolar i Rogaland og Hordaland deltar i Operasjon Minerva – eit tiltak for styrking av jenter si interesse for realfag og IKT. Fylkesmannen er koordinator for desse skolane og følgjer opp prosjektet. Fylkesmannen leier også prosjektet "Matte-kick". Her er kjønnsperspektivet viktig, men den overordna målsetjinga her er å styrkje læringsutbyttet for alle elevane.

Departementet sin strategiplan "Gi rom for lesing" ligg til grunn når Fylkesmannen tildeler midlar til skoleeigarane til tiltak for å stimulere lesing. Gutar og leselyst er eitt av tiltaka i planen.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Også statistikk som gjeld læringsresultat i grunnopplæringa er kjønnsdelt. Desse opplysningane blir kommenterte i tilstandsrapporten kvart år, men med ulik vektning av kjønnsperspektivet. Vi viser elles til denne rapporten som ligg føre rundt sommarferien.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har prosjektleiaransvaret for arbeidet med handlingsplan for likestilling i barnehagane i vår region. Det er etablert to kommunekontaktar i Rogaland og Universitetet i Stavanger er også representert i prosjektarbeidet. Representantar frå Rogaland har vært på studietur og likestillingskonferanse i 2005. Det er etablert prosjekt for å auke talet på menn i barnehagane og prosjekt for likestillingsfremjande pedagogikk.

### *Grøn stat*

Embetet har hatt "Grønt Hus" handlingsplan sidan 1998. Denne tilfredstiller krav til "Grøn Stat" på områda innkjøp og avfallshandtering. Planen er vitalisert i 2005 i regi av leiargruppa. 2005, framleis med hovudfokus på innkjøp, avfallsreduksjon (papir) og avfallshandtering. 100% kjeldesortering bli innført vår 2006. Når det gjeld energibruk og transport er tiltaka avgrensa.



## **2. Sentrale politiske føringar**

### **2.1 Modernisering av offentleg sektor**

Fylkesmannen har i 2005 utvikla og utvida informasjonskanalen fylkesmannen.no. Kanalen er førebels stort sett ein informasjonskanal og er ikkje i særleg grad tilrettelagt for å utføre elektroniske tenester. Dette vil det bli arbeidd med framover. Svært mange av fylkesmannen sine innkjøp blir no utført elektronisk. All intern informasjon føregår på intern nettside "Innsida" og svært mykje av dialogen internt og eksternt går føre seg på e-post, så sant det ikkje er behov for dokument med underskrift. Sjå elles 1.2 ovanfor.

Redusert og kort saksbehandlingstid har vore satsingsområde også i 2005. Sjå 1.4 ovanfor.

Fylkesmannen har både i 2004 og 2005 fordelt skjønsmidlar til omstillingsprosjekt i kommunane. Oppfølging av desse har også prega arbeidet i 2005. Omstillingsprosjektet vart avslutta i 2005. Her er det utarbeidd eigen rapport.

Fylkesmannen arbeider både med utviklingsoppgåver mot næringslivet og areal- og ressursforvaltning. Det er ei utfordring å samordna desse sektorane, både internt i avdelingar og med andre avdelingar i embetet. Det er fokusert på dette i 2005, og arbeidet skal vidareførast i 2006.

Fylkesmannen har hatt eit spesielt fokus på Landbruk Pluss-arbeidet i 2005. Vi har hatt aktiv oppfølging av kommunane og god dialog med næringsaktørane. Dette har skjedd gjennom strategiarbeid, partnerskap, idémyldring og prosjektarbeid.

### **2.2 Samordning og rettleiing**

Overføring av oppgåver til kommunane (landbruk spesielt), rettleiingsansvar til andre, til dømes KS, ein generelt fallande tendens i ressursoverføring til fylkesmennene og vekst i tilsyns- og kontrollverksemda, gjer at myndighetsoppgåvene tek forholdsvis meir av Fylkesmannen sine samla ressursar enn for berre få år sidan. Dette er delvis ei ønska utvikling. Samstundes opplever vi eit nærmast umettelege krav, ønskje og behov for rettleiing særskilt overfor kommunane når det gjeld lover, handlingsplanar og politikkgjennomføring der nasjonal måloppfølging er avhengig av kommunal gjennomføring. Fylkesmannen dekkjer ei rekkje politikkområde, og det er per i dag ingen andre etatar som kan dekke dette behovet slik fylkesmennene kan. Det er dessutan lite rasjonelt og effektivt å etablere nye rettleiarfunksjonar, som likevel må dra nytte av Fylkesmannen sin fagkunnskap. Vi finn likevel grunn til å uttrykkje ein viss frykt for at rettleiingsoppgåver får for låg prioritet. Noko som hindrar førebygging og skaper ytterlegare behov for etterkontroll og overprøving av kommunale vedtak og saksbehandling.

Trass i dette har det også i 2005 vore gjennomført vesentlege samordnings- og rettleiingstiltak. Samordningsarbeidet internt mellom fagområde og avdelingar fungerer tilfredsstillande. Dei aller fleste faglege konflikhtar blir samordna og løyst i dialogen mellom avdelingane. Konfliktpotensialet og samordningsbehovet, både internt og i forhold til kommunane, er størst innafor bruk og vern av knappe arealressursar, der nasjonale og lokale målsetjingar og interesser langt frå alltid er samanfallande. Fylkesmannen når ikkje alltid fram med rettleiing og politikkkformidling, og må i aukande grad reagere med motsegner, klager og overprøving mot kommunale arealbruksvedtak – særleg innafor jordvern og strandsonevern. Trass i dette blir det fleste konflikttane løyste lokalt eller regionalt slik at få

saker må avgjerast av departement eller direktorat. 2005 var eit uvanleg ”planår”, med ny fylkesplan for Rogaland og rullering/fornyng av 20 av 27 kommuneplanar.

Med dette som bakteppe har Fylkesmannen også i 2005 brukt betydelege ressursar til aktiv informasjon og dialog med kommunane, fylkeskommunen og andre statsetatar, og kommunisert statleg politikk innan areal- og ressursforvaltning og nærings- og bygdeutvikling. Det er også laga arenaer for utveksling av erfaringar, både mellom Fylkesmannen og kommunane og kommunane imellom. Det er vidare i nokre tilfelle inngått partnerskapsavtalar der Fylkesmannen har vore initiativtakar. Det sjuande ”oppgåvebrevet” (forventningsbrevet) til kommunane vart sendt ut i 2005, arbeidet med revisjon av serviceerklæringa, særleg retta mot kommunane, starta opp hausten 2005 og Fylkesmannen har etablert eiga intern tilsynsgruppe som skal tilrå tiltak for betre samordning og ressursutnytting innafør tilsynsaktiviteten vår.

Fylkesmannen har i 2005 avslutta kommunemoderniseringsprosjektet og deltatt aktivt i kommunestrukturprosjektet.. Dei to prosjekta har mellom anna medvirka til å avdekke, samle og formidle gode moderniserings- og samarbeidstiltak i kommunane og kommunane i mellom. Det vart også i 2005 lagt ned mykje arbeid i informasjon om kommuneproposisjonen og det økonomiske opplegget for kommunesektoren, både gjennom konferansar, møte og dialog med enkeltkommunar.

Fylkesmannen har eit nært samarbeid med fylkeskommunane og SND når det gjeld næringsretta arbeid og fordeling av tilskot. Fylkesmannen spelar ei aktiv rolle i utarbeiding av regionalt utviklingsprogram (RUP). Når det gjeld forholdet til fylkeskommunen vil vi også her vise til det formaliserte samarbeidsavtalen ”Den regionale dialogen”, der mellom anna arealforvaltning og utdanning/opplæring er tema.

Samordning står svært sentralt i forholdet til og i dialog med kommunane, særleg kommunal og regional planlegging. Vi viser her til samarbeidet med fylkeskommunen gjennom ”Den regionale dialogen” som mellom anna gjev samordna innspel frå dei to etatane til kommunale arealplanar og dispensasjonssaker. Tettare samarbeid med andre regionale etatar, som Vegsjefen, er under utvikling. Det kan likevel ikkje leggast skjul på at måten regional stat no er organisert med ulike regionale grenser, gjer samordningsarbeidet ekstra utfordrande. Også når det gjeld innspel kommunale arealplanar er saksbehandlingstid eit vesentleg moment. Denne ligg i dag på ca to månader (eller innan kommune sin eigen frist).

Innafor samfunnstryggleik og beredskap blir det lagt ned mykje arbeid i samordning av etatar med beredskapsansvar. Ansvarsfordeling og ansvarsavklaring er tema som går i igjen i fleira samanhengar, mellom anna i kommuneøvinga 2005 der fugleinfluensa var hovudscenariet.

Fylkesmannen arrangerer to årlege møte med alle statsetatar i fylket. Fylkesoverskridande etatar som Petroleumstilsynet, Oljedirektoratet, Regionvegsjef, Mattilsynet med fleire blir også inviterte. Fylkesmannen har funne det rasjonelt å kombinere desse møta med møte i Fylkesberedskapsrådet, i og med at det ofte er snakk om dei same deltakarane. I 2005 var tema på statsetatsmøta mellom anna: Regionalisering av statleg verksemd, Forvaltninga sett frå Sivilombudsmannen og Vassdirektivet – innhald og ansvar.

Ølen og Vindafjord gjekk saman til ein kommune, Vindafjord, frå 01.01.06. Fylkesmannen deltok på dei aller fleste møta i kommunane si fellesnemnd i løpet av 2005, som observatør og rettleiar innafor ulike formelle og praktiske tilnærmingar.

## 2.3 Velferd, helse og personretta tenesteyting

Fylkesmannen har stort sett oppfylt mål og krav til tilsyn både innafor kommunehelseteneste, spesialisthelseteneste og bruk av tvang og makt overfor psykisk utviklingshemma. Når det gjeld tilsyn med sosialtenester er oppfyllingsprosenten ca 50.

Arbeidet med Opptrappingsplan for psykisk helse er intensivert i 2005. Vi registrerer mellom anna merkbar auke i kommunale stillingar. Ved årsskifte er det berre ein av 27 kommunar som ikkje tilfredsstillar vilkåra for utbetaling av midlar.

Tilsynsarbeidet med helsetenestene i fengsla er starta opp i 2005 og vil bli avslutta 1. kvartal 2006.

Retningslinene for svangerskapsomsorg er presentert i samlingar for legar og anna helsepersonell.

Fylkesmannen i Rogaland er blitt informert om program for kommunalt tilsette, spesielt knytt til barn med nedsett funksjonsevne. Det vil få betydning for aktiviteten her først i 2006.

Arbeidet med rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell viser stor aktivitet i kommunane når det gjeld kompetanseheving. 23 av 27 kommunar har fått midlar. Det meste går med til kvalifisering av ufaglærde og vidareutdanning av faglærde.

Samarbeidet mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen i folkehelsearbeidet er godt, Fylkeskommunen har søkt partnarskapsstatus, men har ikkje fått dette godkjent enno. Folkehelsearbeidet i kommunane har vore tema i ei rekkje møte mellom kommunane og Fylkesmannen, mellom anna oppstartmøte for kommuneplanarbeidet.

Handlingsplan for fysisk aktivitet er følgd opp med fleire konferansar og nettverksamlingar. Samarbeidet med fylkeskommunen er nært og godt. Det har vore arrangert særskilt konferanse om "Grøn resept".

Fylkesmannen har etablert samarbeidsgruppe for utveksling av informasjon og å følgje utvikling i NAV-reforma. Det er arrangert konferanse om reforma der nesten alle kommunane var til stades med ca 100 deltakarar.

Arbeidet med "Grøn omsorg" / "Inn på tunet" fungerer framleis svært bra, med mange gode tilbakemeldingar frå både tilbydarar og målgruppene.

Den nye tilskottsordninga med per capita tilskott for alle innvandrarar 16-55 år med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter § 17 i introduksjonslova gjeld alle som har fått opphaldsløyve etter 1. sept. 2005. Ni kommunar i Rogaland fekk tilskott etter den nye ordninga for busette hausten 2005. Kommunane har framleis eit monaleg tal innvandrarar som utløyser tilskott etter den gamle ordninga - no kalla overgangsordninga. Ein reknar med at tilskott etter overgangsordninga vil minke, medan per capita tilskott vil auke i åra framover. Fylkesmannen har i 2005 arbeid saman med UDI, Utdanningsdirektoratet og VOX for å informere om den nye ordninga.

## 2.4 Oppvekst og utdanning

Rogaland har ei barnehagedekning på 67,9 % for barn i alderen 1-5 år ved inngangen til 2005. Dette er ein auke på 3,7 prosentpoeng i høve til 2004, men Rogaland har framleis ein av dei

lågaste dekningsgradane i landet. Søknader om investeringstilskott og opningsmeldingar frå nye barnehagar hos Fylkesmannen tyder på stor aktivitet for å betre situasjonen. Førebelse tal tyder på at det ved inngangen til 2006 var knappe 1500 fleire barn i barnehage enn året før, og det er planlagt bygd over 2000 nye heiltidsplassar i 2006. Kva dette gjer for barnehagedekninga i prosent er uråd å rekne ut fordi SSB enno ikkje har publisert befolkningsdata pr 1.1.06 for denne aldersgruppa.

Det er Fylkesmannen sitt inntrykk at kvaliteten i barnehagane i Rogaland er god. Men frå nokre kommunar blir det meldt om uro over redusert barnehagefagleg kompetanse i kommuneleddet. Slike reduksjonar kan innebere ei utfordring både når det gjeld innføringa av ny rammeplan og gjennomføringa av strategi for kompetanseutvikling.

Kommunane i Rogaland har etablert gode rutinar i tråd med forskrifta om foreldrebetaling i barnehagane. Det er ikkje kome klagesaker her. Fylkesmannen har hatt svært mange førespurnader frå kommunane knytte til forskrift om økonomisk likeverdig behandling. Både spørsmål og klagesaker er handterte i samarbeid med BFD.

Barnehageutbygging er fast tema på nettverksmøta med dei barnehagefagleg ansvarlege i kommunane, og det blir gitt rettleiing om utbygging og tilskott pr telefon og e-post. Det er tre nettverk i fylket, og kvart nettverk har hatt to til tre møte i 2005. Det er halde tre samlingar for kommunale saksbehandlarar, den eine med fokus på kommunane sitt samarbeid med private barnehagar, tilsyn med barnehagar og kommunane sitt arbeid mot full barnehagedekning (den siste delen vart gjennomført i samarbeid med rådgivarar frå Husbanken). Dei to andre tok føre seg forskrift om likeverdig behandling, ny barnehagelov og ny rammeplan og handlingsplan for likestilling. Det vart gitt tilbod om samarbeid til kommunar som ønskte særskild bistand. Fylkesmannen har prioritert arbeidet med informasjon og rettleiing mot barnehageadministrasjonen i kommunane gjennom desse møteplassane.

Også kvalitetsutviklingstiltak står på dagsorden i slike samlingar, og mange kommunar arbeider godt og systematisk med dette. Fylkesmannen driv to prosjekt, *Barnehage + skole = sant* og *Dei utfordrande barna*. I alt 9 kommunar i Rogaland og Hordaland er med.

Fylkesmannen har også deltatt saman med barne- og familieministeren i møte med kommunar. Eit møte med ordførar og rådmann i Sandnes var særleg vektlagt på grunn av den låge barnehagedekninga i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland utarbeider kvart år ein relativt omfattande tilstandsrapport om grunnopplæringa, og vi viser til rapporten for skoleåret 2004/2005 som låg føre i august 2005. Vi ventar på endelege KOSTRA-tal for 2005 før vi ferdigstiller rapporten for inneverande skoleår.

Her vil vi berre kort nemne at dei fleste skoleeigarane arbeider godt med Kunnskapsløftet og førebuing til innføring av nye læreplanar frå hausten av, og at det er stor aktivitet når det gjeld kompetanseutvikling.

Det er Fylkesmannen sitt inntrykk både gjennom formell og uformell kontakt med skoleeigarane, og gjennom tilsyn og klagebehandling, at skolen blir driven forsvarleg og at elevane sin rettstryggleik jamt over er god. Det er likevel avdekt forbetningsområde gjennom tilsyn, og det har vist seg gjennom tilsyn og klagebehandling at forvaltningskompetansen kunne vore betre.

Elles vil vi peike på at det i nokre kommunar er uro i samband med framlegg om å slå saman skolar (nokre stader både barnehagar og skolar). Det er kome førespurnader om rettleiing, krav om lovlegkontroll og klager.

Fire avdelingar hos Fylkesmannen: Utdanningsavdelinga, Helse- og sosialavdelinga, Landbruksavdelinga og Forvaltningsavdelinga samarbeider om oppvekst- og levevilkår for barn, m.a. om oppfølging av strategiplanen *Psykisk helse i skolen*, om prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen*, prosjektet *Mat og kulturlandskap/Kortreist mat* og om konferansen *Aktive barn*. I samband med desse tiltaka er det også poengtert at tverrfagleg samarbeid er viktig i kommunane.

Fylkesmannen har i 2005 gjennomført risikobasert tilsyn med 5 kommunar retta mot opplæringslova .

Tilsyn innafor barnevern er høgt prioritert. Individtilsyn er derfor utført med nesten fullt ut i samsvar med krav i lov og forskrifter. Når det gjeld systemtilsyn ligg oppfølgingsprosenten på ca 50.

Oppgåver knytte til Kunnskapsløftet er prioriterte i samsvar med føringane i embetsoppdraget. Samarbeid med skoleeigarane, KS, UH-sektoren og lærarorganisasjonane er nærare omtalt under kap 3, resultatområde 33.2 nedanfor. Tildeling av kompetanseutviklingsmidlar er utført som føresettt og er også nærare omtalt i same punktet. Fylkesmannen har assistert Utdanningsdirektoratet i arbeidet med oppsummering av høyringar om nye læreplanar, og har dessutan saman med Fylkesmannen i Aust-Agder hatt særskilt ansvar for oppgåver knytte til TIP-faget. Følgjande vart gjennomført i 2005:

- Planleggingsmøte saman med leiar for læreplangruppa
- Etablering av referansegruppe for TIP-faget VG1
- Arrangerte ope høyringsmøte, ca.80 deltakarar våren 2005
- Planleggingsmøte saman med leiar for læreplangruppa og Rogaland fylkeskommune (desember) – førebuing til arbeid med VG2-planen

Det er vidare arrangert to konferansar knytte til Kunnskapsløftet, "Nye læreplanar - nye utfordringar" 15.04.05 i Stavanger Forum med vel 500 deltakarar frå alle nivå i skolesystemet, og "Digital læring - kvardag og vvar" 18.11.05 med vel 150 deltakarar.

Fylkesmannen konstaterer at "Grøn omsorg" er eit konsept som fungerer godt for målgrupper som treng eit anna miljø for læring og meistringsopplevingar.

## **2.5 Regional planlegging og arealpolitikk**

Fylkesmannen deltar i alt overordna planarbeid i fylket og samarbeider aktivt med fylkeskommunen og regionale statsetatar. Det meste av arbeidet med den nye fylkesplanen for Rogaland ble gjennomført i 2005, og planen vart endelig godkjent av Fylkestinget 1. november. Fylkesmannen har vore aktivt med i dei fire faggruppene som vart organiserte i samband med utforminga av planen, og vi prioriterte mykje ressursar i uttalen til planutkastet.

Fylkesmannen prioriterer høgt kommuneplanarbeidet gjennom ei aktiv deltaking i planprosessar, bruk av motsegner og gjennom faglege råd. Vi legg vekt på nært samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar i kommuneplanprosessen. 2005 har vore ein sjeldan aktiv periode i kommuneplanarbeidet. Heile 20 av de 27 kommunane var ved

utgangen av året i gang med revisjonen av kommuneplanen. Vi har ikkje hatt tilstrekkelege ressursar til ein slik ekstraordinær arbeidstopp, og har derfor vore gjennom ein streng prioriteringsprosess. I løpet av året har vi deltatt på åtte oppstartsmøte og gitt sju høyringsfråsegner til kommuneplanar. Vi har også gjennomført ei rekke møte og synfaringar med kommunane. Det er fremma 89 motsegner til enkeltområde/tema i samband med høyringane. Mykje blei løyst gjennom dialog etter høyringa, men omfanget av motsegner fører til at planprosessane blir ressurskrevjande. Det er vår erfaring at fleire kommunar ikkje har ein tilstykkeleg strategi for dei val som skal gjerast når det gjeld utbygging. Dei overlet derfor ansvaret for å ta stilling til både omfang og lokalisering til Fylkesmannen.

Den nye KU-forskrifta har ført til store endringar i arbeidet med kommuneplanar. Innføring av nye reglar utan rettleiar, har ført til vanskar når det gjeld krav til utforming av planprogram.

Plan- og enkeltsaksbehandling som truar viktige nasjonale- og regionale interesser er prioritert. Vi ser likevel at vi ikkje alltid greier å følgje opp dei nasjonale måla for arealbruken, mellom anna for kystområda, inngrepsfrie område og biologisk mangfald. Dette gjeld også samfunnstryggleik og omsynet til barn- og unge. Barnerepresentantordninga i kommunane fungerer ennå ikkje godt nok. Vi har elles lukkast med å involvere helsesektoren meir aktivt i planarbeidet og arrangerte ein større konferanse om helse og friluftsliv i 2005.

Vi registrerer ei stor interesse for planlegging av større og mindre vindkraftanlegg i Rogaland, noko som førte til omfattande arbeid for Fylkesmannen i året som gjekk. Fylkesmannen i Rogaland har ved fleire høve etterlyst sentrale retningslinjer for lokalisering av vindkraftanlegg. Vi ser på fylkesdelplanar for vindkraft som eit godt verktøy for å oppnå ei samfunnsmessig balansert utbygging av vindkraft. Arbeidet med ein slik fylkesdelplan er alt starta opp i Rogaland.

Fylkesmannen har nært samarbeid med fylkeskommunen og formidlar nasjonal politikk i samband med alt felles arbeid, herunder fylkesplan, fylkesdelplanar og anna prosjektarbeid. Arealaksbehandlinga har vi eit eige samarbeid, gjennom ”Den regionale dialog”.

Vi har jamnt godt samarbeid med Fiskeridirektoratet og vil uttrykke glede over nytt godt samarbeid med Mattilsynet. Etter nokre vanskar på grunn av Vegvesenet si omorganisering, har vi også auka samordning med den etaten.

Vi er aktive i samband med kommuneplanarbeidet i kommunane. St.meld nr 23 (2001-2002) er det vanskeleg å få gjennomslag for, likeins god oppfølging av samordna areal- og transportplanar.

Strandsonearbeidet er det også tidvis vanskar med å få kommunal forståing for, men vi følgjar nasjonal politikk opp på ein aktiv måte. Omsyn til barn og unges oppvekstområde, friluftsliv, landskap, BM, støy og lokal luftkvalitet har vi og fokus på. Ressursmangel gjer at mange saker ikkje får den oppfølginga av fylkesmannen som er forventa av departementa.

Gjeldande fylkesdelplanar for areal- og transport på Haugalandet og for langsiktig byutvikling på Jæren, blir i det alt vesentlege respektert av kommunane. Grensene mellom framtidige utbyggingsområde og kjerneområde for landbruk er i desse planane fastlagt for ein 40-års periode. Det er likevel urovekkjande at enkelte kommunar i sin vekstiver alt no har disponert

det meste av dei områda som er vist til utbyggingsformål; og alt no, få år etter godkjenning av fylkesdelplanane, tek initiativ for å få utvida utbyggingsgrensene.

I 2005 har det også vore ein urovekkjande auke i talet på dispensasjonar innanfor LNF-områda i kommuneplanane. Medan talet i 2004 var 177, var det 269 slike søknader i 2005 om frådeling og tiltak til formål utanfor landbruksnæringa. Uroa ved denne utviklinga er først og fremst knyta til konsekvensane ved ei auka fragmentering av tidligare samanhengande landbruksområde. Tiltak av denne type vil i sum og over tid få eit volum og ein aktivitet som tydeleg vil forverre driftsvilkåra for landbruket

Den auka satsinga på reduksjon av restansane i plan- og byggjesaker heldt fram i 2005. Vi nådde målet om tre månader saksbehandlingstid i klagesakene i mai og har sidan klart å halde denne. Dette er oppnådd til tross for stor auke i innkomne saker både på byggje- og plansaksområdet. Det er og registrert auke i talet på setjefylkesmannsaker. Redusert saksbehandlingstid gav noko meir handlingsrom som blei brukt til førebyggjande verksemd mot kommunane. Det blei gjennomført fire kommunebesøk og vi var deltakarar på to interkommunale møte. Det blei og sett av ressursar til utarbeiding av arbeidskrevjande høyringsuttaler i samband med forslag til endringar av plan- og bygningslova og kommunelova. Ein av saksbehandlarane gjennomførte og ei kort hospitering i Hordaland som vidareføring av hospitering frå dette fylket i 2004. Dette har gitt nyttige erfaringar. Juristane gir viktig bistand til andre fagavdelingar som manglar slik kompetanse m.a. miljøvernavingdelinga. Eit viktig satsingsområde er og juridisk gjennomgang av føresegnene i nye kommuneplanar. Avdelinga tar og del i strandsonenettverket , eit samarbeid som er viktig for å sikre rettstryggleiken i slike saker Eit stort nytt saksfelt var i 2005 oppfølging av mellombels kartforretningar etter delingslova.

Fylkesmannen i Rogaland er pådrivar og aktivt med i Noreg digitalt. Arbeidet i Geovekstutvalet og styringsgruppa for Arealis er slått saman til eit felles styre for Noreg digitalt Rogaland. Sekretariatet for Noreg digitalt Rogaland driftar temakartportalen kalla Arealis Portal Rogaland.

Vi har ikkje sett av mykje ressursar til sterk oppfølging av bygningspolitikken, herunder estetikk, tilgjenge og universell utforming. Vi minner om dette i samband med planar og nokre einskildsaker, men det krev fleire ressursar og sterke verkemiddel dersom vi skal sjå til at desse omsyna blir ivaretekne. Vi er og i tvil om regjeringa ønskjer så sterkt inngrep i det kommunale sjølvstyret.

## **2.6 Naturressursforvaltning**

Vi følgjer godt opp verkemidla i Regionalt miljøprogram for landbruket. Det vesentlege av vernearbeidet som har vore planlagt i Rogaland, er nå gjennomført. Det har vore ein stor mangel på viktige forvaltningsplanar, men siste året har vi arbeidd med den viktige planen for Jærstrendene og for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vi følgjer opp villaksbestandane. Det er ikkje påvist Gyrodactylus i Rogaland.

Lakselusproblemet er igjen aukande, men Mattilsynet synest å vere interessert i å gripe fatt i dette.

Rovviltproblematikken er under kontroll i fylket, og vi har gode røymsler med arbeidet som sekretariat for Rovviltneimnda i region 1. Arbeidet med å slutføre BM-kartlegginga går tregt i mange kommunar. Samarbeidet med SNO er nyttig og effektivt.

Vi er à jour med arbeidet knytt til forureina sediment. Vi deltek i landsdekkande aksjoner med forureiningstilsyn , men har for få ressursar til å få det omfang av tilsynet SFT har lagt til grunn. Vi brukar eitt årsverk, men burde sett av 2,5 årsverk. Dette skuldast andre oppgåver er høgare politisk prioritert sjølv om forureiningstilsynet er noko av de viktigaste fylkesmannen kan gjere.

Vi følgjer opp det vesentlege i samband med EU-vassdirektivet.

Også i Rogaland er kulturlandskapet i endring i takt med endringane i driftsformene i landbruket. Med førebels unntak for Jæren ser vi ei tiltakande gjengroing av kulturlandskapet. Fylkesmannen prøver å finne målemetodar for kor fort gjengroinga føregår, men det viser seg at digitale metodar enno ikkje taklar dette. Eit kulturlandskap i forfall får konsekvensar både for fastbuande og turistnæringa. Ein del av kulturarven og identiteten blir borte når kulturlandskapet forfell. Gjennom regionalt miljøprogram er det laga tilskotsordningar som i noko mon vil hindre gjengroing på eigedommar med rett på ordinært produksjonstilskot. Det er no under planlegging to større bioenergianlegg som baserer deler råstoffet på uttak ved rydding i kulturlandskapet.

## **2.7 Informasjonsformidling og -forvaltning**

Stadfesta informasjon i form av digitale kart nyttast på stadig fleire saksfelt hos Fylkesmannen. Vi er også aktive i å motivera kommunar og regionale aktørar til å bruka GIS i utgreiingar og saksbehandling. Eit konkret eksempel er Mattilsynet i arbeidet med fugleinfluensa.

## **2.8 Innovasjon og verdiskaping**

Fylkesmannen er aktiv part i Regionalt utviklingsprogram. Vi har hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg Rogaland, Forskingsrådet, A-etat, regionråda og kommunane om utarbeiding av programmet. Arbeidet har vore leia av Fylkeskommunen.

Fylkesmannen har hatt hovudansvaret for revisjon av strategi for landbruksbasert næringsutvikling. Vi gjennomførte ein omfattande prosess med mange aktørar, bl.a. for at flest mogleg skal få eigarskap til den endelege strategien. Auka lønnsemd, konkurransekraft og mangfald er stikkorda i den reviderte strategien – der vi elles har lagt til grunn dei fem nasjonale satsingsområda.

## **2.9 Samfunnstryggleik og beredskap**

Det var ekstra store utfordringar på dette området i 2005. Øvelse Rogaland, der 17 kommunar blei øvd, tok mykje ressursar. Scenarioet for øvinga var fugleinfluensa, og vi hadde fokus på samarbeid mellom kommunane og dei regionale etatane i fylket. Slik som situasjonen har utvikla seg i dag, ser vi at denne øvinga kom til rett tid. Vi har elles øvd tre andre kommunar, hamneberedskapen, atomberedskapsutvalet og fylkesberedskapsrådet.

Vi har ikkje øvd vår eiga kriseleiing i 2005, sjølv om tidlegare øvingar viser at det er stort behov for dette. Vi har prioritert kommunane kor det meste av krisehandteringa skjer. Delar av kriseleiinga vår har likevel vore i aksjon i samband med praktiske hendingar som Tsunami-katastrofen i Sørøst-Asia, orkanane Inga og Gudrun og ekstremværet Loke.



Fylkesmannen i Rogaland legg stor vekt på samarbeid og utveksling av erfaringar i vårt arbeid med samfunnstryggleik. Vi bruker mykje tid og ressursar på å ha ein open dialog med kommunane, og arrangerte i 2005 temamøte for kommunane om ROS i reguleringsplanar, evakuering og fylkesROS. I tillegg var det fleire møte i Samordningsgruppa som består av eit utval av statlege regionale etatar og IVAR. Gruppa blei etter vårt initiativ danna i 2000 og har som mål å auke samfunnstryggleiken i Rogaland. Tema på desse møta har vore samordning av satsingar og utfordringar i vår kontakt med kommunane, innhald i ein FylkesROS og planlegging og gjennomføring av Øvelse Rogaland. I samarbeid med Universitetet i Stavanger er det laga ein rettleiar for risiko- og sårbaranalyse for Rogaland fylke. Vi har så langt ikkje kunne prioritere å gjennomføre sjølve FylkesROSen.

Fylkesmannen hadde også eit utstrakt samarbeid med andre etatar om "Beredskapsdagen 2005". Alle elevar i niande klasse i Randaberg kommune var med på dette arrangementet. I tillegg til Fylkesmannen deltok også Randaberg kommune, Sivilforsvaret, Helse Stavanger, Politiet, Sanitetskvinnene og Forsvarets 330-skvadron.

Vi har i 2005 prioritert samfunnstryggleik i arealplanlegginga, men ser at behovet for å delta i planprosessar og kontroll av planverk er langt større enn det er mogleg å tilby (sjå elles kommentarane om kommuneplanarbeidet). Vi har i 2005 gjennomført eit prosjekt om utvikling av geografiske informasjonssystem for beredskapstema for kommunane. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og DSB, og resultatet var ein rettleiar om dette temaet. Målet er at dette verktøyet skal gjere det lettare for kommunane å ta omsyn til samfunnstryggleik i arealplanlegginga.

Når det gjeld tilsyn har vi i 2005 ikkje hatt meir enn fire tilsyn, men eit av dette var for Stavanger som er meir ressurskrevjande enn dei andre. Vi hadde eit spesielt fokus på pålagd planverk etter Lov om helsemessig og sosial beredskap og Smittevernlova på tilsyna. Derfor deltok også ein representant frå Helse- og sosialavdelinga (ass. fylkeslege).

Innan sivilt-militært samarbeid har Fylkesmannen vært med på øvingar og har arrangert ein nasjonal konferanse om samfunnstryggleik og nye trusselbilete. Vi har ikkje prioritert arbeidet med regional planlegging etter Sivilt beredskapssystem.

### **3 Dei einskilde resultatområde – inndelte etter departement**

#### **Miljøverndepartementet sine resultatområde**

Miljøvernavdelinga sender ein detaljert rapport om oppfølging av embetsoppdraget til Direktoratet for naturforvaltning og Statens forureiningstilsyn. Den kan også sendast til andre som ønskjer han.

##### **Resultatområde 01 Vern og bruk av biologisk mangfald**

Kartlegging av det biologiske mangfaldet er godt i gang. 26 av 27 kommunar har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre arbeidet. Arbeidet er av varierende kvalitet, og FM bruker

mykje ressursar på fagleg og kartfagleg kvalitetssikring før oversending til DN. Trass i aktivt påtrykk, har vi fått inn få nye naturtypedatasett i 2005. Ei førebels evaluering av arbeidet viser at det framleis trengs betydelege ressursar over fleire år for å få eit tilfredsstillande sluttresultat. Dei mange vindkraftsakene viser kor mangelfullt datasettet er, og fylkesmannen har fått gjennomført tilleggsregistreringar i "vindkraftbeltet". FM er uroa over at mange kommunar viser liten politisk vilje og evne til å ta i bruk BM-kunnskapen i løpande arealplanlegging. MVA starta hausten 2005 arbeidet med kartlegging av BM i ferskvatn.

Utover vår del av marin verneplan (avventar framdrift i MD/DN) har vi ingen pågåande verneplanar i fylket. Forvaltningsplan for Nord-Talgje naturreservat blei godkjent 08.01.2006. Forvaltningsplan for Ragstjørna naturreservat har vore på lokal høring og vil bli oppsummert og godkjent med det første. Forvaltningsplan for Frafjordheiane landskapsvernområde og forvaltningsplan for dei tilgrensande naturreservata Migaren og Ørestø er nyleg sendt til kommunal gjennomsyn før oversending til DN for fagleg gjennomgang, og så lokal høring. Arbeidet med forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde har starta.

Motorisert ferdsel i utmark er ikkje eit stort problem i Rogaland. Framover fryktar vi at aukande helikoptertrafikk – også utan landing – over og nær verna områder kan bli eit trugsmål mot verneverdiene og mot ønsket om stillheit og ro blant turgåarar og fjellvandrarar. I Spesielt i viktige turområde som Frafjordheiane og Lysefjord/Preikestolområdet er det mange negative tilbakemeldingar på den aukande helikoptertrafikken.

FM har det siste året mottatt svært mange småkraftverkssaker til uttale. Mange av desse er ikkje konfliktfylte, men i enkelte kommunar (f eks Suldal) er talet på saker nå så høgt at summen av saker i seg sjølv utgjer ein trussel mot natur, landskap og det biologiske mangfaldet. Slik dagens regelverk er kan NVE neppe bruke sumeffekter som argument for å krevje konsesjonsbehandling av et kraftverk, unntatt i verna vassdrag. Sidan grøne sertifikat nærmar seg, bør DN ta opp dette spørsmålet med MD og NVE. Ny boom er i vente her.

Hovudtruslane for laks og sjøaure kjem frå fysiske inngrep i vassdrag, oppdrettsverksemd og ulovleg fiske. I tillegg er det einiskilde bestandar som har blitt kraftig redusert utan at ein kan dokumentere årsaka til nedgangen. Dette gjeld mellom anna Suldalslågen.

Fylkesmannen følgjer tilstanden til laks og sjøaure gjennom innsamling av fangststatistikk og biologiske undersøkingar i vassdrag. Det er ikkje midlar til å følgje meir enn eit utval av vassdraga med biologiske undersøkingar.

Fangsten av laks og sjøaure i 2005 var om lag som gjennomsnittet for dei fem siste åra. Samanlikna med 2004 auka elvefangsten i 2005 med fire tonn, frå 41,5 tonn i 2004 til 45,7 tonn.

Høge infeksjonar med lakselus har vore eit årvisst problem i Ryfylke sidan 90-talet. Det høge smittepresset heng saman med auka tilgang på vertsfisk gjennom auka oppdrettsverksemd. Tilstanden på sjøauren blir undersøkt av Rådgjevande Biologar AS, på oppdrag frå miljøvernforvaltninga. Frå og med 2006 skal denne overvakinga skje i regi av Mattilsynet.

Undersøkingane i 2005 tyder på at smittepresset frå lakselus framleis er unaturleg høgt i Ryfylke. Sjølv om tilstanden no er betre enn på nittitalet, var infeksjonane i Ryfylke langt høgare enn på Jæren og i Dalane – som er område utan oppdrettsaktivitet.

Kampen mot lakselusa skjer i samarbeid med Mattilsynet og oppdrettsnæringa.

FM fordelte i 2005 i overkant av 10 millionar til ulike kalkingsprosjekt i Rogaland. I dei seinare åra har det vore ein klar reduksjon i nedfallet av sur nedbør. I tråd med forbetringane reduserte FM talet på kalka innsjøar frå 273 i 2004 til 252 i 2005. For dei nasjonale kalkingsprosjekta har forbetringane i vasskvalitet gjort at ein i større grad kalkar for sure episodar. I januar 2005 hadde vi til dømes ein av dei suraste episodane på fleire år da stormen Inga førte til ein kraftig sjøsaltepisode.

Miljøvernavdelinga deltek i prosjektgruppe og styringsgruppe for Regionalt miljøprogram.

Fylkesmannen har eit nært og effektivt samarbeid med Statens naturoppsyn.

Som tidlegare år fungerer Miljøforum godt i Rogaland. Fylkesmannen deltek på alle møta med fylkesmiljøvern sjefen og ofte også med fagkoordinatorar.

Fylkesmannen har ansvar for sekretariatet for rovvilt nemnda i Region 1. Samarbeidet med rovvilt nemnda og dei andre fylkesmennene i regionen er godt. Arbeidet med forvaltningsplan for regionen er no ute på høyring med frist for innspel 17. mars.

FM arrangerte seminar over 2 dagar for kommunane om kommunal viltforvaltning. Viktige utfordringar for kommunane i Rogaland er å ta vare på truga viltartar eller viktige biotopar for vilt i kommunal planlegging og verksemd. I eit dynamisk fylke som vårt er spekteret av problemstillingar stort: Frå arealbruksproblematikk for villrein til oljesøl og næringssvikt for fleire sjøfuglartar langs kysten. Dessutan er det enno mykje å gjere for å ta godt vare på den ressursen hjorteviltartane representerer.

## **Resultatområde 02 Friluftsliv**

FM brukar framleis mindre ressursar enn ønskelig på friluftsliv. Nødvendige ressursar vert nytta til fordeling av ulike tilskotsmidlar og arbeid knytt til sikring av område. Utarbeiding av forvaltningsplanar for friluftsområde er nedprioritert.

Friluftsliv er eit sentralt tema i vår behandling av alle arealplansaker.

## **Resultatområde 04 Overgjødsling og oljeforureining**

EU sitt vassdirektiv. Grovkarakteriseringa vart gjennomført i rett tid. Resultatet vart sendt kommunane for innspel før oversending til SFT. Vi fikk tilbakemelding frå Hå og Finnøy kommunar. Vi arrangerte samrådsmøter med dei andre statsetatane.

Vi har framleis store utslepp av avlaupsvatn utan godkjende løyve eller reinseanlegg. Utsleppsløyve til Grødaland avlaupsreinseanlegg i Hå er på det næraste ferdig behandla. Det er eit anlegg for 70.000 PE frå både tettstader og industri.

Fylkesmannen har i tett samarbeid med SFT følgd opp reinseanlegget i Oltedal i samband med utslepp frå Gjesdal Spinneri. Avlaupsvatnet frå reinseanlegget renn ut i Ragstjørna naturreservat.

Vi har skaffa oss oversikt over anlegg som fylkesmannen vil ha mynde for etter at ny avlaufsforordning er vedteken. Talet avheng av SSB's tettstadsgrensar.

Vi har god kontroll på akvakultursektoren. Det er etablert gode rutinar og sakshandsaminga går raskt. I høve til Fiskeridirektoratet sin behandling hadde vi i 2005 ingen frårådingssaker innan saksområde akvakultur og to frårådingar retta mot havbeite. Vi er framleis kritiske til at optimale biotopar for viktige artar blir lagt ut til havbeite for desse artene. Det svekkar naturlege populasjonar av viktige artar som hummar og kamskjel.

### **Resultatområde 05 Helse- og miljøfarlege kjemikalier**

I 2005 er arbeidet med å få avklart miljøtilstanden til dei 5 B-liste grunnforureiningslokalitetane avslutta. Alle er i Stavanger kommune.

Det er stadig aukande saksmengde innan mudre- og dumpesaker. Vert behandla så snart dei kjem inn.

Vi deltok i kontrollaksjonen som var retta mot notevaskeri og noteimpregnering. Karmsund Reiskap vart meldt til politiet for brot på forskrift. Dei hadde slept ut store mengder koppar som er brukt i impregnering av nøter, noko som er eit alvorleg miljøgiftbrot.

### **Resultatområde 06 Avfall og gjenvinning**

Vi bruker mykje tid og ressursar på dette feltet. Her er mykje pengar i omløp og aktørane i bransjen motarbeider etter vår meining det grunnleggjande prinsippet om avfallsgjenvinning. Har derfor gjennomført ein lokal aksjon, i samarbeid med Sandnes og Stavanger kommunar, retta mot mattavfall på avvegar. Ein tredel av dei kontrollerte verksemdene sorterar ikkje ut sitt mattavfall, som derfor i strid med løyva endar i sorteringsanlegg og på deponia. Aksjonen viste at aktørane ikkje har naudsynt kontroll med avfallet dei mottar. Vi så i same kontroll også etter farleg avfall, til dømes PCB-haldig avfall.

Klare brot på forskriftene og gitte løyve blir meldt til politiet og vi har nå to viktige saker til behandling. Nokre av vedtaka våre blir dessutan påklaga til SFT. Det er viktig at desse sakene blir følgt godt opp dersom ein vil ha kontroll med avfallsbransjen.

Det er stadig nye aktørar som ønskjer å ta i mot og å behandla farleg avfall.

Vi starta arbeidet med å gje nye løyve til dei avfallsdeponia som skal driva vidare etter 1.07.2009. På Nord-Jæren området vil vi ha attende eit deponi, Svåheia drifta av DIM, i Eigersund kommune. Dei andre to, Sele og Mosvatnet, skal leggjast ned. På Haugalandet er situasjonen framleis uklår med lite samarbeid mellom kommunane. Vi har tre deponi, Borgaredalen, Årabrot og Toraneset som alle har søkt om vidare drift.

Vi har kartlagt status for mottaksordningar for avfall frå skip. Plan for dette skulle vera send inn til fylkesmannen innan 1.7.05. Innan fristen fekk vi tilsend fem planar. I Rogaland manglar vi tilbakemelding frå 21 hamner. Forskrifta seier at det skal vere obligatorisk mottak av avfall i alle hamnar eit skip kommer til. Dette må skipet betala for. Opplegget er at avfall som i dag rek i land, blant anna på Jærstrendene, vil bli levert når skipet ligg til kai og ikkje vert kasta i sjøen. Det gjenstår å sjå om dette vil skje.

## **Resultatområde 07 Klimaendringar, luftforureining og støy**

Det er satt i gang arbeid med å kartleggja kva verksemd som kjem inn under IPPC-direktivet. Generelt er dette dei store innan desse aktivitetsområda; forproduksjon, meieri, slakteri, overflatebehandling, destruksjonsanlegg mm. Vi kjenner i dag til 23 slike verksemder. Status er slik: ein avventar BREF – har fått pålegg, tre nye løyve er gitt, tre er under utarbeiding, ein har søkt, tre skal søka, seks er under utredning, seks har ukjend status. Vi reknar med å halde fristen (31.10.2007) for å sikre at krava i forskrifta vert halde.

For å spare ressursar og for å ansvarlegjere lokale politikarar legg vi opp til at støysaker og støyproblem skal behandlast etter plan- og bygningslova og ikkje særskilt etter forureiningslova.

## **Resultatområde 09 Regional planlegging**

Rogaland er eit fylke med stort utbyggingspress og mange arealkonfliktar. Derfor er arbeidsfeltet sentralt for fleire avdelingar (Miljøvern, Landbruk, Forvaltning og Helse og sosial). Vi deltek i alt overordna planarbeid, i samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar. Hovuddelen av arbeidet med ny fylkesplan for Rogaland blei gjennomført i 2005, med endeleg vedtak i Rogaland fylkesting den 1. november 2005.

Plan- og enkeltsaksbehandling som truar nasjonale/viktige regionale interesser er prioritert. Verkemidla merknadar, faglege råd, motsegn og klage på ev dispensasjonar blir brukt når det er naudsynt. Det er ikkje sjeldan, sidan det ofte blir fremma planar i strid med nasjonal politikk, særleg innan strandsoneforvaltninga og jordvernet. Dette gjeld også omsynet til barn- og unge og samfunnstryggleik, og vil igjen gi uttrykk for at barnerepresentantordninga i kommunane ikkje fungerer godt nok.

Fylkesmannen har stort medvit knytt til embetsoppdragets faste oppdrag og oppdrag særskilt for 2005, men kan av ressursmangel ikkje følge opp alle like godt. Prioriteringa må vere streng. Vi merkar oss at departementet følgjer godt opp politikksignala gitt i tildelingsbrevet m.m. men konstaterer og at avgjerder i settefylkesmannsaker for ofte ikkje er i samsvar med dei sentrale politiske signala.

Vi har i 2005 registrert stor interesse for planlegging av større og mindre vindkraftanlegg i Rogaland, noko som har ført til omfattande arbeid for Fylkesmannen. Fylkesmannen i Rogaland har ved fleire høve etterlyst annonserte sentrale retningsliner for lokalisering av vindkraftanlegg, og rådd departementa (OED, MD) til å legge til grunn at fylkesdelplanar for vindkraft er eit hensiktsmessig planverkty for å oppnå ei samfunnsmessig balansert utbygging av vindkraft. Det er starta opp arbeid med fylkesdelplan for Rogaland.

Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen ein regional plankonferanse i oktober 2005 med tema helse og friluftsliv for barn og unge. 21 av 27 kommunar deltok.

### *Kommuneplanlegging*

Kommuneplanarbeidet er høgt prioritert gjennom aktiv deltaking i planprosessar, og med bruk av motsegner og faglege råd syter Fylkesmannen for at nasjonal arealpolitikk blir lagt til grunn. Vi legg her vekt på nært samarbeid med fylkeskommunen og regionale statsetatar.

Ny KU-forskrift som tok til å gjelde den 01.04.2005 har ført til relativt store endringar i arbeidet med kommuneplanar. Innføring av nye reglar, utan annonsert rettleiar, har ført til ein del vanskar m.a. når det gjeld kva krav vi skal stille til utforming av planprogram. Vi mottok 4 planprogram for høyring mot slutten av året.

Vi har i 2005 opplevd ein sjeldan aktiv periode i kommuneplanarbeidet, med heile 20 kommunar i Rogaland som var i arbeid med revisjon av kommuneplanen ved utgangen av året. Det er vanskeleg å prioritere tilstrekkelege ressursar til ein slik ekstraordinær arbeidstopp.

Det er til saman fremma heile 89 motsegner til enkeltområde/tema i samband med desse høyringane. Mye av dette blei løyst gjennom ein vidare dialog etter høyring, men omfanget av motsegner fører til at planprosessane blir ressurskrevjande. Det er vår erfaring at ein del kommunar ikkje har ein tilstykkeleg strategi for dei val som blir gjort t.d. når det gjeld hyttebygging, og overlet til Fylkesmannen å ta stilling til omfang og lokalisering.

#### *Mekling plankonfliktar*

Vi har i 2005 hatt 15 meklingar (4 i 2004), der utbygging i standsona var hovudtema i 10 av sakene. Det er framleis ein tendens til at ein stor del av plansakene frå kommunane har konfliktar i høve til sektorstyresmakter, i særleg grad med Fylkesmannen.

Alle kommuneplansaker med motsegner er løyst gjennom drøftingsmøte utan mekling, medan det truleg vil bli ein del meklingar i 2006 når det gjeld kommuneplannivået. Fleirtalet av reguleringsaker med konfliktar er løyste gjennom drøftingsmøte arrangert av Fylkesmannen.

### **09.3: Klagesaker, saksomkostninger og rettssaker**

Saksbehandlingstida i klagesakene låg 2004 på gjennomsnittleg 7 månader. Målsettinga om 3 månader saksbehandlingstid blei nådd i mai.

Statistikk for klage på reguleringsplan:

Det kom inn 74 klager (i 2004: 81)

Talet på klageavgjerder 102 (i 2004: 53):

Stadfesta:	87
Oppheva:	11
Avvist/returnert:	4
Restanse:	24 (i 2004: 51)

#### *Delingslova*

Det kom inn 2 klagesaker i 2005, ein klage på adressendringssak og ein klage på kartforretning.

Restanse 2 saker som er til uttale i Statens kartverk.

2 klager på adresseendring og ein klage på kartforretning blei stadfesta

Eit stort nytt saksfelt var i 2005 oppfølging av mellombels kartforretningar. Det blei i samband med dette sendt ut 30 brev til kommunane knyta til puringar og forlenging av fristar.

Rettsaker

Fylkesmannen var partsvitne i ei rettsak knyta til klage på byggjesak i strandsona, jf. res. område 66

## **Resultatområde 10 Kart og geodata**

MVA prioriterer høgt bruk av digitale kart og eigenskapsdata i sakshandsaming og informasjonsarbeid. Avdelinga arbeider kontinuerleg med etablering/kvalitetssikring av temadatasett og innlegging i Naturbasen. Dette er tidkrevjande arbeid der ressursane ikkje er tilstrekkelege. Styrking av spiss- og breiddekompetanse innan GIS vert gjort mellom anna ved ulike kurs (delvis kompetansegivande) for fast tilsette og løpande intern opplæring.

MVA er svært nøgd med DN si systematiske satsing på oppbygging av framtidretta geodatasystemer på naturforvaltningsområdet. Vi ventar nå at arbeidet med "Ny Vannbase" blir prioritert i 2006.

Det siste året har utviklinga av Arealis Portal Rogaland stoppa noko opp pga. manglande spisskompetanse på embetet. Arbeidet er nå godt i gong att.

Når det gjeld Naturbasen, har det vore eit problem at informasjon lagt inn tidlegare ikkje blei vidareført i ny versjon. Dette har m.a. ført til at informasjon på faktaark om viktige kulturlandskapsområde og verneverdige område ikkje lenger er tilgjengeleg for publikum på portalen. Det er svært viktig at det tilsvarande ikkje skjer når det gjeld friluftsområde. Vidareutvikling av Naturbasen må ikkje føra til tilbakeslag i publikumsinformasjonen regionalt.

## **Resultatområde 11 Tverrgående verkemiddel og fellesoppgåver**

MVA arbeider kontinuerleg med ajourføring og forbetring av Miljøstatus. I 2005 vart nye og betre nøkkeltal utvikla og publiserte.

Vi har delteke på alle dei landsomfattande tilsynsaksjonane som SFT har arrangert. Tilsyn av verksemd som har potensielt høge utslepp av miljøgifter og tungmetall, er høgt prioritert. Totalt er det brukt omlag eit årsverk på tilsyn, noko som etter SFT og vårt syn er altfor lite. SFT har ein forventning om at vi skal bruka 2,5 årsverk, men med dei ressursane vi har til rådvelde har ikkje dette vore mogleg.

## **Landbruksdepartementets sine resultatområde**

Landbruksavdelinga har hatt eit spesielt fokus på Landbruk Pluss-arbeidet i 2005. Vi har hatt aktiv oppfølging av kommunane og god dialog med næringsaktørane. Dette har skjedd gjennom strategiarbeid, partnerskap, idémyldring og prosjektarbeid. Fokus i arbeidet har vore på:

- Effektivisering og lønnsemd i volumproduksjonen
- Alternativ næringsutvikling på bygda
- Å gjera bygda attraktiv som bu- og arbeidsstad
- Langsiktig jord- og landskapsvern som grunnlag for vekst og utvikling
- Informasjon og implementering av Landbruk Pluss-politikken

### Nøkkeltal for landbruket i Rogaland

	Rogaland	I prosent av landet
Jordbruksverksemder, tal i drift	5 100	10
Skogbrukseigedommar, tal skogfondskonti	5 700	4
Jordbruksareal totalt, dekar	995 000	10
<b>Fulldyrka areal</b>	571 00	7
<b>Anna eng og innmarksbeite</b>	425 000	26
Skogbruksareal totalt, dekar	2 000 000	2
<b>Produktivt skogareal</b>	1 400 000	2
<b>Tilvekst, m<sup>3</sup></b>	400 000	2
Husdyr, stk.		
<b>Mjølkekyr</b>	48 000	18
<b>Anna storfe</b>	106 000	17
<b>Vinterfora sauer</b>	207 000	19
<b>Avlssvin</b>	25 000	25
<b>Slaktesvin</b>	365 000	25
<b>Verpehøns</b>	994 000	29
Grønsaker, tonn		
<b>Tomat</b>	9 700	87
<b>Agurk</b>	3 400	31
Tilleggsnæringar		
<b>Norsk bygdeturisme og gardsmat, medl.tal</b>	26	
<b>Inn på tunet Rogaland, medl.tal(gardsbruk)</b>	50	
<b>Bygdeservicelag, tal lag</b>	16	
<b>Gardssager, tal sagbruk</b>	45	
<b>Økologisk landbruk, tal gardsbruk</b>	51	

## Resultatområde 21: Landbruksbasert næringsutvikling

### 21.1 Jordbruk

#### Utviklinga på jordbruksområdet



Arealet av poteter og grønsaker på friland har vore relativt stabilt dei seinare åra, men ein ser ein klar tendens til konsentrasjon på færre og større dyrkarar. Dette skjer ved at større bruk har komme til, men ikkje minst ved jordleige. Produksjonen er og i stor grad regulert ved produksjonsavtalar mellom produsent og grossist, som igjen er knytt opp mot dei store matvarekjedene. Særleg innan grønsakdyrking ser vi ein tendens mot nokre få og svært store entreprenørar. I arbeidskrevjande produksjonar er det stadig meir bruk av leigehjelp, særleg av utanlandsk sesongarbeidskraft.

Tilsvarande tendensar mot stordrift har vi og i husdyrproduksjonen både på høns, gris og storfe. I mjølkeproduksjonen er det vanskeleg å få lønsemd i investeringar i driftsbygningar til under 30-40 mjølkekyr, og det er i ferd med å utvikle seg både "ekte" og "uekte" samdrifter. Marknadssituasjonen for mjølk og auka ytingar tilseier reduksjon i talet på mjølkekyr og auka satsing på rein kjøtproduksjon.

Når det gjeld geitmjølk er situasjonen i Rogaland stabil, både for mjølkemengde og tal produsentar.

Kumjølkkvotane derimot flytter seg geografisk. Sett over ein 7-årsperiode har det vore ein kvoteauke for dei mest sentrale kommunane på Jæren, ein liten eller moderat nedgang i samla kvote for kommunar som Bjerkreim, Gjesdal, Klepp, Finnøy og Vindafjord/Ølen. Bynære område og kommunar som Strand, Bokn, Karmøy har hatt ein markant reduksjon. Nedgang i tal produsentar følgjer mykje same mønster. Siste året (2004 til 2005) har Dalane auka kvotane med 2% og Jæren med 1%, medan Ryfylke har hatt ein reduksjon på 1% og Haugalandet ein nedgang på 3%.

Tal mjølkekyr har blitt redusert med om lag 12% dei siste 10 åra. Tal bruk med mjølkekyr har blitt redusert med om lag 30% i same periode. Tal mjølkekyr pr. bruk aukar med om lag 30% i denne perioden. Gjennomsnittet pr. bruk i 2004 var 20 kyr. Framover vil det i Rogaland bli færre, men større mjølkebruk.

Pr. 10.1.05 var det 254 mjølkesamdrifter i Rogaland. Dette er ein auke på 20% det siste året.

Det har i dei siste 5 åra vore ein kraftig auke i kyllingproduksjonen i Rogaland, spesielt på Jæren. Her var det nær ei dobling i tal slakta kyllingar frå 1999 til 2004. Den viktigaste grunnen er heving av konsesjonsgrensene. Tal slakta grisar aukar også, men ikkje i same grad.

Det har vore ein liten auke i tal sauer og lam. Tal bruk med sau og lam går ned. Etter omlegging av drifta, anten ved samdrift eller sal av mjølkekvote, er det ein tendens at mjølkekyrne blir erstatta av sauer/lam og ammekyr/anna storfe.

Disponering av dyrka mark er relativ stabil dei siste 10 åra. Leigejordprosenten er stigande, særleg rundt tettstadene, men i snitt for fylket er den framleis låg i landssamanheng. Vi forventar ingen dramatiske endringar i åra som kjem.

Det er eit stort press på veksthusnæringa, spesielt var 2004 vanskeleg. Veksthusnæringa er i stor grad marknadsstyrt og er svært pressa på produksjonskostnader i forhold til land vi kan samanlikne med, t.d. Nederland. Stabil produksjon, men færre produsentar. Auka forbruk skjer på import, til dømes tomat. Dette rammar Rogaland spesielt hardt.

Mange i pelsdyrnæringa har lagt om til meir miljøvennlege farmar, t.d. tett oppsamling av gjødsla og lengre takutstikk, i løpet av dei siste ti åra. Det er under oppføring fleire nye farmar, noko som kan skuldast næringa sitt aktive rekrutteringsarbeid.

Gjennomsnittsalderen for bøndene i Rogaland er 47,8 år (2004). Talet på kvinner som søker produksjonstilskot (2004) er 12,6%. Rogaland ligg i det øvre sjiktet på landsbasis.

#### *Autorisasjonsordninga for plantevernmiddel*

I 2005 fekk 955 personar fornya bevis for kjøp og bruk av plantevernmiddel, medan 207 personar fekk autorisasjon for første gong. Tilsvarande tal i 2004 var 500 og 130. Kor mange som ønskjer fornya bevis veit vi ikkje, men samla sett for 2004-2005 har vi hatt 57% fornying.

I 2006 går ytterlegare 900 autorisasjonsbevis ut på dato, noko som tilseier at i løpet av året vil 500-550 bønder og andre ta fornyingskurset for å kunne halde fram med å bruke plantevernmiddel.

I Rogaland er det i hovudsak 10 kursarrangørar fordelt over fylket som arrangerer slike kurs

## **21.2 Skogbruk**

Fylkesmannen legg til grunn at hovudoppdraget er å gjennomføre nasjonale og regionale strategiar for skogbruket i fylket. Verdiskaping gjennom heile verdikjeda har hatt størst fokus. Det er lagt stor vekt på informasjon, motiverings- og nettverksarbeid. Kommunane står her i ei særstilling, men i eit fylke med svake organisasjonar kan arbeid mot skog- og trenæringa vere like viktig.

#### *Hogst*

Avverkinga dei siste 3 åra har vore godt over snittet for dei siste ti åra med eit årleg gjennomsnittleg kvantum på 48 000 m<sup>3</sup>. For 2005 er det innrapportert hogst av 50 000 m<sup>3</sup>. Dette er ikkje langt frå rekordåret i 2004 med 52 000 m<sup>3</sup>. Hogsten av gran er stabil og utgjer heile 62 % totalkvantumet, trass i at granarealet berre utgjer 16 % av produktivt skogareal. Hogst av ved til brensel har gått noko tilbake.

Rogaland har i dag overavverking av gran, og mykje av hogsten skjer i relativt ung skog, 50–60 år. Måleresultata viser likevel at kvaliteten er fullt på høgde med gjennomsnittet for Austlandet.

Hogst i eldre plantefelt (80-90 år) viser monaleg kvalitetsauke og verditilvekst. Dette viser to ting:

- kvaliteten på grantømmeret frå Rogaland er fullt på høgde med grantømmer elles i landet
- skogreisinga med gran som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi

Prognosar viser at vi endå må vente 15–20 år i Rogaland før vi kan starte å hauste for fullt av dei store investeringane som er gjort i skogreisinga. Med stor prisspenning mellom skurtømmer og massevirke vil det vere god økonomi i å vente med hogst for å få ein større del av volumet over i betre betalte sortiment. Det vil vere ei utfordring framover å halde igjen på hogst av gran, men samstundes auka hogst og verdiskaping innan furu og lauv.

#### *Investeringar i skogkultur*

Bortfallet av tilskot til planting i 2003 førte til at planteaktiviteten i Rogaland meir eller mindre blei nulla ut, med berre 650 daa nyplanting i gjennomsnitt dei siste 3 åra. Før dette blei det i snitt planta 2500 daa årleg. Med rekordstor hogstaktivitet (50 000 m<sup>3</sup>) dei siste 3 åra er det eit stort avvik mellom snauhogd areal og tilplanta areal. Rogaland har lite skogsmark eigna for naturleg forynging. Ny kvalitetsskog basert på naturleg forynging vil ein i hovudsak kunne satse på i dei beste områda for furu (indre strok) med visse unntak. Det er difor ofte berre planting som i praksis sikrar tilfredstillande forynging. Naturleg forynging er difor ikkje noko forklaring på liten planteaktivitet i vårt fylke. Samanhengen mellom bortfallet av tilskot og låg aktivitet synest klar. Ein så liten planteaktivitet over tid vil få konsekvensar for kvalitet, produksjon og framtidige inntekter frå skogen.

Stell av ungskog har gått noko ned i 2005, frå om lag 2900 daa i 2004 til 2300 daa. Behovet er langt større, nøkternt rekna minst det firdoble. Analysar frå skogbruksplanlegginga i enkelte kommunar syner også dette. Forsømt ungskogpleie på god bonitet gir store tap ved avverking; - 20-30% redusert bruttoinntekt vil ikkje vera uvanleg på Vestlandet.

### *Skogsvegbygging*

Vegbyggingsaktiviteten er rekordlåg med berre 6,1 km ferdigstilte skogsvegar. Fordelinga mellom traktorvegar og bilvegar er omtrent 50/50. I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Sterkt reduserte fordeler ved bruk av skogavgift, i tillegg til noko kompliserte reglar for tilskot, er ei av årsakene til denne utviklinga. Men og svært avgrensa tilskotsrammer til langsiktige investeringar betyr mykje.

Ei samla tildeling på alle skogtiltak med 2,1 mill. kroner gir lite armslag. Fylkesmannen vil peika at den låge ramma for bruk av midlar til skogbruksformål avgrensar sterkt oppbygginga av eit økonomisk velfungerande skogbruk i fylket. Vi vil også hevde at samanlikna med andre fylke er tildelt ramme til Rogaland klart lågare enn grunnlaget for tildeling skulle tilseia.

Innføringa av "50 %-regelen" ved tilskot til skogsvegar, og små pengebeløp til den enkelte kommune, gjer det svært vanskeleg å realisere større og gode samarbeidsprosjekt på skogsvegar. At vi på fylkesnivå kan forfordele midlar etter behov i kommunar med større prosjekt er bra, men det hjelper lite dersom ein skal følgje 50 %-regelen slavisk. Resultatet blir fort at det blir løyvd midlar til mange mindre veganlegg. Denne tendensen ser vi i fleire kommunar. 50 %-regelen medfører i tillegg ekstraarbeid og byråkrati.

### *Korte distriktskurs for skogbruksnæringa*

Ramma til Rogaland var i 2005 på kr 70 000, og heile ramma er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne midlar som verkar som olje i eit ofte noko tregt maskineri. Vi ser tydeleg at å auke kompetansen verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane. Slik sett er kanskje desse midlane dei vi får mest igjen for i skogbruket i Rogaland.

### *Miljø- og resultatkontrollen i skogbruket*

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer bl.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Dette blir rapportert inn gjennom fagsystema. Vidare har Fylkesmannen også i 2005 gjennomført vedlikehaldskontroll av skogsvegar, og då først og fremst retta mot skogsbilvegar. Vi gjennomfører kontrollane i samarbeid med kommunen, men også miljøvernavingdelinga hos oss blir invitert.

### *Samarbeid på skog- og tresida*

Fylkesmannen samarbeider med skog- og trenæringa på ei rekkje område, bl.a. gjennom Kontaktutvalet for skogbruk. Fylkesmannen har i 2005 vore med på å utvikle Stavanger2008-prosjektet Norwegian Wood. Målet med dette prosjektet er å auke bruken av tre i urbane utbyggingsområde i Rogaland, samt å utvikle nødvendig lokal kompetanse for å byggje med tre i høgda, i Vestlandsklima, basert på tradisjonsboren materialkunnskap og lokal byggjeskikk. Fylkesmannen har teke ansvar for å mobilisere småsagbruka og Granvin Bruk, for å sikre utbyggingsprosjekta tilgong på leveransar av lokalt trevirke. Vi har også utvikla eit nettverks- og eit verdiskapingsprosjekt, retta mot Norwegian Wood, for å syta for nødvendig verdikjedeutvikling og mogleggjere industrialisering av enkeltprodukt frå småsagbruka til urbant byggjeri.

Fylkesmannen er oppteken av å betre kontakten mellom sageigarar, arkitektar og handverkarar. Som ledd i å skape kontakt mellom dei ulike aktørane arrangerte vi eit lauvtreseminar med fagutferd, i samarbeid med Foreningen Norske Lauvtrebruk. Det synest klart at Fylkesmannen har ei sentral rolle i koplinga mellom aktørane i verdikjeda skog-sag-kunde. Innovasjon Noreg Rogaland har inga utoverretta verksemd retta mot desse aktørane. Det same gjeld i stor grad for Vestskog BA. Det er heller ingen tradisjon for utstrakt kontakt mellom trearbeidande bedrifter og skog/sageigarar. Bedriftene har faste avtaler med leverandørar austover eller i utlandet, og det er vanskeleg for småsagbruka å bli ein del av deira leverandørkrins. Fylkesmannen hadde store forventningar til at Treprogrammet, og samarbeidet med Innovasjon Noreg Rogaland, skulle gi nyskaping også i Rogaland. Særleg med tanke på at fylket har:

- minst 1600 årsverk innan treforbrukande industri
- eit høgt folketal med høg byggjeaktivitet og levestandard
- ein årleg tilvekst i skogen på 400 000 m<sup>3</sup>, medan avverkinga ligg på rundt 50 000 m<sup>3</sup>
- ein eigendekning av tømmer, som råstoff, på rundt 5%
- storparten av trevare- og møbelindustrien lokalisert til distrikta, som treng arbeidsplassane
- minst 12 sagbruk med unge, aktive eigarar og nytt utstyr

Fylket slit med å vere først ute med nyskapande idear, og mistar dermed interesse hos Innovasjon. Vi har merka lite av den nasjonale satsinga i Treprogrammet. Den småskala treforedlingsindustrien i Rogaland får ikkje sjansen til å utvikle seg til eit nivå der den kan konkurrere med dei mest nyskapande prosjekta i landet. Fylkesmannen meiner difor staten bør tilpasse støtteordningane slik at også fylke med ein annan struktur og utviklingsstadium kan gjera seg nytte offentlege ordningar. Desse bør få særskilde moglegheiter til å gjennomføre nødvendige løft, for etter kvart å kunne konkurrere jambyrdes om nasjonale utviklingsmidlar til verdikjeda skog-sluttbrukar.

På bioenergiområdet har Fylkesmannen jobba mykje med mobilisering og kunnskapsformidling retta mot kommunane og enkeltaktørar i landbruket. Bioenergikunnskap er formidla gjennom foredrag på fylkessamlinga for landbruksforvaltninga retta mot kommunar og lokalpolitikarar, fagmøte for skogeigarar som ønskjer å byggje bioenergianlegg, media og fagblad for skog- og jordbruk. Oppfølging av konkrete bioenergi prosjekt i Eigersund og Ølen har også stått sentralt i dette arbeidet. Dalaneregionen (heilt sør i Rogaland) har fått midlar til å få fram og utgreie aktuelle nye bioenergi prosjekt, sjå på korleis ein kan organisere produksjon og leveransar av lokalt produsert bioenergi, og korleis ein kan organisere drifta av ein varmesentral som leverer vassboren varme frå bioenergi. Dessverre så blei ”Energi, bygg og bolig konferansen” i Stavanger, i januar 2006,

avlyst på grunn av for lita deltaking. På denne konferansen var bioenergi tema på eitt av dagsseminara – etter initiativ og programopplegg frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen ser at det er ekstra krevjande å fremje bioenergi i eit fylke der gass-satsinga står sterkt, og der store sentrale aktørar i energibransjen tek på seg utbyggingskostnadene for gassnettet. Dei same aktørane har ikkje vist liknande interesse for satsinga på bioenergi. Landbruket i Rogaland har ikkje rygg-grad til å gjennomføre ei liknande satsing på bioenergi for eiga rekning. Satsinga står og fell per dags dato på at det offentlege er positive til satsinga på fornybare energikjelder og tilbyr sikre, gode rammevilkår for oppstart og framtidig drift av bioenergianlegg/varmesentralar.

### **21.3 Bygde- og næringsutvikling**

#### *Personalressursar i omstillings- og utviklingsarbeidet*

I Rogaland har vi sett på behovet for omstilling og utvikling av nye næringar som den viktigaste utfordringa for landbruket og bygdene framover. Vi har derfor allokert monalege ressursar til dette arbeidet. Dersom vi har tilstrekkelege ressursar til å finne og foredle gode prosjekt, kan vi oppnå vesentlege endringar, jamvel om vi har lite omstillingsmidlar.

I dag har vi såleis 6,5 stillingar ved landbruksavdelinga hos Fylkesmannen som i det vesentlege arbeidar med bygdeutvikling. Ein av desse arbeider i prosjektet "Kortreist mat" som også går inn som ein viktig del av Rogaland sitt arenaprosjekt "MåltidsARENA". I tillegg til dette har vi 4 distriktskonsulentar som arbeider i kvart sitt distrikt i utkantane av Rogaland. Stillingane har sitt tilsettingsforhold hos Fylkesmannen, men finansieringa er eit spleiselag mellom kommunane (50 %), Innovasjon Noreg (25 %) og Fylkesmannen (25 %).

Denne store satsinga på personalressursar for å setja dagsorden og å sikre framdrift i konkrete utviklingsprosjekt, trur vi er svært avgjerande for eit godt resultat i bygdeutviklingsarbeidet. Statistikken viser då og at i dei regionane der vi har personar i arbeid skjer det vesentleg meir enn der alt bli overlata til kommunal forvalting.

Desse stillingane er derfor svært viktige for å oppnå større forståing og engasjement for omstilling og nytenking i dei tradisjonelle produksjonsmiljøa og for å oppretthalde levande bygder.

#### *Verkemiddelbruk i høve til strategi*

I strategien er det peika ut tre satsingsområde; Matfylket Rogaland, Næringsmiljø og Reiseliv.

#### *Matfylket Rogaland*

Fylkesmannen er og har vore svært aktivt med i fleire prosjekt som underbyggjer Matfylket Rogaland, som t.d. MåltidsARENA, Kortreist Mat-prosjektet, merkevarebygging, omstilling innan mjølk- og veksthusnæringa, ulike kurs innan vidareforedling i tillegg til etableraroppfølging. Ein vesentleg del av arbeidet er å vere pådrivar og å danne nettverk, spesielt i distrikta.

Innan vidareforedling av mjølk vil vi spesielt nemne at Fylkesmannen har vore pådrivar for at Den Blinde Ku skulle kunne produsere ost i det gamle meieriet på Sand i Suldal. Vidare er det arrangert eit ysteseminar på Voll Ysteri for inspirasjon og informasjon, i samarbeid med Navet.

Innan vidareforedling av kjøt vil vi spesielt nemne at lam frå Utstein og Tjøstheim gard fekk leveranse inn i butikk til A. Idsøe. Tema ”Kan du tjene pengar på å ha villsau” blei presentert hos landbruksavdelinga i samarbeid med Bygdeutvikling i Ytre Ryfylke og Naturforvalteren. Vidare er det arrangert ein studietur i samarbeid med Gastronomisk Institutt til Vaktelgården for tilsette ved ferskvarediskar i daglegvarehandelen og kjøkkensjefar.

Fylkesmannen tok for nokre års sidan initiativ til å produsere ferskt lammekjøt utanom sesongen. Det blei hausten 2005 importert 240 embryo av sauerasen dorset frå New Zealand. Det vil ta eit par år å byggje opp ein stamme av rasen.

Ryfylkefrukt er eit pilotprosjekt i merkevarebygging av frukt frå Ryfylke. Raud aroma blei lansert i utvalde COOP-butikkar. Dette er eit samarbeid med Ryfylkefrukt, Rennesøy tomat- og fruktpakkeri, COOP og Fylkesmannen.

Økologisk landbruk er ei særleg satsing i strategien. Fylkesmannen har med støtte frå Statens landbruksforvaltning hatt eit eige prosjekt innan økologisk landbruk. I prosjektet er det mellom anna etablert demonstrasjonsgardar, gjort registreringar på økologisk drift av kulturbeite og arrangert kurs og samlingar. Det er etablert brei kontakt med næringa, og det er gitt støtte til oppstart av eige regionlag i Oikos, Oikos Rogaland. Prosjektleiaren er sekretær for Oikos Rogaland i oppstartsfasen. Situasjonen for økologisk landbruksproduksjon er relativt uendra i Rogaland. 52 driftseiningar har godkjent økologisk landbruksproduksjon, medan 27 bedrifter var godkjent for foredling, import og omsetning av økologiske produkt. Utfordringa er å få fram økologisk landbruk som ei truverdig driftsform som kan representere eit høve for utvikling for mange bønder. Fylkesmannen har mellom anna vore med og starta eit økologisk småpotetprosjekt i 2005.

Fylkesmannen har vore ein pådrivar for og er sterkt engasjert i Agrovisjon, som er ei brei satsing med utstilling og konferanse i Stavanger. Arrangementet skal fokusere på den profesjonelle bonden og moglegheitene i landbruket framover.

I samband med hundreårsmarkeringa av Noreg som sjølvstendig nasjon, blei Mat og kulturlandskap 2005 breitt og mangfaldig markert med stort engasjement rundt om i fylket. Sentralt sto fem Streifarrangement, i tillegg til Matstreif i Oslo. Skuleprosjektet Kortreist Mat blei og vellukka med stor aktivitet på dei 12 ungdomsskulane som deltok.

### *Næringsmiljø*

Fylkesmannen har i tråd med strategien lagt ned mykje arbeid i utviklinga av næringsmiljø. Ei viktig satsing for Fylkesmannen har vore ”Næringsutvikling i og ved verna område”. Det er nyleg starta opp eit eitt-årig forprosjekt. Initiativtakar og prosjekteigar er Hjelmeland Næringsutvikling. Dette er eit samarbeid mellom 4 kommunar, Rogaland Fylkeskommune, Direktoratet for Naturforvaltning og Fylkesmannen.

Det har vore arrangert fleire møte med tema bygdeliv og bygdetrivsel som t.d. Mjølka renn til Jæren, Framtidsbygda 2020, kvinnemøte og etablerarmøte. Desse møta har vore arrangert i distrikta, med spesielt stort engasjement i Ytre Ryfylke. To nye kvinnelege faggrupper er danna og har fått BU-støtte i Dalane. Forsøksringane er drivkrafta i dette arbeidet.

I arbeidet med barn, ungdom og rekruttering har Fylkesmannen støtta RUP-prosjektet ”Ungdom i læring gir næring”. Dette er ein avleggjar etter likestillingsprosjektet i 2002 – 2004. Rogaland 4H er særleg aktiv i rekrutteringsarbeidet og er eit av dei få fylka som har

vekst i medlemstala. Rogaland 4H er ein viktig støttespillar for Fylkesmannen sitt arbeid med rekruttering og profilering av nye satsingar. Mellom anna er økologisk mat blitt fronta under den siste fylkesleiren. Måten 4H og NBU er organisert på, gjev medlemmane god styre- og leiartrening. Dette burde vise igjen i fleire kvinnelege aktørar i næringa, og i organisasjonane enn det det gjer.

Fylkesmannen har vore med og utvikla Stavanger 2008-prosjektet "Norwegian Wood". Målet er å auke bruken av tre i urbane utbyggingsområde i Rogaland, samt å utvikle kompetansen som trengs for å byggje med tre i høgda og i Vestlandsklima. Fylkesmannen har teke ansvar for å mobilisere småsagbruka og Granvin Bruk, for å sikre utbyggingsprosjekta tilgong på leveransar av lokalt trevirke.

Det er starta opp eit prosjekt innan utvikling av marknaden for juletre og pyntegrønt. Hovudmålet er å auke salet av juletre og pyntegrønt til Europa. I tillegg arbeide for å få innpass av fjelledelgran på den europeiske marknaden. Vi trur dette prosjektet vil vere eit av fleire framstøyt som kan opne opp gode og viktige salskanalar for juletre og pyntegrøntnæringa i vårt fylke.

På bioenergiområdet har Fylkesmannen jobba mykje med mobilisering og kunnskapsformidling, men også med oppfølging av konkrete bioenergi prosjekt i Eigersund og Ølen. Dalaneregionen har fått midlar til å få fram og utgreie aktuelle nye bioenergi prosjekt, sjå på korleis ein kan organisere produksjon og leveransar av lokalprodusert bioenergi, og korleis ein kan organisere drifta av ein varmesentral som leverer vassboren varme frå bioenergi.

I Rogaland er det om lag 50 tilbydarar av grønt omsorg. Fylkesmannen er aktivt med i informasjon og rettleiing til tilbydarane og kjøparane og nettverksbygging. Det er også lagt ned mykje arbeid i å leggje til rette for eit kompetansegivande høgskulekurs (GSPR) på Jæren, ein studietur til Nederland og den internasjonale konferansen "Farming for Health" i juni 2006.

Fylkesmannen har tatt initiativ til eit RUP-prosjekt *Næringsmessig satsing på hest* som ein del av omstillinga i landbruket.

Fylkesmannen har vore ein aktiv pådrivar for tilrettelegging for kraftverk. I Suldal kommune har engasjementet vore spesielt stort. Arbeidet består i å mobilisere, rettleie, lage søknader og finansieringsplanar, arrangere fagsamlingar og danne nettverk. Berre i Suldal blei det bygd for ca 60 millionar kroner i 2005. Fylkesmannen tok ansvaret med å samle inn materiale for å utarbeide malar for avtalar i samband med kraftverk. Desse malane ligg no ute på Innovasjon Noreg sine heimesider.

Eit kompetansegivande høgskulekurs innan matkultur (30 studiepoeng) vart starta opp sist haust med om lag 20 studentar. Fylkesmannen har vore med og initiert kurset i samarbeid med Høgskulen landbruk og bygdenæringar, Universitetet i Bergen, Jærmuseet og Innovasjon Noreg.

Landbruksbasert næringsutvikling med utgangspunkt i variert eigedomspolitik og bruk av ledige bygningar var tema på eit dialogseminar som Fylkesmannen arrangerte for kommunal landbruksforvaltning og næringsutvikling. Bakgrunnen for seminaret er konsekvensane av auka strukturrasjonalisering og frådeling av tun.

### *Reiseliv*

Fylkesmannen har vore aktiv i forhold til å opprette nye og vidareføre prosjekt innan reiseliv som t.d. Opplev Matfylket, Noregskampanjen, profilering/marknadsføring, Lysefjorden Utvikling og Utmarksbasert reiseliv. I tillegg har det vore arrangert tre mobiliseringsmøte knytt til Nordsjøsykkelruta i samarbeid med Innovasjon Noreg og Fylkeskommunen. Det er arrangert fleire samlingar og konferansar innan reiseliv av distriktskonsulentane. Dei har i tillegg ein god del arbeid med festivalar og etableraroppfølging.

Gjennom Opplev Matfylket arbeider destinasjonsselskapa aktivt med å profilere Rogaland. Vårt fylke har eit stort potensiale å utvikle nye reiselivsprodukt. I åra som kjem vil innsatsen på produktutvikling bli ytterlegare styrka.

Fylkesmannen har lagt ned mykje arbeid i å få på plass prosjektet "Utmarksbasert reiseliv" som er ei treårig satsing, og del av ei nasjonal satsing, for å utvikle produkt innafør verdikjedene jakt, innlandsfiske, laksefiske og andre naturbaserte opplevingar. Dette er eit RUP-prosjekt i samarbeid med Innovasjon Noreg, Rogaland Bondelag og Vestkog BA.

Fylkesmannen har delteke aktivt i utviklinga av Rogaland sin pilotprosjektsøknad til Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Prosjektet "Sogndalstrand og folket langs Dalanekysten" skal fremje vern gjennom bruk, og næringsutvikling basert på kulturminne og kulturmiljø. Fylkesmannen har arbeida for at historia til kystbonden, kulturlandskapet langs kysten, friluftsliv og grøn omsorg skal medverke til å skape nye varige verdiar for landbruket og bygdene i Dalaneregionen.

Fylkesmannen har tatt initiativ til at Rogaland Bondelag skal ta over sekretariatsfunksjonen for Norsk Bygdeturisme og Gardsmat Rogaland. Bakgrunnen er mellom anna at lokallaget valde å stå utanfor Vestlandsregionen. Lokallaget har relativt få medlemmar (25) og dei klarer ikkje å drive med rekruttering sjølve.

Rogaland har mange festivalar og desse er viktige for profilering av Matfylket Rogaland og Rogaland som reisemål. Gladmat er flaggskipet. Festivalane forsterkar fellesskapet mellom innbyggjarane, deltakarane og produsentane. Det gir høve til å vise fram nye produkt og verdien av landbruksnæringa for storsamfunnet.

### *Generelt*

Bruken av tilretteleggingsmidlane viser at Rogaland tar distriktsprofilen på alvor. Vi er merksam på at det i ein del av fylkestiltaka blir arbeidet lokalisert til dei store byane. Fylkesmannen ønskjer å gjere noko med dette mellom anna ved å setje strengare vilkår for bruken av midlane i kvar enkelt sak.

Stort engasjement på alle plan tyder på relativ stor optimisme i sjølve landbruksnæringa. I Rogaland er det mange ulike aktørar, gjerne på tvers av fagmiljø, med i samarbeidsformer både på lokalt og regionalt nivå. Dette tyder på eit stort engasjement der aktørane, både offentlege og private, verkeleg brenn for landbruksnæringa. Dette gir sterke signal til landbruksnæringa om at ho er ei særskilt viktig næring i Rogaland og som blir tatt på alvor. Vi har von om at i dei kommande åra vil landbruksnæringa i Rogaland fortsett levere goda til og vere ein berebjelke i storsamfunnet.



Fylkesmannen erfarer og at det er utfordringar i spenningsfeltet næringsutvikling og arealforvaltning. Landbruksavdelinga har sett dette på dagsorden for betre å kunne analysere og diskutere den mangesidige rollen Fylkesmannen har. Der det er planar for næringsutvikling i konfliktområde er det vesentleg at ansvarlege innan areal- og miljøforvaltning så tidleg som mogleg er med i planprosessen. Vi viser her til den konkrete saka ”Næringsutvikling i og ved verna område” og til meir generelle utbyggingssaker i strandsona.

#### *Ny strategi for landbruksbasert næringsutvikling*

Arbeidet med revidering av LNU-strategien har vore omfattande. Fylkesmannen valde i samråd med Innovasjon Noreg ei meir omfattande involvering frå ulike aktørar knyta til landbruksnæringa.

Fylkesmannen er ansvarleg for arbeidet med strategi for landbruksbasert næringsutvikling og har hatt leiaransvaret i styringsgruppa, der i tillegg Innovasjon Noreg Rogaland og Rogaland fylkeskommune har vore med.

Tankar, idéar og prioriteringar er grundig drøfta i ei ressursgruppe der også Rogaland bondelag, Rogaland bonde- og småbrukarlag og Skogeigarlaget Vest har vore med. For å få innspel frå ei ytterlegare utvida gruppe aktørar, har det vore involveringsmøte med ei rekkje aktørar innan landbruksbasert næringsutvikling, FoU-institusjonar og Kommunenes Sentralforbund.

Auka lønsemd, konkurransekraft og mangfald er stikkorda i den reviderte strategien. Fem nasjonale satsingsområda er lagt til grunn. Mat, trevirke, bioenergi, reiseliv og opplevingsproduksjon og tenesteproduksjon er dei fem satsingsområda. Hovudmålet for landbruksbasert næringsutvikling er auka lønsemd med utgangspunkt i landbruket og bygdene sine ressursar.

#### *Regionalt Utviklingsprogram (RUP)*

I 2005 har arbeidet med fylkesplanen for Rogaland 2006 –2009 stått sentralt. Denne planen skal vere sjølv fundamentet for arbeidet med utvikling av fylket dei komande åra. RUP blir då den årlege handlingsplanen for gjennomføring av fylkesplanen.

I 2005 har vi ut frå dette hatt tre ballar i lufta samstundes. For det første skulle fylkesplanen utviklast til eit framtidretta strategisk dokument for fylket. For det andre har vi i landbruksavdelinga arbeidd med å fornya vår strategi for landbruksbasert næringsutvikling for den same perioden. Og endeleg skulle vi utforme den årlege handlingsplanen for RUP 2006.

På bakgrunn av ein del innspel til forbetringar frå dei regionale utviklingsmiljøa i fylket, har det i 2005 blitt arbeida med å vidareutvikle og forbetre søknadsprosessen i Regionalt Utviklingsprogram. Fylkesmannen har i dette arbeidet hatt eit tett og konstruktivt samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Noreg Rogaland, Forskingsrådet, A-etat, regionråda og kommunane om utarbeiding. Arbeidet har vore leia av Fylkeskommunen.

Samarbeidet med Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg om utvikling av Regionalt Utviklingsprogram får stadig meir å seie for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Og ein aukande del av BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging blir år for år brukt til å få gjennomført prosjekt som er vedtekne i RUP. I stor grad er partnerskapet i RUP samde om prioriteringane av innsatsen, og det blir lagt vekt på felles finansiering av prosjekt som fleire av samarbeidspartane har interesse for. I 2005 har det vore ei klar prioritering av satsing på

mat, reiseliv og energi. Proaktiv innsats ute i ”felten” er Fylkesmannen og til dels kommunane som står for. Innovasjon Noreg Rogaland har ikkje andre personalressursar til dette enn dei medfinansierte distriktskonsulentane.

## **21.4 Verdiskapingsprogramma**

### *Matprogrammet*

Rogaland har hatt stor utteljing dei første åra i VSP-Mat. I 2005 er det ein nedgang i tilskot til tiltak i Rogaland. Noko av dette skuldast endring i strategien for programmet med mindre vekt på mobilisering og større vekt på auka marknadstilgang, merkevarebygging osv. Gjennom prosjektet Kortreist Mat er det arbeida ein del med å få fram nye spesialprodukt (Matmerk), merkevarebygging og marknadstilgang. Innovasjon Noreg, Kompetansenettverket og Fagforum for Mat og Drikke er viktige samarbeidspartar i tillegg til distriktskonsulentane våre. Viser elles til kap. 21.3.

### *Treprogrammet*

Fylket slit med å vere først ute med nyskapande idear, og mistar dermed interesse hos Innovasjon Noreg Rogaland. Denne organisasjonen har heller ingen kompetanse innanfor skog og trebruk. Vi har merka lite av den nasjonale satsinga i Treprogrammet. Den småskala treforedlingsindustrien i Rogaland får ikkje sjansen til å utvikle seg til eit nivå der den kan konkurrere med dei mest nyskapande prosjekta i landet. Fylkesmannen meiner difor staten bør tilpasse støtteordningane slik at også fylke med ein annan struktur og utviklingsstadium kan gjera seg nytte offentlege ordningar. Desse bør få særskilde moglegheiter til å gjennomføre nødvendige løft, for etter kvart å kunne konkurrere jambyrdes om nasjonale utviklingsmidlar til verdikjeda skog-sluttbrukar.

### *Bioenergiprogrammet*

På bioenergiområdet har Fylkesmannen jobba mykje med mobilisering og kunnskapsformidling retta mot kommunane og enkeltaktørar i landbruket. Bioenergikunnskap er formidla gjennom foredrag på fylkessamlinga for landbruksforvaltninga retta mot kommunar og lokalpolitikarar, fagmøte for skogeigarar som ønskjer å byggje bioenergianlegg, media og fagblad for skog- og jordbruk. Oppfølging av konkrete bioenergi prosjekt i Eigersund og Ølen har også stått sentralt i dette arbeidet. Dalanregionen (heilt sør i Rogaland) har fått midlar til å få fram og utgreie aktuelle nye bioenergi prosjekt, sjå på korleis ein kan organisere produksjon og leveransar av lokalt produsert bioenergi, og korleis ein kan organisere drifta av ein varmesentral som leverer vassboren varme frå bioenergi. Dessverre så blei ”Energi, bygg og bolig konferansen” i Stavanger, i januar 2006, avlyst på grunn av for lita deltaking. På denne konferansen var bioenergi tema på eitt av dagsseminara – etter initiativ og programopplegg frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen ser at det er ekstra krevjande å fremje bioenergi i eit fylke der gass-satsinga står sterkt, og der store sentrale aktørar i energibransjen tek på seg utbyggingskostnadene for gassnett. Dei same aktørane har ikkje vist liknande interesse for satsinga på bioenergi. Landbruket i Rogaland har ikkje rygg-grad til å gjennomføre ei liknande satsing på bioenergi for eiga rekning. Satsinga står og fell per dags dato på at det offentlege er positive til satsinga på fornybare energikjelder og tilbyr sikre, gode rammevilkår for oppstart og framtidig drift av bioenergianlegg/varmesentralar.

## Resultatområde 22: Miljøtiltak i landbruket

### *Informasjons- og utviklingstiltak*

Det to store satsingsfelt for 2005 har vore Regionalt miljøprogram og arbeid med å hindre forureining i landbruket. Totalt om lag kr 130.000,- er brukt til informasjon knytt til regionalt miljøprogram, om lag kr 50.000,- til utforming av informasjonshefte og rettleingshefte, og kr 80.000,- til gjennomføring av ulike informasjonstiltak (møter og annonse). Særleg har vi fått god tilbakemelding på informasjonsmøte som var registrert i regi av forsøksringen.

Vel 300.000 kr. er brukt til lønn for prosjektleiarane som er tilsett i partnerskapsprosjekt med kommunar og Fylkeskommunen (Aksjon Jærvassdrag) for å redusere ureining frå landbruket. Målet med stillingane er å ta direkte kontakt med grunneigarane mellom anna for å informere om tilskotsordningane i regionalt miljøprogram og tiltak mot forureining. Stillingane er ein svært viktig del i Fylkesmannen sitt arbeid for å hindre forureining frå landbruket.

Kontroll for denne ordninga vert gjort i samband med at rekneskapen vert gjennomgått ved utbetaling. For dei fleste tiltaka er det også lett å kontrollere at tiltaka er gjennomført som avtalt.

### **22.1 Kulturlandskap, biologisk mangfald m.m.**

Hovudelementa i Fylkesmannen sitt arbeid knytt til biologisk mangfald, kulturlandskap og friluftsliv er:

- Medverka til utvikling og gjennomføring av prosjekt "Lysefjorden".
- Medverke til utvikling av ein skjøtselsplan for eit stort lyngheiområde på Rennesøy. Gjennom prosjektet går fleire grunneigarar saman om å rydde, gjerde inn og ta i bruk det lyngområdet som er klassifisert som eit av Rogaland sitt mest verdifulle kulturlandskap.
- Informere om Regionalt miljøprogram. Fleire av ordningane i programmet rettar seg spesielt mot tema biologisk mangfald, kulturlandskap og friluftsliv:
- Vedlikehald av turstigar i landbruket sitt kulturlandskap
- Skjøtsel/vern av naturtypene kystlynghei, naturbeitemark, intakt låglandsmyr, kalkrike enger og slåttemark
- Skjøtsel/vern av automatisk freda kulturminne, dvs. gravfelt og gardsanlegg
- Auka tilskot (areal eller dyretilskot) til beiting/stell (for å hindre gjengroing) av spesielt verdifulle område
- Leggje til rette betre kartløysningar slik at kvar enkelt grunneigar lettare kan få oversikt over dei miljøkvalitetane (kulturlandskap, kulturminne, biologisk mangfald m.m) dei har på sin eigedom

Også i Rogaland er kulturlandskapet i endring i takt med endringane i driftsformene i landbruket. Med førebels unntak for Jæren ser vi ei tiltakande attgroing av kulturlandskapet. Fylkesmannen prøver å finne målemetodar for kor fort attgroinga føregår, men det viser seg at digitale metodar enno ikkje taklar dette. Eit kulturlandskap i forfall får konsekvensar både for fastbuande og turistnæringa. Ein del av kulturarven og identiteten blir borte når kulturlandskapet forfell.

Som nemnt også andre stader i rapporten har Landbruksavdelinga laga tilskotsordningar gjennom Regionalt miljøprogram som vil kunne vere med å hindre attgroing på eigedommar som har rett på produksjonstilskot. På alle andre eigedommar, der problemet gjerne er endå

større, er det for tida ingen gode verkemiddel. Fylkesmannen har vore i kontakt med Statens Vegvesen for å ta tak i attgroing langs dei viktigaste turistvegane i Rogaland.

## **22.2 Tiltak for å redusere forureiningar**

### *Spreietidspunkt for gjødsel*

Etter endringane i *Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav* kan kommunane no gjere vedtak om seinare frist for spreining av husdyrgjødsel utan nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikkje seinare enn 1. oktober. Landbruksavdelinga meiner at det ikkje er fagleg grunnlag for å endre fristen som fram til no har vore 1. september. Vi har difor på fagleg grunnlag motivert kommunane til ikkje å nytta seg av dette høve til å utsetja fristen. Landbruksavdelinga hevdar at det verken er agronomiske eller miljøfaglege grunnar for å ha ein seinare frist enn 1. september. Faren for forureining av vassdrag burde heller tilseie å setje ein tidlegare frist.

### *Frivillige tiltak mot ureining i landbruket*

Ved evaluering av Aksjon Jærvassdrag kom det fram at det var tiltak gjennomførte som frivillige tiltak i landbruket som hadde gitt mest effekt. Dei var også mest kostnadseffektive. Dette resulterte i eit nytt treårig prosjekt med hovudmål å halda den enkelte bonde motivert og aktiv for å komma vidare i arbeidet for reinare vassdrag på Jæren. Kostnadene er fordelte på fylkeskommunen, kommunane i området og Fylkesmannen.

Det meste av ressursane i prosjektet går til følgjande tiltak:

- Orienterere om regelverket omkring ureining
- Stoppe konkrete utslepp til vassdrag
- Orienterere om regionalt miljøprogram
- Motivere for nødvendige investeringar/driftsomlegging for å redusere ureininga

Arbeidet skjer tett opp mot kommunane, men på ein slik måte at bonden opplever prosjektet som ein medspelar.

## **22.3 Miljøprogram og miljøplan**


### *Regionalt miljøprogram*

I budsjettet for fordeling av midlar blei dei ulike ordningane delt inn i fire hovudgrupper:

- tiltak for å hindre gjengroing med 7,4 mill kr.
- tiltak for å ta vare på spesielle kulturlandskapselement med 2,1 mill kr.
- tiltak for å hindre arealavrenning frå jordbruket med 2 mill kr.
- andre miljøtiltak – inkludert tilskot til turstigar, avfallshandtering og ugraskontroll med 7,3 mill kr.

Ved utforming av Regionalt miljøprogram blei det ikkje gitt noko målsetjing om korleis midlane skulle fordelast mellom dei ulike regionane og mellom kommunane. Utfordringane knyta til gjengroing er størst i Ryfylke, deler av Haugalandet og Dalane. Ordninga retta mot forureining var i stor grad venta å skulle gå til Jæren. Også ordninga med turstigar var venta å bli mest nytta på Jæren.

Figuren viser tilskot til dei ulike regionar fordelt på tema.



For å sjå nærare på korleis ordninga fungerer i praksis, har Fylkesmannen vore med når kommunen har hatt stikkprøvekontrollar. Totalt har vi besøkt 7 kommunar og 19 søkjarar. Vi har i møte med søkjarane hatt god dialog om korleis ordninga fungerer og korleis ho kan utviklast vidare.

Når det gjeld tilskot til avfallshandsaming og ugraskontroll har det vore drøfting om kva som må til for å stetta vilkår for tilskot. Til dømes om kva som kan reknast som ryddig tun. Langt dei fleste er positiv til ordninga, men det er og nokre som stiller spørsmål om offentleg forvaltning har andre motiv for denne kontrollen nær gardshusa.

I høve til tilskot til vedlikehald av synlege, automatisk freda kulturminne merka vi oss at haldninga til kulturminna var i ferd med å endrast i meir positiv retning. Vi møtte fleire søkjarar som no var synleg stolte over dei kulturminneverdiane som til dømes hustuftene og gravhaugane representerte på garden.

Erfaringane som er hausta gjennom å ha vore med kommunen på kontrollbesøk er til god nytte ved evaluering og vidareutvikling av ordninga.

## 22.4 Økologisk landbruk

Situasjonen for økologisk landbruksproduksjon er relativt uendra i Rogaland. 52 driftseiningar har godkjent økologisk landbruksproduksjon, medan 27 bedrifter var godkjent for foredling, import og omsetning av økologiske produkt. Utfordringa er å få fram økologisk landbruk som ei truverdige driftsform som kan representere framgang og vekst for mange bønder.

I 2005 var det nokre tilbakemeldingar frå bønder som vil leggje om, men det er vår oppfatning at mange framleis "sit på gjerdet". Vi vonar no at nye og meir stabile rammevilkår for mellom anna økologisk mjølkeproduksjon vil gjere at utviklinga skyt fart. Fylkesmannen, landbruksavdelinga har med støtte frå Statens landbruksforvaltning hatt eit eige prosjekt innan økologisk landbruk. I prosjektet er det mellom anna etablert demonstrasjonsgardar, gjort registreringar på økologisk drift av kulturbeite og arrangert kurs og samlingar. Det er etablert

brei kontakt med næringa, og det er gitt støtte til oppstart av eige regionlag i Oikos, Oikos Rogaland. Prosjektleder er sekretær for Oikos Rogaland i oppstartsfasen.

Fylkesmannen, landbruksavdelinga har utarbeida handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland. Planen er frå 2003 og skal gjennomgå ei omfattande revidering i 2006. Det vil bli tatt kontakt med dei mest sentrale aktørane i fylket for å på ny kartleggje sentrale utfordringar for større produksjon og omsetnad av økologisk mat.

Arbeidet med økologisk landbruk på landbruksavdelinga har i 2005 vore ivaretatt av prosjektleder i 100 % stilling. Frå januar 2006 blir arbeidet forankra i to av "laga" på avdelinga: Bygdeutviklingslaget og Landbruk pluss-laget. I tillegg er det oppretta eit tverrfagleg "firkløver" med fire personar som skal ha ansvar for økologisk landbruk. Prosjektleder vil halde fram i 80 % stilling på økologisk landbruk.

## **22.5 Tre og miljø**

Vi viser her i det alt vesentlege til rapporteringa under 21.1, 21.3 og 21.4. Bruk av lokalt trevirke er aukande, men held ikkje tritt med tilvekstauken. Offentlege ordningar inkludert Treprogrammet synest ikkje å vera tilpassa eit småskala skogbruk slik vi har på Vestlandet. Det er i tillegg minimalt med kompetanse på dette fagfeltet i Rogaland. Lokalt produsert bioenergi er under hardt press og konkurranse dels frå andre energiberarar som gass og elektrisitet (konesjonskraft) og dels frå stor import av ved.

## **Resultatområde 23: Ressurs- og eigedomspolitik**

### **23.1 Samfunnsplanlegging**

#### *Sikre landbruket sine arealinteresser*

Landbruksavdelinga prioriterer arbeidet med kommune- og fylkesplanar høgt. I kommuneplanarbeidet er avdelinga med på oppstartsmøte og er tungt involvert i Fylkesmannen si behandling av planane i høyrings- og eventuelt meklingsfasen. I 2005 var det behandlinga av kommuneplanar for Stavanger og Haugesund som kravde engasjement i forholdet mellom byvekst og vern av viktige landbruksinteresser. Også i samband med tettstadene innafør sentrale jordbruksområde på Jæren er det sterke behov for meir jordbruksjord til utbyggingsformål. Sjølv om omdisponeringa i all hovudsak skjer i samsvar med *Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren*, er det med uro vi registrerer at arealreservane som i planen er gitt i eit 40-års perspektiv, alt få år etter at planen blei godkjent er i ferd med å ta slutt.

Landbruksavdelinga har også i 2005 vore aktivt med i arbeidet med *Fylkesdelplan for motorsportsenter på Nord-Jæren* og *Fylkesdelplan for grus- og pukk på Jæren*. Også i større utgreiingar knyta til areal- og transportløysningar har avdelinga vore representert, bl.a. i arealkrevjande prosjekt som Solasplitten og ny brukryssing over Gandsfjord.

I samsvar med avtalen om *Den regionale dialog* (avtale mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen om fordeling av plan- og enkeltsaksbehandling) har Landbruksavdelinga ansvar for alle dispensasjonssaker i LNF-områda utanfor 100-metersbeltet frå sjø. Vi ser her at auken frå tidlegare år held fram med same tyngde, og i 2005 blei det behandla 269 slike dispensasjonssaker mot 177 året før. Fylkesmannen ser med stor uro på det stadig aukande talet på dispensasjonar - som over tid kan gi store konsekvensar for ei framtidig, lønnsam

landbruksdrift i fylket. Fylkesmannen arbeider, med støtte frå Landbruks- og matdepartementet og Rogaland fylkeskommune, med eit prosjekt som skal analysere verknadene av slike spreidde tiltak innanfor kjerneområda for landbruk på Jæren, jf. nærare omtale nedanfor.

#### *Landbruksplanar*

Ein kommune, Gjesdal, la fram forslag til landbruksplan i 2005. 18 av 26 kommunar i Rogaland har dermed landbruksplanar. Kommunane har stor fridom i forhold til den form og innhald slik planar skal ha. Det blir ofte lagt ned mykje arbeid i statusdelen, og slik sett har planane ein eigenverdi som informasjonsdokument. Planane er gjennomgåande svakare i mål og tiltaksdelen. Fylkesmannen har ved fleire høve invitert til ein tettare dialog om landbruksplanar, og vi har særleg lagt vekt på behovet for ei tydeleg kartlegging av kjerneområde for landbruk, og at dette blir gjort slik at avgrensinga kan knytast opp til kommuneplanen sin arealdel.

#### *Prosjekt spreidde tiltak i kjerneområde for landbruk på Jæren*

Seks kommunar, Randaberg, Sola, Sandnes, Klepp, Time og Hå, er invitert til å ta del i dette prosjektet. Prosjektet skal kartleggje ulike typar dispensasjonar i LNF-områda til formål utanfor landbruksnæringa, og sjå på den verknaden slike tiltak over tid har fått for landbruket. I prosjektet blir det også reist spørsmål om bruk av ledige driftsbygningar og kva for krav og utsikter som kan finnast for næringslivsutvikling på landbrukets premisser.

#### *Bruk og nytte av geodata i embetet – Geovekstsamarbeidet og Noreg Digitalt*

Det er framleis landbruksavdelinga, miljøvernavdeling og til dels forvaltningsavdelinga som er storbrukarar av geodata i embetet. Tilnærma lik tilgang på geodata i embetet gjer bruk av slike data meir rasjonelt og effektivt. Vi ser at kvaliteten på planar og saksbehandlinga aukar ved bruk av geodata. Samstundes vil ressursbruken i saksbehandlinga gå ned, bl.a. ved at talet på synfaringar kan reduserast.

Etter kvart som digitale geodata kjem i bruk i fleire sakstypar, blir det også tydeleg at behovet for detaljerte kartdata aukar. Like eins er det avgjerande at embetet har kompetanse til å sambruka databasar frå t.d. produksjonstilskotsystemet og SKAS med tilgjengelege geodata. Fylkesmannen i Rogaland har i 2005 gode eksempel på slik samordning ved assistanse overfor Mattilsynet.

Grunna vakansar og permisjonar ved embetet har arbeidet med implementering og opplæring innan geodata hatt liten framgang i 2005.

Fylkesmannen har hatt sekretariatsansvaret for Arealis og har tatt offensivt tak i arbeidet med Noreg Digitalt. Det er danna eit interimstyret med sikte på å slå saman samarbeidsgruppa for Geovekst og styringsgruppa for Arealis – til Noreg Digitalt Rogaland. Trass i små ressursar i 2005 ser dette arbeidet ut til å lukkast. Fleire nye kommunar og andre ønskjer å bli medlemmer. Ikkje minst ser mange nytten av å bli med i "Arealis Portal Rogaland".

Også i 2005 har landbruksparten deltatt i alle aktuelle Geovekstprosjekt i Rogaland. Geovekst vil i tida framover først og fremst handla om forbetnings- og vedlikehaldsprosjekt. Vi har no røynsle for at slike prosjekt i praksis liknar til forveksling nykartlegging.

Det er framleis slik at produksjonen av nye eller ajourførte kartdata i Rogaland er større enn den løyvinga vi får frå NIJOS. Landbruksparten får difor ofte den utaknemmelege oppgåva å prøve å halde att eller utsetje prosjekt eit år for å få økonomien til å gå opp.

### **23.2 Eigedomspolitik**

Rapport på dette området går til Statens landbruksforvaltning, jf. tildelingsbrevet.

### **23.3 Jord- og landskapsressursar**

I kommunikasjonen med kommunane blir det lagt vekt på nasjonale målsetjingar om at den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast, og spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumentert og ha fått ei særskilt forvaltning innan 2010, jf. St.meld.nr.21 (2004-2005). Særleg i kommuneplanarbeidet påpeikast behovet for at det beste jordbruks- og kulturlandskapet blir vist som kjerneområde for landbruk.

Grensene mellom tettstadsutvikling og landbruk blir på den måten avklart, og det er Fylkesmannen si erfaring at dette i stor grad blir respektert i forhold til større utbyggingsplanar. I så måte har også godkjent *Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren* den ønska effekten. Den same respekten for overordna føringar og planar er langt mindre når det gjeld enkeltvis tiltak i LNF-områda.

Talet på søknader om dispensasjon frå kommuneplanen i desse områda har auka sterkt i 2005. I 2004 gav Fylkesmannen uttale til 166 søknader om dispensasjon, medan det i 2005 var 269 slike saker. I 2004 blei 7 påklaga av Fylkesmannen, medan 22 blei påklaga i 2005.

Over tid og i sum representerer desse enkeltsøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike.

Fylkesmannen har etter føresegnene i Plan- og bygningsloven eit sjølvstendig ansvar for uttalar og har dessutan motsegnrett til kommuneplanar og reguleringsplanar. Parallelt med dette blir kommuneplanar, og i nødvendig grad reguleringsplanar, også lagt fram for Fylkeslandbruksstyret for behandling. Forslag til motsegn som ikkje når fram i Fylkeslandbruksstyret, vil då likevel kunne bli fremja av Fylkesmannen, men då med forankring i ei overordna arealplanfagleg grunngjeving, i tillegg til ein landbruksfagleg og utvida miljøfagleg (jordvern som miljøtema) argumentasjon.

Tilsvarande prosedyre gjeld for dispensasjonssaker etter plan- og bygningsloven, og der Fylkesmannen har fremja klage. Slike klager blir lagde fram for fylkeslandbruksstyret i etterkant for vurdering av den del av klaga som ligg innanfor fylkeslandbruksstyret sitt kompetanseområde. Dvs. vurderingar av reine landbruksmessige konsekvensar ved tiltaket. I 2005 har fylkeslandbruksstyret i 9 av 16 klagesaker meint at det ikkje er landbruksfaglege moment for å påklage kommunen sitt vedtak om å gi dispensasjon. Spørsmålet er her om fylkeslandbruksstyret sitt vedtak, der styret meiner at det ikkje er tilstrekkelege landbruksfaglege moment for klage, medfører at Fylkesmannen må trekkje sin klage. Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet fekk hausten 2005 tilsendt dette spørsmålet med oppmoding om ei prinsipiell avklaring.

## **Resultatområde 24. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak**



## **24.1 Tilskotforvaltning**

### *Produksjonstilskot*

WESPA "Web-søknader og Saksbehandling for Produksjonstilskot og tilskot til Avløyning ved ferie og fritid"

Tal frå søknadsomgangen januar 2005 viser at det var 22,2% av søkjarane i Rogaland som søkte via WESPA. Fylkesmannen hadde som mål at Rogaland skulle bli best i landet med flest søkjarar via WESPA på Internett i søknadsomgangen august 2005. Det blei gjort fleire tiltak for å auka oppslutninga om bruk av Wespa. Det blei spesielt bruka ressursar på dei største kommunane for å auka søknadsprosenten på veven. I tillegg til artikkel i Bondevennen blei det gjeve premiering til ein uttrekt bonde samt premiering til den kommunen som hadde størst prosentvis auke av søknadar via Internett. Resultatet for søknadsomgangen august 2005 blei 30,8% av søknadene på Internett, og i samanlikning med resten av landet gav dette størst oppslutnad på veven.

Vi har i samband med søknadsomgangen januar 2005 vore med nokre av kommunane på stikkprøvekontroll av produksjonstilskot. Ut frå den erfaring som er hausta ved besøka ser vi at det framleis er viktig å vere med når kommunane har stikkprøvekontrollar.

Fylkesmannen organiserer kurs i tilskotsforvaltning for kommunane i samband med søknadsomgangen av produksjonstilskot i februar og i august. Det er stor interesse frå kommunane og veldig god dialog mellom Fylkesmannen og kommunane.

### *RMP – Regionalt miljøprogram*

Totalt er det registrert 2 300 søknader for 2005. Det viste seg å vere effektivt å ha ein søknadsdato for RMP-tilskot som var seinare enn søknadsfrist for produksjonstilskot. Registreringa gjekk bra og var ferdig før fristen. Kommunane er positive til ordninga og har jamt over gjort ein stor innsats. Fylkesmannen har vore på kontroll-besøk i 7 kommunar og hos 19 søkjarar.

### *Velferdsordninga*

I 2005 blei det behandla og registrert 1037 søknadar om avløysartilskot ved sjukdom mv. Tal behandla dispensasjonsakar er 25. Det blei vidare behandla 23 søknader om tidligpensjon for jordbrukarar. Det var 20 søknadar om einbrukarpensjon som blei innvilga, og to som var avslått. Også éin tobrukarpensjon blei innvilga.

Vi har hatt tilsyn som gjeld kommunane si sakshandsaming av ordninga tilskot til avløyning ved sjukdom. For 2005 var dette i Gjesdal, Eigersund og Sokndal kommunar.

## **Resultatområde 25. Kommunane som landbrukspolitiske aktørar**

### **25.1 Kompetansesenter**

Landbruksavdelinga bruker mykje ressursar på å vere kompetansesenter for kommunane og andre målgrupper. Kvart år blir det utarbeidd eit eige kompetanseprogram for kommunane med tilbod om ulike kurs, seminar, møte og samlingar.

I 2005 sette vi saman ei eiga gruppe med representantar frå Landbruksavdelinga og kommunane for å kome med forslag til tema som var aktuelt for kommunane å få informasjon om. Dette var svært nyttig med tanke på kompetanseprogrammet for 2006.

Den største enkeltsamlinga er den årlege fylkessamlinga over to dagar for landbruksforvaltninga i Rogaland. I 2005 blei det elles arrangert kring 60 ulike kurs, seminar og møte der kommunane og/eller næringa var målgruppe. Fagleg spenner desse arrangementa over det meste av dei fagområda landbruksavdelinga har ansvar for. I tillegg kjem alle møta med enkeltkommunar og enkeltaktørar blant bønder/skogeigarar og organisasjonar i løpet av året.

Fylkesmannen opplever stor etterspørsel etter informasjon og kompetanse på dei fleste fagfelt. Men kravet til fagleg kvalitet, både i innhald og kommunikasjon er aukande, og strammare økonomiske rammer i avdelinga gjer dette til ei stadig større utfordring. Kommunane spør, i tillegg til oversiktskompetanse, etter spisskompetanse på det enkelte fagfeltet.

## **25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane**

Fylkesmannen er svært opptatt av å ha ein god dialog med kommunane. Dialogen omfattar politisk og administrativ leiing så vel som areal- og landbruksforvaltning. Faste tiltak er som nemnt ovafor, ei ”fylkessamling” kor kommunal landbruksforvaltning og kommunale og fylkeskommunale politikarar er målgruppe. Tema i 2005 var Framtidsbygda 2020, omstillingsbehovet i landbruket, framtid på bygda m.m., og det møtte kring 120 deltakarar.

I tillegg arrangerer landbruksavdelinga to ”dialogseminar” pr. år for jordbruks- og skogbruksansvarlege i kommunane. Målet med desse seminarane er å utveksle erfaringar om ulike tema. I 2005 hadde vi bl.a. oppe temaet ”Alternativ næringsutvikling, bruk av ledige bygningar og arealforvaltning”.

Hausten 2005 starta landbruksavdelinga ein ny runde kommunebesøk der hovudtema er kommunen si rolle som landbrukspolitisk aktør. På møta drøftar vi erfaringar kommunen har gjort seg med overføringa av oppgåvene i 2004. Faste emne på desse møta er arealforvaltning, strategiske planar (landbruksplan, regionalt miljøprogram og strategi for bruk av SMIL- og NMSK-midlene) og landbruksbasert næringsutvikling. Målet er å besøke ein kommune annakvar veke.

Vi har ikkje fått til samarbeid med Kommunenes Sentralforbund som planlagt, men dette er eit mål i 2006. Innovasjon Noreg Rogaland (INR) har lite ressursar til arbeid mot kommunar og landbruksnæringa, men INR arrangerer kvart år ei dagsamling for kommunal landbruksforvaltning – med jamt godt oppmøte. INR deltar også iblant med innlegg på kurs arrangert av Fylkesmannen.

Som ei kort oversikt over det kommuneretta arbeidet kan nemnast:

- Fylkesmannens besøksrunde i enkeltkommunar - minst ein gong i valperioden
- Fylkesmannens årlege møte med ordførarar og rådmenn
- Årlege oppgåvebrev – sjekklister og dialog
- Landbruksavdelinga sin besøksrunde i enkeltkommunar, 2./3. kvart år
- Årleg fylkessamling for landbruksforvaltninga, over to dagar
- Årleg kompetanseprogram – kurs, konferansar, seminar, samlingar
- Kurs for nyttilsette i kommunal landbruksforvaltning

- Bruk av heimesida – ”Kommuneporten”
- Regionale kurs for kommunale landbrukspolitikarar etter kvar val
- Informasjonsmøte i enkeltkommunar – med tema etter ønske og behov
- Dagleg konsulentverksemd på telefon og e-post
- Brosjyre – ”Kommunen og landbruket”

### **25.3 Miljøverkemidlane i jordbruket og dei økonomiske verkemidlane i skogbruket**

#### *Oppgåveoverføring til kommunane*

Oppgåveoverføringa til kommunane frå 01.01.2004 har resultert i større lokalt engasjement og betre synleggjering av landbruksnæringa i mange kommunar. Tilbakemelding frå fleire kommunar er likevel at effektiviteten i forvaltninga blir nedsett, fordi ein engasjerer eit stort apparat for relativt avgrensa tilskotsrammer.

Det er eit ønskje frå fleire kommunar at vi gir opplysningar om fordelinga mellom jord og skog. Vi har hittil med vilje tildelt midlane i ein felles pott, slik at kommunane blir tvunga til å ta dei nødvendige prioriteringane. Elles går denne samordninga rimeleg bra i dei fleste kommunar.

Dei fleste kommunane har utarbeida 4-årige tiltaksstrategiar (26 av 27 kommunar), der dei aller fleste av desse er godkjent av eit politisk organ i kommunen. Fylkesmannen har hatt ein grundig gjennomgang av alle strategiane og gitt konkrete attendemeldingar til kvar enkelt kommune.

Vi signaliserte tidleg til kommunane at gode tiltaksstrategiar skulle premierast med ein større del av potten. Gode tiltaksstrategiar, areal (jord og skog), tal aktive bønder og produksjonsvolum er hovudgrunnlaget for fordelinga av midlane. Enkelte kommunar fekk god utteljing på grunnlag av godt utarbeida strategiar, og fleire gode prosjekt. I tillegg har Fylkesmannen lagt vekt på å premiere dei kommunane som vi meiner gjer ein innsats ut over det vanlege for å nå dei målsetjingane strategien legg opp til. For at enkeltkommunar skal kunne gjennomføre større og gode prosjektsatsingar, har vi gjennom tildelinga gitt desse ein større del av potten.

Kvalitetsforskjellane på tiltaksstrategiane er store. Vi hadde forventa at kommunane med dei dårlegaste tiltaksstrategiane, på bakgrunn av tilbakemeldingar på innhaldet i tiltaksstrategiane frå Fylkesmannen, hadde gjort meir for å rette opp inntrykket. Så langt har dei kommunane som kom dårlegast ut, gjort lite for å heve kvalitet og innhald på sine tiltaksstrategiar.

#### *Skogkompetanse i kommunane*

Vi ser ein klar tendens til at kommunane reduserer sin forvaltningsinnsats på skogområdet gjennom stadig mindre stillingsbrøkar. Etter bortfallet av kompetansekravet registrerer vi også at fleire tilsette personar utan formell skogkompetanse. Brøkstillingar på 20 – 30% i enkelte kommunar viser seg å gi liten effekt. Utviklinga ser ikkje ut til å snu sjølv om kommunane har fått overført meir ansvar og oppgåver på skogområdet. Berre siste året ser vi at vår største skogkommune reduserer sin innsats kraftig, i tillegg til andre kommunar som prioriterer andre oppgåver. Fleire kommunar har no så liten ressursinnsats på fagfeltet skogbruk at det blir lite tid til proaktivt arbeid på næringsutvikling og verdiskaping med basis i skogressursane. Dette syner dessverre tydeleg att i reduserte investeringar og mindre satsing på kvalitetsskog.

### *Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)*

Gjennom SMIL-ordninga er det i løpet av 2005 løyvd saker på til saman 10 879 850 kroner. Av desse er om lag 8,13 mill kroner løyvd på kulturlandskapstiltak (tidlegare STILK) og 2,24 mill. kroner til miljøtiltak (tidlegare IMT, spesielt fangdammar og miljøplantingar). Til planleggingstiltak (tilsvarande den gamle områdetiltaksordninga) er det løyvd kr 426.929,- og til investeringstiltak til organisert beitebruk er det brukt kr 83.818.

Fylkesmannen i Rogaland fekk for 2004 tildelt 8,8 millionar kroner. Årsaka til at vi har brukt om lag 2 millionar meir enn det som var tildelt, skuldast at det i løpet av 2004 vart trekt inn om lag 3 millionar frå gamle saker. Det meste av dette vart delt ut igjen til kommunane etter søknad.

I løpet av 2005 vart det løyvd 10 saker på til saman om lag kr 100.000,- til tetting av gjødsellager, fjerning av gamal steintipp ol. Fylkesmannen meiner denne type tiltak ligg heilt i grensa av kva som kan reknast som ”tiltak utover vanleg landbruksdrift” og få tilskot gjennom SMIL-ordninga. Fylkesmannen vil i løpet av våren 2006 ta initiativ til eit møte med kommunane for å verte samde om slike tiltak kan få tilskot gjennom SMIL-ordninga eller ikkje.

### *Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK)*

Overføring av avgjerdsrett til kommunen har i dei aller fleste kommunar ført til auka engasjement for arbeid med miljø- og kulturlandskap. Fleire delar av kommunen ser ut til å ha eit aktivt forhold til ordninga og kommunen er flinkare til å informere om ordninga enn tidlegare. Dette viser igjen ved at tal søknadar stadig aukar. I 2003 vart det løyvd midlar til totalt 114 STILK-saker, i 2004 var talet auka til 164, og i 2005 har det vore løyvd midlar til heile 228 saker under gamle STILK-tema. Sjå meir om dette i tabell 2.

Det har tidligare år vore relativt liten søknad om støtte til biologisk mangfald/gamal kulturmark og til tilrettelegging for ferdsel i Rogaland. Fylkesmannen har derfor arbeidd for å auka interessa for desse tema. Dette var også signalisert i brev til kommunane om utarbeiding av strategi. I 2004 var det ei vesentlig auka i saker som gjeld tilrettelegging for ferdsel, og tilsvarende reduksjon i restaurering av kulturminne. I 2005 ser vi det har vore nesten ei fordobling av midlar som er brukt til biologisk mangfald/gamal kulturmark. At det no ser ut til å vere auka satsing på desse tema, er turleg ein konsekvens av at for mange område vert gitt tilskot til årleg skjøtsel etter at ryddearbeidet er ferdig gjennom Regionalt miljøprogram.

### *Nærings- og miljøtiltak i skogbruket*

For 2005 fekk Rogaland 2,75 mill. kroner til nærings- og miljøtiltak i skog, inkludert 0,65 mill. kroner til skogbruksplanlegging. Heile tildelinga er løyvd ut, og løyvingane på dei ulike ordningane ser slik ut for 2004:

<b>Ramme</b>	<b>2 750 000 kr</b>
Skogbruksplan	650 000 kr
Skogsvegbygging	1 121 090 kr
Skogkultur	652 702 kr
Andre tiltak i skogbruket	164 491 kr
Taubane og hest	107 706 kr
Førstegangstynning	37 340 kr
Miljøtiltak i skog	9 030 kr

<b>Sum</b>	<b>2 742 359 kr</b>
<b>Rest</b>	<b>7 641 kr</b>

Fylkesmannen vil peika at den låge ramma for bruk av midlar til skogbruksformål avgrensar sterkt oppbygginga av eit økonomisk velfungerande skogbruk i fylket. Vi vil også hevda at samanlikna med andre fylke er tildelt ramme til Rogaland klart lågare enn grunnlaget for tildeling skulle tilseia.

Vi viser elles til fyldig rapport på dei enkelte ordningane for skogbruk som er sendt Statens landbruksforvaltning.

## **Utdannings- og forskingsdepartementet sine resultatområde**

### **Resultatområde 31.1 Tilsyn**

#### *Tilsyn med fylkeskommunen og kommunar*

Utdanningsavdelinga har i 2005 gjennomført tilsyn med fokus på fylkeskommunen si plikt til å sørge for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i sosiale institusjonar etter barnevernlova, jf. oppl.l. § 13-2. Tilsynet omfatta 5 institusjonar og administrasjonen i fylkeskommunen.

Det har vidare vore gjennomført tilsyn med følgjande emne:

- Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og spesialundervisning i grunnskolen, jf. kap. 5 og § 1-2, 5. ledd, i opplæringslova, i fem kommunar
- Kommunen si plikt til å ha eit forsvarlig system for å vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte, og eit forsvarlig system for å følge opp resultatane frå disse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar, jf. § 13-10 om ansvarsomfang, i tre av desse kommunane
- Kommunen si plikt til å halde lovføresegn i opplæringslova § 8-2 om organisering av elevane i grupper, i to av kommunane. I tillegg er fire skolar kontrollerte spesielt med omsyn til opplæringslova § 8-2. Kontrollen vart gjort med utgangspunkt i data tilsende frå Utdanningsdirektoratet, Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) og telefonsamtalar med impliserte partar.

#### *Tilsyn med friskolar*

Utdanningsavdelinga har i 2005 hatt tilsyn med 13 friskolar. Fem av desse tilsyna galdt lokale og utstyr, jf. friskolelova § 2-4. Dei resterande 8 tilsynsbesøka er gjennomførte på fem grunnskolar, ein vidaregåande skole og to Steinerskolar. Fokusområde for desse tilsyna har vore §§ 3-6 og 5-2 i friskolelova.

#### *Omfang og resultat etter tilsyna*

Generelt gjeld avvik, merknader og pålegg gitt i medhald av kap.5 og § 1-2 i opplæringslova og § 3-6 i friskolelova behov for å betre forvaltningsrutinane knytte til enkeltvedtak. Det er også peika på utfordringar knytte til sakkunnig tilråding, arbeid med planar og utforming av IOP.

Tilsyn etter § 13-10 i opplæringslova og § 5-2 i friskolelova har avdekt at fylkeskommunen/kommunane/friskolane ikkje har på plass eit forsvarleg system for å vurdere eigen kvalitet.

Det er ikkje funne avvik knytte til § 8-2 i opplæringslova. Ved kontrollen av dei fire skolane fann Fylkesmannen feil i delar av talgrunnlaget. Det var dermed ikkje grunnlag for å gjere grundigare undersøkingar med omsyn til mistanke om brot på Stortinget si føresetnad om at reglane for gruppedeling ikkje skal brukast som sparetiltak.

#### *Oppfølging:*

Der det er funne avvik eller gitt pålegg, har fylkeskommunen/kommunane/friskolane fått ein frist til å melde frå til Fylkesmannen om korleis forholda vil bli retta. Slik tilbakemelding er gjort skriftleg innan fristen. Ein kommune har bede om utsetjing av fristen.

### **31.2 Klagebehandling**

#### *Klager som galdt spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning*

Fylkesmannen mottok i 2005 45 klagesaker som galdt enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. Klagen kom frå 10 av kommunane og frå fylkeskommunen.

18 av klagen galdt vedtak for barn under opplæringspliktig alder, 26 galdt elevar i grunnskolen og 1 galdt elev i vidaregåande opplæring.

Hovuddelen av klagen kom inn til Fylkesmannen i løpet av hausten. 21 av klagen kom frå same kommunen, 9 for elevar i grunnskolen og 12 for barn under opplæringspliktig alder.

I 6 av klagesakene vart dei kommunale vedtaka oppheva og sakene sende tilbake for ny behandling. Klagarane fekk heilt eller delvis medhald i 8 saker medan det ikkje vart gitt medhald i 28 saker. 1 klage vart returnert til kommunen for ny behandling på grunn av mangelfull saksbehandling og ny informasjon i saka. I 1 klage var det ikkje avklart kvar opplæringstilbodet skulle bli gitt. Sidan dette er ei sentral opplysning ved behandling av slike klager, vart saka returnert til kommunen for slik avklaring. 1 klage var send direkte til Fylkesmannen, og vart oversend til kommunen for behandling der.

#### *Klager som galdt skoleskyss*

Vi behandla 8 klager på avslag på søknad om fri skoleskyss for 2005. I 1 av klagen vart kommunen sitt vedtak oppheva og saka send tilbake til kommunen for ny behandling. 7 klager fekk avslag.

#### *Klager som galdt framskoten/utsett skolestart*

Vi behandla 5 klager som galdt utsett/framskoten skolestart. 4 fekk avslag og 1 er oppheva.

#### *Klager som galdt skoleplasseringsvedtak*

Det vart behandla 18 klager på skoleplasseringsvedtak i 2005. 10 var frå Stavanger kommune og 8 frå Sandnes kommune. Ingen fekk medhald. Klageårsak var at elevar ikkje hadde fått plass på den geografisk næraste skolen, men var plasserte på naboskolen. Grunngevinga frå kommunen si side var vanlegvis manglande kapasitet ved nærskolen.

#### *Klager som galdt skolemiljø*

Vi behandla 5 klager, 4 av dei frå Sandnes kommune. Ingen fekk medhald.

#### *Klager på standpunktkarakterar*

I 2005 mottok vi 122 klager på standpunktkarakterar i fag frå i alt 37 skolar. Dette er ein svak nedgang frå 126 klager i 2004. 61 av klagen vart sende tilbake til skolen for ny vurdering.

Av desse fekk 17 heva karakteren, medan 44 vart uendra. 61 av klagen vart ikkje imøtekomne.

Fylkesmannen mottok 3 klager på standpunktkarakter i orden og 7 på standpunktkarakter i åtferd. 2 av klagen på standpunktkarakter i orden fekk ikkje medhald, medan ei fekk delvis medhald. 3 av klagen på standpunktkarakter i åtferd fekk medhald, medan 4 ikkje fekk medhald.

#### *Klager på munnleg avgangsprøve*

I 2005 mottok fylkesmannen 5 klager på munnleg avgangsprøve. 3 av klagen vart avvist, medan 2 fekk medhald.

### **Resultatområde 32.2 Skoleporten.no**

Fylkesmannen har informert om bruk av Skoleporten.no. Vi har i løpet av 2005 blitt kontakta ei rekkje gonger av skolar og skoleeigarar med ønskje om teknisk hjelp til bruk av Skoleporten.no. Mellom anna på dette grunnlaget har vi inntrykk av at skoleleiarar og skoleeigarar nyttar Skoleporten.no som informasjonskjelde. Vi har likevel ikkje inntrykk av at portalen i stor grad blir nytta systematisk som analyseverktøy i arbeidet med kvalitetsvurdering og -utvikling.

Vi registrerer at Skoleporten.no er under stadig utvikling. Eit døme på dette er skolebidragsindikatorane. Fylkesmannen trur at nettstaden sitt potensiale vil bli betre og meir systematisk utnytta etter kvart som det blir arbeidd meir med å få på plass forsvarlege system etter § 13-10 i Opplæringslova.

På førespurnad frå publikum og media viser Fylkesmannen i større og større grad til Skoleporten.no som kjelde. Fylkesmannen bruker alltid deler av datagrunnlaget i Skoleporten.no i samband med tilsyn.

### **Resultatområde 33.2 – Kompetanseutvikling**

For å følgje opp *Kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008* vart det etablert eigne samarbeidsorgan. I Samarbeidsrådet møter representantar for fylkeskommunen, kommunane, KS, Fylkesmannen, Universitetet i Stavanger, Høgskolen Stord/Haugesund og Utdanningsforbundet, i Samarbeidsforum møter dei same, men med den forskjellen at her er alle kommunane representerte med skolefagleg ansvarleg og ein rektor.

Det er ikkje til å leggje skjul på at det vart noko strid mellom KS Rogaland og Fylkesmannen ved etableringa, men god kontakt med leiaren i styret for KS Rogaland førte til at ein fann fram til ei løysing. KS har etter eige ønskje leiar- og sekretærfunksjonen for samarbeidsorgana.

Det har dessverre vist seg at KS Rogaland av ulike årsaker ikkje har greidd å følgje dette arbeidet opp som føresett, og Fylkesmannen vil vurdere om det må gjerast endringar for å sikre naudsynt kontakt med skoleeigarane og samarbeidspartane elles.

Elles har samarbeidet likevel gitt grunnlag for gode tiltak, m.a. om utvikling av rammeplanar for programfag for val i samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen. Det er etablert eit eige prosjekt for dette, og Fylkesmannen deltar i styringsgruppa og støttar arbeidet økonomisk.

### *Tilskott til generell kompetanseutvikling i grunnopplæringa*

Det var tildelt nærare 24,39 millionar kroner til generell kompetanseutvikling i Rogaland. I overkant av 19,6 millionar av desse skulle gå til offentlege og private grunnskolar, medan i overkant av 4,7 millionar skulle fordelast til vidaregåande skolar.

Utdanningsdirektoratet hadde i utgangspunktet fordelt midlane etter ein fordelingsnøkkel som tok omsyn til talet på skolar, talet på undervisningsårsverk, og for grunnskolen eit basistilskott per skoleeigar.

Tildelingane vart gjorde suksessivt etter at skoleeigar hadde sendt inn melding om politisk vedtekne kompetanseutviklingsplanar som inneheldt ein kompetanseutviklingsstrategi for perioden 2005-2008 og ein plan for budsjettåret 2005. Ved frittstående skolar var det styret som skulle vedta slike planar. Vi fekk inn melding om politisk vedtekne planar frå alle offentlege skoleeigarar og melding om styrevedtekne planar frå 12 av i alt 15 frittstående skolar. 3 frittstående skolar valde å ikkje sende inn melding om slike planar, dels ut frå små tildelingsbeløp og dels med bakgrunn i at skolen skulle leggje ned verksemda i løpet av kommande år.

Dei første meldingane om vedtekne planar mottok vi i byrjinga av mai, medan dei siste ikkje var oss i hende før i byrjinga av desember. Brorparten av meldingane mottok vi innan utgangen av juli.

### *Rapportering om tildelte midlar til kompetanseutvikling*

Skoleeigar skulle rapportere elektronisk om bruken av kompetanseutviklingsmidlar innan 10.01.06. Dei fleste skoleeigarane i Rogaland hadde fullført rapporteringa innan fristen, men nokre skoleeigarar hadde ikkje rukke dette. Nokre få melde frå at dette skuldast tekniske problem, men hovudsakleg var grunnen til manglande rapportering at det var blitt gløymd i ein hektisk periode rundt årsskiftet. Alle skoleeigarar som skulle rapportere, hadde gjort dette i byrjinga av februar. Dei tre frittstående skolane som ikkje ønskte å få statleg tilskott til kompetanseutvikling, har ikkje rapportert.

### *Kompetanseutvikling i 2. framandspråk*

Rogaland hadde i 2005 om lag 1,76 millionar kroner til fordeling til kompetanseutvikling i 2. framandspråk. Midlane vart tildelte etter søknader frå skoleeigarar i fylket. 25 av 27 kommunar søkte om slike midlar, medan berre 4 av 11 aktuelle frittstående grunnskolar sende inn slike søknader. Det kom også søknad frå fylkeskommunen og frå 2 av 8 aktuelle vidaregåande skolar.

Midlane vart tildelte etter ei vurdering av det behovet skoleeigar hadde synleggjort for kompetanseutvikling i 2. framandspråk. Vi la vekt på kor mange lærarar skoleeigar ønskte å gi tilbod om slik kompetanseheving til, kor mange lærarar som ikkje hadde kompetanse i 2. framandspråk og talet på elevar på ungdomssteget. Det vart også teke omsyn til kor mykje av den totale tildelinga den einskilde skoleeigar ville fått dersom vi hadde gjort ei fordeling basert på talet på elevar på ungdomsskolesteget. 80% av midlane vart tildelte til grunnskolen og 20% til vidaregåande opplæring. Tildelingane vart sende ut i byrjinga av april 2004.

### *Implementering av ny læreplan i KRL-faget*



I samarbeid med Universitetet i Stavanger arrangerte Fylkesmannen i Rogaland to kurs. I sørfylket deltok 145 lærarar og skoleleiarar, medan i nordfylket deltok 93. I tillegg har fleire kommunar og nettverk arrangert lokale kurs for å leggje til rette for ei god implementering

Fylkesmannen har ikkje detaljert oversikt når det gjeld aktivitetsnivået, men Sandnes kommune hadde til dømes ca. 300 deltakarar på sine kurs.

Av statlege midlar til kompetanseheving vart kr 445.000 fordelte slik i fylket:

Gjesdal kommune	25.000
Stavanger kommune	50.000
Randaberg kommune	30.000
Sokndal kommune	15.000
Karmøy kommune	320.000

Randaberg og Karmøy har inngått samarbeid med andre kommunar der midlane vil bli brukt til felles tiltak.

Fylkesmannen har også sett i gang eit prosjekt med målsetjing om å oppdatere ”KRL-permen”, digitalisere og tilpasse den til ny læreplan. Gjesdal kommune fikk tildelt kr 50.000 for å gjere arbeidet og prosjektet vil bli følgt opp av Fylkesmannen i 2006.

### **33.3 Forsøks- og utviklingsarbeid**

#### *Forsøk*

Det er ikkje kome inn søknader om forsøk i 2005.

#### *Utviklingsarbeid*

Prosjekt "Matte-kick" starta i 2004 og har som mål å gjere undervisninga i matematikk meir interessant og spanande. Gjennom felles samlingar med aktuelle forelesarar, didaktiske refleksjonar og utprøving har deltakarskolene hatt særleg fokus på undervisning i matematikk. Stavanger, Randaberg, Karmøy og Haugesund kommune deltek med to til tre skolar kvar. Til nå har fokus i prosjektet vore på handlingar og utprøvingar. Etter kvart vil vi fokusera meir på resultat og skriftlege didaktiske refleksjonar. Prosjektet er støtta av Utdanningsdirektoratet og blir avslutta i 2007. Prosjektet har eiga nettside hos [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

Fylkesmannen sitt arbeid knytt til informasjon og erfaringsspreiing om utviklingsprosjekt i EU-programma er først og fremst å rettleie dei som søker informasjon pr. telefon og e-post, og å spreie informasjon på nettsidene våre.

Fylkesmannen har deltatt på møte med Universitetet i Stavanger om Kunnskapsløftet generelt, og om 2. framandspråk og KRL-faget spesielt. Vi møter som fast representant i referansegruppa for eit prosjekt som gjeld rettleiing av nyutdanna lærarar. Fylkesmannen vil etablere eit meir formelt samarbeid med UH-sektoren i 2006.

Vi viser elles til resultatområde 34.

### **Resultatområde 33.5 – Likeverdig utdanning i praksis**

Utdanningsdirektoratet løyvde 50 000 kr til ein konferanse knytt til tiltak 5 i strategiplanen ”Likeverdig utdanning i praksis”. I dette tiltaket blir skoleeigarane oppmoda om å inkludere opplæringa av språklege minoritetar i plandokumenta til kommunen, fylkeskommunen og

skolane. Konferansen i mai vart planlagd i samarbeid med NAFO, men han vart avlyst på grunn av dårleg påmelding. Konferansen "Ein inkluderande skole og barnehage" med om lag same innhaldet som i mai-konferansen, samla i oktober om lag 110 deltakarar.

I juni arrangerte vi ei fagsamling for vaksenopplæringa i samarbeid med Johannes Læringscenter i Stavanger. Samlinga handla om samfunnsfagdelen i den nye læreplanen i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Undervisninga i samfunnskunnskap skal vere på eit språk innvandrane forstår, og dette kan vere vanskeleg å få til i små kommunar. Samlinga var eit forsøk på å få til eit betre interkommunalt samarbeid med utveksling av både elevar og lærarar. 47 personar deltok.

Om lag 95 000 kr er nytta til samlingar og ulike kommunale prosjekt for etterutdanning av lærarar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar.

### **Resultatområde 33.6 – Gi rom for lesing**

Fylkesmannen har delt ut midlar til oppfølging av strategiplanen "Gi rom for lesing" etter nøkkeltal til alle skoleeigarane. Dette er gjort etter ønskje frå kommunane/fylkeskommunen. Grunngevinga er at det no stort sett blir gjennomført leseprosjekt ved alle skolar, og det er difor ikkje naudsynt med nokon søknadsrunde. Det viste seg seinare at dette skapte noko problem i samband med den elektroniske rapporteringa. Rapportane frå skoleeigar til Fylkesmannen syner brei og variert satsing i tråd med føringane i strategiplanen.

Nedanfor følgjer eit oversyn over fordelinga.

<b>KOMMUNE</b>	<b>Tildeling 2005</b>
Bjerkreim	7500
Bokn	3700
Eigersund	32700
Finnøy	12000
Forsand	4300
Gjesdal	24500
Haugesund	53000
Hjelmeland	11500
Hå	31800
Karmøy	85700
Klepp	32600
Kvitsøy	3200
Lund	11100
Randaberg	22500
Rennesøy	9000
Sandnes	117000
Sauda	15000
Sokndal	7600
Sola	46100
Stavanger	186000
Strand	23100
Suldal	13600
Time	34500
Tysvær	28100
Utsira	3000

Vindafjord	14400
Ølen	9500
<b>SUM KOMMUNAR</b>	843000
<b>FYLKESKOMMUNEN</b>	150000
<b>PRIVATE SKOLEEIGARAR</b>	36000
<b>SUM</b>	<u>1029000</u>

### **Resultatområde 34 Lærings- og oppvekstmiljø**

19 skolar i åtte kommunar var skoleåret 2005/2006 med i prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skolen. Dette er eit nasjonalt prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet. Hausten 2005 vart det arrangert ei samling med fokus på tema knytte til prosjektet.

Rogaland var i 2005 eitt av fire pilotfylke i skolesatsinga Psykisk helse i skolen. Det vart arrangert fire samlingar i lærarprogrammet "Kva er det Monica?". Vidare vart det arrangert ei samling knytt til opplæringsprogrammet "Alle har ei psykisk helse".

Gjennom prosjektet VIS ("Verdiar i Samanheng") har Klepp kommune gjennomført ein kampanje knytt til m.a. sosial kompetanse og folkeskikk. Målsettinga for kommunen var å utforme og presentere eit klart og tydeleg verdigrunnlag, der gode prosessar som involverer partane i skole- og lokalsamfunn, vart ein viktig del av arbeidet. I denne samanhengen vart det laga ein film som skulle vere til inspirasjon for kommuneleiinga, tverrfaglege grupper, politikarar, foreldremøte på skolar og barnehagar, lag og organisasjonar. Utdanningsdirektoratet medverka økonomisk til at filmen vart send til alle kommunane i landet, medan Fylkesmannen i Rogaland løyvde pengar til spreiding til skolar i Rogaland.

### **Resultatområde 36.1 Ordinære drifts- og forvaltningsoppgåver**

Fylkesmannen deltek i Den Regionale Dialogen, eit breitt samansett samarbeidsforum for dei som har ansvar innafor vaksenopplæring i fylket. Gruppa har jamlege møte. Vaksenopplæringsforbundet har hovudansvar for Veka for vaksne si læring, og Fylkesmannen var berre i liten grad involvert dette året.

Den opphavlege styringsgruppa for arbeidet med Den Kulturelle Skolesekken i Rogaland er lagt ned. Fylkeskommunen skal etablere ei eiga styringsgruppe, og det skal i tillegg etablerast ei samarbeidsgruppe for kompetanseutvikling og ei referansegruppe der Fylkesmannen skal ta del. Det har tatt noko tid å få desse strukturane på plass, og vi har hatt uformell kontakt med fylkeskommunen om framdrifta. Vi vil følgje opp formelt dersom gruppene ikkje blir operative med det aller første.

### **Resultatområde 37 Tilskott**

*Dokumentasjon av kontrollhandlingar for tilskott på skoleområdet*

Fylkesmannen sitt arbeid med tilskottsforvaltninga på skoleområdet ber preg av god saksbehandling og lite feil. Dette er stadfesta gjennom revisjon. Dei naudsynte kontrollhandlingane blir gjorde, men det manglar skriftleggjorde rutinar. Det blir også i liten grad laga dokumentasjon på kontrollhandlingane. Dette er nyleg påpeika av Riksrevisjonen, og det er sett i verk arbeid internt for å få på plass både skriftleggjorde rutinar for kontrollhandlingane knytte til tilskott, og for korleis kontrollhandlingane skal dokumenterast skriftleg. Fylkesmannen vil såleis i neste årsrapport i større grad kunne gjere greie for kontrollhandlingar og dokumentere dei.

#### *Departementet sine retningslinjer for tilskottordningane*

Retningslinene for tilskottsordningane på kap 0225 post 64 krev at følgjande formulering skal vere med i tilskottsbrevet (pkt 8): "Informasjon om at tilskottet skal inntektsføres på same kapittel som de tilhøyrande utgifter utgiftsføres på i kommunane sine obligatoriske regnskapsrapporter." Denne formuleringa bør endrast sidan kommunane ikkje lenger fører rekneskapa etter den gamle kapittelmodellen, men etter art og funksjon (KOSTRA).

Retningslinene for tilskottordninga på kap 0225 post 65 seier i pkt. 4 at Fylkesmannen skal vurdere behovet for å ta stikkprøvar, medan pkt. 12.1 seier at Fylkesmannen skal ta stikkprøvar. Her er ein dobbeltkommunikasjon som det bør ryddast opp i.

#### *Tilskott til leirskoleopplæring*

Fylkesmannen har i fleire samanhenger dei siste åra gitt uttrykk for at den skjønsvurderinga som skal utøvast i medhald av pkt. 8 i det årlege rundskrivet, er problematisk. Spørsmålet er kva for nedre og øvre grense vi skal setje for kor stor ei gruppe med tilskottsrett må/kan vere i høve til det skjønet som Fylkesmannen skal utøve. Tilskottsordninga er liten målt i kroner, og det går uforholdsmessig mykje tid med til saksbehandlinga, mellom anna på grunn uklære føringar. Samstundes veit vi at den statlege finansieringa av eit leirskoleopphald er lita i forhold til dei totale kostnadane ved eit opphald, og at kreativiteten for å omgå gratisprinsippet difor truleg er stor. Dersom den statlege finansieringa framleis skal giast som særtilskott, rår Fylkesmannen til at det blir nytta ein meir mekanisk modell. Dette vil gjere at saksbehandlingstida vil stå meir i stil med omfanget av ordninga, og det vil lette planleggingsarbeidet knytt til finansiering for kommunane.

## **Barne- og likestillingsdepartementet sine resultatområde**

### **RESULTATOMRÅDE 42: FAMILIERETT**

#### **42.1 Ekteskapslova**

I 2005 blei det gitt 1107 separasjonsløyve (1179 i 2004) og 1004skilsmål (971 i 2004). Det var vidare tre partnerskapsseparasjonar og tre partnerskapskilsmissar.

#### **42.2 Anerkjennelselova**

Vi behandla seks saker i 2005.

#### **42.3 Barnelova**

Fylkesmannen fekk i 2005 totalt 11 saker til behandling etter barnelova. Av desse omhandla seks saker foreldreansvar, fast bustad og samvær, og ni saker omhandla reisekostnader.

#### **42.4 Familierett – Mekling og meklingsinstituttet**

Frå 1998 har fylkesmannen hatt lovpålagd tilsyn med familievernkontora, jamfør Lov om familievernkontor av 19. juni 1997 § 3. Utover sjølve tilsynet er fylkesmannen klageinstans i meklings saker. Fylkesmannen har i 2005 vore på eit tilsynsbesøk på kvar av dei tre familievernkontora. Fylkesmannen har framleis det inntrykk av at kontora er veldrivne.

#### **42.5 Rettleiing - Familierett**

I 2005 mottok familievernkontora og dei eksterne meklarane totalt 1133 saker som gjaldt meklings saker. Av desse mottok dei eksterne meklarane 467.

I Rogaland er der 3 familievernkontor og 10 eksterne meklarar. Ventetida i ca. 72 % av sakene er på under 3 veker.

Fylkesmannen hadde i desember sin årlige fagsamling for meklarane i Rogaland. Psykolog Terje Galtung var hovudforelesar, og temaa var m.a. meklarrolla og små barn sitt forhold til samvær og delt bustad. Fylkesmannen hadde også ein bolck, der ein gjorde greie for tema som på førehand var tatt opp av meklarane.

Det blei i 2005 i tillegg brukt ein god del ressursar til informasjon og rettleiing av familievernkontora og dei eksterne meklarane.

#### **45.2 Fritak frå teieplikta**

Fylkesmannen fekk i 2005 86 saker (69 saker i 2004) som gjaldt fritak for teieplikt.

#### **Introduksjonslova**

Fylkesmannen realitetsbehandla sju klager etter introduksjonslova i 2005.

#### **45.5 Adopsjonslova**

I 2005 vart det behandla 49 saker knyta til ettersøking av biologiske foreldre.

### **Resultatområde 48 Likestilling**

Det kommuneretta tilsynet er knytt til bal og konstituering i samband med kommuneval. Aktiviteten er såleis mindre utanom valår. Sjå eller innleiingskapittel 1.5.

## **Justisdepartementet sine resultatområde**

### **Resultatområde 51 – Siviladministrasjon**

#### **51.1 Stiftingar**

Det kom inn 165 saker i 2005. 20 av sakene gjaldt omdanning og nyregistrering, mens 145 av sakene gjaldt endring og overføring.

#### **51.2 Verjemål**

Fylkesmannen mottok i alt 51 saker som gjaldt overformynderi/verjemål i 2005.

Fylkesmannen har som overordna forvaltningsorgan eit lovpålagd tilsynsansvar overfor overformynderia. Grunna ressursituasjonen har vi heller ikkje i 2005 i særleg grad kunne gjennomføre dette rettleings- og tilsynsansvaret.

### 51.3 Forliksråda

Det har kome inn fire saker i 2005. To gjeld oppnemning av medlem og ei sak gjeld klage på forliksråda.

### 51.5 Tomtefestelov

Det kom ikkje inn nye søknader om innløyising av festetomt i 2005.

Det vart behandla to søknader om innløyising som blei avslått. Departementet oppretthaldt vedtaket etter at desse var påklaga.

### 51.6 Dekningslov

Ingen saker i 2005

### 51.7 Kommunale politivedtekter

Vi har mottatt ei sak i 2005.

## Resultatområde 52 Borgarrettar

### 52.1 Fri rettshjelp

I 2005 fekk vi 2109 saker om fri rettshjelp til behandling. Dette er ein nedgang samanlikna med dei tre siste åra.

Oversikta viser talet på saker dei siste åra:

År	Tal på saker
2000	1889
2001	2028
2002	2942
2003	3737
2004	2826
2005	2109

Nedgangen i 2005 kjem hovudsakleg av færre søknader om fritt rettsråd om asyl. Dette viser følgjande tabell:

	2003	2004	2005
Tal på asylsaker	2458	1556	737

Tabellen nedanfor viser resultatet av behandlinga av klager i departementet på våre vedtak:

	År 2003	2004	2005
Behandla av JD	43	44	74
Stadfesta	40	36	70
Omgjort	3	8	4

### 52.2 Valdsoffererstatning

Dette saksfeltet er ikkje lenger i Fylkesmannens portefølje, men vi har nokre etterslengingar som mellom anna gjeld sakskostnader.

### **52.3 Namnelova**

Vi har mottatt 13 klagesaker i 2005.

### **52.8 Statsborgarsaker**

I 2005 behandla vi 68 saker.

## **Resultatområde 53 Regional samordnar innan samfunnstryggleik og beredskap**

Fylkesmannen har gjennomført "Beredskapsdagen 2005" for 8. klasse på alle 3 ungdomsskolane i Randaberg kommune. Dette var et samarbeid med Randaberg kommune, Sivilforsvaret, Helse Stavanger, Politiet, Sanitetskvinnene og Forsvarets 330-skadron (Sea-King helikopteret).

Vi har deltatt på møte i beredskapsutvalet ved flyplassen på Sola (BSU) og hatt møte i regional samordningsgruppe for samfunnstryggleik.

I samarbeid med Universitetet i Stavanger er det laga ein rettleiar for korleis ein kan gjennomføre ein risiko og sårbaranalysar for Rogaland fylke. Men vi har ikkje gjennomført sjølve analysen.

Fylkesmannen har rettleia kommunane når det gjeld spørsmål om risiko- og sårbarheitsanalysar gjennom møte og skriftlege kommentar til framlegg til ROS-analysar.

Fylkesmannen har deltatt i eit prosjekt i regi av DSB og Post- og teletilsynet som har i oppdrag å finne ein prioriteringsordning for bruk av mobiltelefon (GSM-nettet)

## **Resultatområde 54 Rettleiar og pådrivar overfor kommunane**

Det blei gjennomført 4 tilsyn i desse kommunane i 2005: Bokn, Stavanger, Rennesøy og Hå kommune. Mellom anna blei plan for kriseleiing, bruk av risiko og sårbarheitsvurderingar og integrering av samfunnstryggleik i kommunen sine plan og styringsdokument gjennomgåtte under tilsyna. Fylkesmannen har i tilsyna og hatt eit spesielt fokus på pålagd planverk etter Lov om helsemessig og sosial beredskap og Smittevernlova. I tillegg til tilsynsrevisorar frå beredskapslaget har og ein representant frå Fylkeslegen delteke fast på alle tilsyna.

Antal tilsyn er færre er vanleg (som er 7-8). Det skyldast stor øvingsaktivitet samt at vi framleis ligg innafor målsettinga om at det skal vere tilsyn i kommunane minimum kvar 4. år.

Fylkesmannen har øvd 17 kommunar gjennom Øvelse Rogaland. 8 kommunar var øvingskommunar mens 9 andre kommunar deltok som kontrollkommunar. Kontrollkommunane hadde fokus på kvar sin øvingskommune og deltok aktivt med innspel, oppfølging og evaluering.

Scenariet for øvinga var fugleinfluensa og planlegging av gjennomføring var et samarbeid med fleire regionale etatar, mellom anna Mattilsynet.

I tillegg har fylkesmannen øvd Sola kommune med Klepp kommune som kontrollkommune gjennom Øvelse Hafrsfjord. Øvelse Hafrsfjord var i utgangspunktet ein øving for

Forsvaret/HV-08 men dei var interesserte i å øva opp i mot ein kommune og sivile aktørar. Sola kommune og IVAR (Interkommunal selskap for vann, avløp og renovasjon i Rogaland) øvde derfor krisevassforsyning av ein bydel med 5000 innbyggjarar i praksis.

I samarbeid med blålysetatane (politi, brann, Helse Fonna og frivillige organisasjonar) i Nord-Rogaland øvde fylkesmannen Tysvær kommune i samband med ein kollisjon mellom skulebuss og tankbil med ammoniakk i eit sentralt vegkryss nær kommunesenter og rådhus. Tysvær kommune blei utfordra på ein praktisk evakuering av kommunale institusjonar som sjukeheim, psykiatri, barnehage og symjehall pga. gassfare.

Fylkesmannen har og deltatt på Øvelse Landrøyr i Karmøy kommune, som blei planlagt og gjennomført av Statoil, Gassco og Blålysetatane. Scenariet var et brot på gassrør på Karmøy og både kommunen, fylkesmannen, petroleumstilsynet og dei andre aktørane spelte seg sjølve.

, det same har 5 beredskapshammer (eit samarbeid mellom Fylkesmannen og Kystdirektoratet) og DSB har øvd fylkesberedskapsrådet.

### **Resultatområde 55 Førebyggjande samfunnstryggleik i arealplanlegginga**

Fylkesmannen har deltatt aktivt for å sette beredskap og samfunnstryggleik på dagsorden i samband med oppstart av revisjon av 8 kommuneplanar og 5 uttaler til planprogram. Vi har sagt noko om fylkesdelplan og dei av reguleringsplanane som miljøvernavdelinga eller Rogaland Fylkeskommune ber oss ei tilbakemelding på. Når det gjeld konsekvensanalysar så har Ryfast vore spesielt ressurskrevjande.

Vi har gjennomført eit GIS-prosjekt (utvikling av geografiske informasjonssystem for beredskapstema for kommunane) etter oppdrag frå DSB, som munna ut ei ein rettleiar. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) og gjeldt for året 2005.

Vi har delteke i møte fylkesnettverket ”Trygge lokalsamfunn”.

### **Resultatområde 56 Ivaretaking av plikter vedrørande samordning ved ekstraordinære kriser i fred, tryggleiksmessige kriser og krig**

Fylkesmannen har ikkje øvd si eiga kriseleiing i 2005.

Delar av kriseleiinga har vore i aksjon i samband med praktiske hendingar som Tsunamien i Sørøst-Asia, orkanane Inga og Gudrun og ekstremværet Loke.

Vi har gjennomført 2 møter i fylkesberedskapsrådet.

Atomberedskapsutvalet i Rogaland har hatt øving.

Samordningsgruppa ( representantar for statlege regionale institusjonar og etatar ) som blei etablert hausten 2000, har halde fram med regelmessige møte i 2005. Samordningsgruppa arbeider for å auke samfunnstryggleiken i Rogaland. Tema har m.a. .vore samordning av felles satsingar og utfordringar i vår tilnærming og kontakt mot kommunane, og diskusjonar



om innfallsvinkel og emne/innhald i ein framtidig FylkesROS for Rogaland. Samordningsgruppa deltok i "Øvelse Rogaland" 2005.

Vi har ikkje prioritert arbeid med bygg- og anleggsberedskap.

Kryptert samband er operativt.

### **Resultatområde 57 Sivilt militært samarbeid**

Fylkesmannen har arrangert møte om skjermingsverdige objekt innan olje og gassverksemda saman med representantar frå Politi og Forsvaret.

Har samarbeidd med Heimevernet om Øvelse Hafrsfjord.

Det er ikkje gjort noko med regional planlegging etter Sivilt beredskapssystem (SBS).

Fylkesmannen har i lag med Rogaland politidistrikt, Forsvarets Fellesoperative Hovudkvarter, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Universitetet i Stavanger (UiS) førebudd ein nasjonal konferanse i samfunnstryggleik og nye trusselbilde på UiS 10. januar 2005.

## **Kommunal- og regionaldepartementets sine resultatområde**

### **Resultatområde 61: Samordning og omstilling**

Fylkesmannen har for 2004 og 2005 fått prosjektmidlar til omstilling og modernisering i kommunane frå KRD.

Viktigaste aktiviteten har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse.

Vi viser alles til eigen rapport.

### **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) må innhente godkjenning frå fylkesmannen før dei har gyldig vedtak om budsjett, økonomiplan og låneopptak. Kommunane 1101 Eigersund og 1159 Ølen blei registrert i ROBEK i 2003. I fjor blei Ølen kommune meldt ut av registeret samtidig som 1130 Strand kommune blei registrert. Det blei også arbeidd med kommunebudsjetta til dei andre kommunane.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 14 søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak. Alle søknadene blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhente ytterlegare opplysningar før godkjenning. Vi behandla også 5 lånevedtak frå interkommunale selskap og lånevedtak frå ROBEK-kommunane.

Kommunane blei orienterte om kommuneopplegget for 2006 på møte om Kommuneproposisjonen i mai. Alle kommunane møter til dette årlege informasjonsmøtet. Tilbakemeldingane i etterkant var positive. Vi presenterte også statsbudsjettet for 2006 for eit nettverk av økonomisjefar i Sør-Rogaland i oktober.

## **Resultatområde 63 Kommunalrett og vallov**

### **63.1 Kommunalrett**

Det har kome inn tre saker om lovlegkontroll i 2005. Fylkesmannen har behandla 4??? av desse.

3 saker gjaldt klage frå kommunestyremedlem etter kommunelova § 59 nr. 1. Kommunen sine vedtak blei stadfesta. Eit vedtak vart overprøvd på eige initiativ etter kommunelova § 59 nr. 5. Også dette vedtaket blei stadfesta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 2 månader.

Det blei også svart, til dels skriftleg, på fleire spørsmål frå kommunane, utan at svara hadde karakter av lovlegkontroll.

### **63.2 Vallov**

Det var stortings- og sametingsval i 2005. I den samanslåtte kommunen Vindafjord hadde dei kommunestyre- og ordførarval samstundes. Fylkesmannens oppgåve var vegleiing av valstyra og andre som hadde spørsmål om regelverket og organisering. Dette kan avlaste departementet. Det var det første stortingsvalet med ny vallov, mange reglar var nye og den praktiske organiseringa gjennomgjekk mange store endringar. Media var ved dette valet uvanleg aktive i å publisere bakgrunnsinformasjon, noko vi medverka til.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) hadde valkonferanse for fylkesmennene og fylkeskommunane den 7. – 8. mars 2005.

Det var eit miniseminar på Universitetet den 21. april av professor Bernt Aardal frå Universitetet i Oslo om det politiske landskap i det 21. århundre, med særleg vekt på det kommande stortingsval; politisk tillit, legitimitet og deltaking. Bakgrunnen var den sterkt dalande valdeltakinga.

Den 9. mai arrangerte Fylkesmannen og Fylkeskommunen i samarbeid ein konferanse for valstyra og valmedarbeidarar på Clarion Hotell. Det var informasjon frå fylkeskommunen, om endring i vallova, valdeltaking i Rogaland og det var arbeid i grupper og framlegging i plenum. Resultata frå gruppearbeidet blei publisert. Vi var bl.a. så heldige å få kontorsjef Asbjørn Ausland, Oslo kommune til å fortelje korleis dei gjennomfører val i Oslo – praktiske forhold, avvikling i vallokalet, opplæring av stemmestyra osv. 22 av 26 kommunar deltok.

Vidare blei det arrangert eit kurs i utfylling av valstyrets protokoll, kalla møteboka. Departementet fikk innspel til vidareutvikling av møteboka. Denne er framleis ikkje så enkel som ynskjeleg, og utfylling kan ikkje overlata datamaskinane. Det faktum at det er to år mellom kvart val gjer at opplæringsbehovet av valmedarbeidarane er omfattande, og at konsekvensen av manglande innsats er feil i gjennomføringa. Feil i val kan vere øydeleggjande for legitimiteten til dei folkevalde samfunnsinstitusjonane og generelt til tilliten til demokratiet.

I tillegg til dette var vi aktive med å leggje ut artiklar og materiale på internett. Det viste seg at mange veljarar forventa å finne bakgrunnsinformasjon på internett og difor leita etter det. Departementet var flinke til å leggje ut informasjon, det var meir rogalandsspesifikke ting som ikkje blei så godt dekkja.

## **Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid**

Ølen og Vindafjord kommunar slutta seg saman til ein kommune; Vindafjord, frå 1. januar 2006. I heile 2005 deltok Fylkesmannen som observatør og rettleiar på dei fleste av kommunane sine møte i fellesnemnda. I tillegg vart Fylkesmannen ved fleire høve kontakta over telefon om ulike problemstillingar i samband med samanslåinga

Fylkesmannen har i 2005 delteke aktivt i kommunestrukturprosjektet, mellom anna kartlegging av ulike interkommunale samarbeidstiltak.

## **Resultatområde 66 Bustad og bygningsrett**

### *66.1 Byggjesaker*

I august 2004 tok det om lag 10 månader å få behandla ei sak. Den generelle behandlingstida i byggjesaker var redusert til seks månader 31. desember 2004, og målet om tre månader saksbehandlingstid blei nådd i mai 2005. Det har såleis skjedd ein vesentleg reduksjon i saksbehandlingstida, sjølv om talet på innkomne saker har auka. Vi har oppnådd dette gjennom vi har auka ressursane til klagebehandlinga monaleg i 2005.

### **Statistikk for ulike saksfelt innanfor dette området:**

*Klage i byggjesaker:* Det kom inn 399 saker i 2005 og vi behandla 458 saker. Av dei innkomne sakene var 30 setjefylkesmannssaker etter klager frå Fylkesmannen i Vest-Agder og Hordaland. Klagen gjeld kommunale dispensasjonsvedtak.

Talet på klageavgjerder 458 (i 2004: 461). 25 av desse var setjefylkesmannssaker

Stadfesta:	367
Omgjort:	29
Oppheva:	51
Avvist/returnert:	11
Restanse:	122 (i 2004: 137)

### **66.2 Saker om ekspropriasjon**

Det kom inn 8 saker i 2005

Klagesaker, underinstans sitt vedtak stadfesta: 3

Løyve til ekspropriasjon gitt av fylkesmannen som førsteinstans: 1

Løyve til førehandstiltreding gitt av Fylkesmannen som førsteinstans: 4

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid 2 månader

## **67 Innvandring**

Saksbehandlingstida blei vesentleg overskriden for den eine saka i høve til målsettinga. Vi reknar med å liggje innanfor kravet på 3 månader saksbehandlingstid i 2006.

## **Oppgaver under helsedepartementet og sosialdepartementet – Oppdrag frå statens helsetilsyn og sosial- og helsedirektoratet**

### **RESULTATOMRÅDE 45 BARNEVERNET**

Fylkesmannen har behandla 61 enkeltsaker/klagesaker i 2005. Desse gjeld mellom anna avslag på hjelpetiltak, avslag på søknader om å få sjå dokument i saker, oppfølging av fosterheim og klager frå barn i institusjon som det er nytta tvang mot.

Fylkesmannen skal følgje med på om kommunane gjer arbeidet innan dei fristane som er fastsette i lova. Fylkesmannen får fristrapportering frå kommunane fire gonger årleg for alle nye saker. Fylkesmannen har på bakgrunn av gjennomgangen følgd opp enkelte kommunar, men det har ikkje vore store problem knytt til dette i 2005.

I 2005 gjennomførte fylkesmannen i Rogaland systemrevisjonar i tre kommunar: Sandnes, Finnøy og Tysvær. Desse revisjonane var ledd i eit landsomfattande tilsyn på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet (BFD). Meir om desse kan du lese i tilsynsrapportane, som ligg på Fylkesmannen si heimeside. Også i 2005 viser resultatet av systemrevisjonane at kommunane har forbetningsarbeid å gjere.

Det er faste møte med barnevernleiarane i kommunane to gonger i året. I framtida skal fagteamleiarane frå Bufetat vere med på desse møta.

Fylkesmannen har gjennomført kurs i 2005:

- Samling for barnevernleiarane og fagteamleiarane om organiseringa av det statlege barnevernet, om plassering av barn i familie og nettverk og om nye rundskriv og rettleingar om mellom anna teieplikta og om samarbeid i familiar der barn blir utsette for vald.
- Konferanse om ” Barn som utsettes for vold i familien”. Denne konferansen var for både helse- og sosialtilsette i kommunane og tilsette på sjukehuset. Konferansen blei laga saman med Bufetat.

I høve til Bufetat, region vest, har fylkesmannen hatt fire møte saman med fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane, for å utveksle informasjon mellom dei enkelte etatane.

I 2005 hadde Fylkesmannen tilsyn med 22 barneverninstitusjonar i Rogaland, men fleire av desse har underavdelingar, så i alt blei det ført tilsyn med 39 einingar/objekt. Det blei også gjennomført 93 individtilsyn. Det er Fylkesmannen si røynsle at barna får god omsorg og behandling og at samarbeidet kring tilsynet fungerer godt. Fylkesmannen har gitt kommentarar og meldingar til nokre institusjonar, mellom anna i høve til tvangsbruk, manglande politiattest, rørslefridom, ransaking og husordensreglar.

I 2005 gjennomførte Fylkesmannen systemrevisjonar i 10 institusjonar. Tema for systemtilsyna har vore ”institusjonane si behandling av uønska åtferd”. Rapportane kan du lese på heimesida vår.

## **RESULTATOMRÅDE 71 FOLKEHELSEARBEID**

### **71.1 Folkehelsearbeid generelt**

Rogaland fylkeskommune har søkt om partnerskapsstatus, men har ikkje fått godkjent det enno. Fylkeskommunen har til denne tid arbeidd mest med å forankre folkehelse i Revidert fylkesplan (arbeidet ferdig i slutten av 2005), Delplan for friluftsliv, idrett, natur- og kulturvern (FINK, godkjend 2005), og utarbeiding av eigen Handlingsplan for folkehelse, (pågår). Samarbeidet Fylkesmann-fylkeskommune er godt, med deltaking i planarbeid, ulike samarbeidsfora som til dømes Fysak, samt samarbeid om tildeling av pengar til folkehelseiltak.

Det er lagt mindre arbeid i å få på plass nye partnerskapsavtalar med kommunane utover dei som alt finst gjennom partnerskapet Fysak, - i Rogaland kalla Frisk i friluft. 16 kommunar er med i Fysak, dei har om lag 85% av befolkninga. I 2006 vil fylkeskommunen venteleg prioritera arbeidet med partnerskapsavtalar.

#### *Arbeidet med kommunale folkehelseplanar*

Forankring av folkehelsearbeid i kommunale planar har vore tema i ei rekkje møte og konferansar, mellom anna i Fysak/Frisk i friluft, og det er fast tema i Fylkesmannen sine oppstartmøte med kommunane i samband med revisjon av kommuneplanar. Dette blir følgt opp når Fylkesmannen uttalar seg til planprogrammet.

Om lag halvparten av Fysak/Frisk i friluft kommunane har forankra dette arbeidet i kommuneplanen eller i delplan. Kommunane har ikkje eigne delplanar for folkehelsearbeidet, men noko blir dekt inn i delplanar for idrett og friluftsliv. Ei kartlegging gjort av Sosial- og helsedirektoratet vil gje betre oversyn over status på området og nyttig kunnskap for oppfølgingsarbeidet.

### **71.2 Miljøretta helsevern**

I 2005 har Fylkesmannen behandla fire klagesaker etter kommunehelsetenestelova kap 4a, - to av desse kom inn i 2004. Me samarbeider med miljøvernavdelinga i enkeltsaker, og har også rettleidd privatpersonar i fleire enkeltsaker.

### **71.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk**

#### *Økonomi*

350.000 kr var tildelt for dette, og alt er brukt. Kommunar/organisasjonar/institusjonar fekk ca 260.000 kr som støtte til tiltak, og resten er brukt til Fylkesmannen sine eigne aktivitetar. For 2005 fekk me ein auke i søknadar om støtte til kosthaldstiltak, særleg i barnehagar.

#### *Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk*

VP for 2005 er stort sett følgd.

#### *Ernæring*

Sunt kosthald har vore tema på nettverkssamling for 19 prosjektskolar i prosjektet "Fysisk aktivitet og rammer rundt skolemåltidet". I Rogaland er ingen vidaregåande skolar med i dette prosjektet.

Ei rekkje kosthaldstiltak har fått økonomisk støtte, også tiltak i regi av Tannhelsetenesta, der me samarbeider. Ei eiga Ressursgruppe for ernæring er oppretta, og så langt er Fylkestannlegen, Rogaland fylkeskommune, Mattilsynet og Fylkesmannen si utdanningsavdeling med i den. Ordninga med skolefrukt har fått nokre fleire deltakarar. Både talet på søknader om støtte til tiltak, oppslag i lokalpressa og førespurnader direkte til folkehelse råd gjevar viser tydeleg at både skolar og barnehagar er opptekne av dette temaet.

#### *Fysisk aktivitet*

Fylkesmannen har generelt nært samarbeid med fylkeskommunen sitt Fysak-arbeid. Handlingsplan for fysisk aktivitet, kompetanseheving, erfaringsdeling og annan informasjon er følgd opp med ulike konferansar og nettverkssamlingar. Eit eige tredagars kurs for treningskontaktar for personar med psykisk lidning/rusproblem blei gjennomført i samarbeid med Helse Førde. Rogaland fekk 11 nye prosjektskolar med i "Fysisk aktivitet og rammer rundt skolemåltidet", og har hatt samling for desse.

Fylkesmannen arrangerte særskilt konferanse i samband med Friluftslivets år.

Grøn resept: Alle dei tildelte pengane blei brukt i Hå kommune, i arbeidet for å få til ein frisklivsentrall/mottaksordning for personar som får Grøn resept. I 2006 blir tilboda i heile fylket kartlagde.

#### *Tobakk*

Arbeidet har omfatta informasjon/oppfølging av kurshaldarar, kursing av nye kurshaldarar (12) i bedriftshelsetenesta, kurs i endringsfokusert kommunikasjon, purring til skolar for å delta i Vær røykfri, og noko økonomisk støtte til røykfriarbeidet.

### **71.5 Førebygging av uønskte svangerskap og abort (Ikkje rapp.pliktig)**

Økonomirapport er avgitt, jf Shdir sitt fullmaktsbrev for 2005.

## **RESULTATOMRÅDE 72 PRIMÆRHELSETENESTA**

### **72.1 FASTLEGEORDNINGA OG ALLMENNLEGETENESTA**

Fylkesmannen har uttalt seg til fire søknader om nye legestillingar (Karmøy, Sola, Stavanger og Hå).

Ingen Rogalandskommune var suspendert frå fastlegeordninga i 2005. Samanlikningstal for fastlegeordninga viser for Rogaland pr 30.09.05 (tal for heile landet i parentes):

\* Bare 0,5% av befolkninga var ikkje med i ordninga (0,5%), dette var 2.139 personar.

\* I 3. kvartal 2005 bytta bare 1,4% av befolkninga etter eige ønskje (1,8%)

\* For bare 0,3% av listene og 0,1% av deltakarane var det ingen lege (2,6% og 1,5%), og bare Østfold, Oslo og Vest-Agder hadde betre listedekking enn det.

\* Bare 40% av listene var "åpne" dvs kunne ta mot nye pasientar (54,7%), her låg Rogaland dårlegast i landet.

Samla viser dette ei veletablert ordning med liten ekstra kapasitet.

"Listetaket" - kor mange personar som kan stå på kvar liste - blir avtalt med den enkelte fastlegen. Pr 30.09.05 hadde to Rogalandkommunar fleire innbyggjarar på fastlegelistene enn summen av dei avtalte listetaka: det var Klepp og Gjesdal. Alle dei 27 kommunane hadde lister med ledig kapasitet.

### **72.3 Helsetenesta til innsette i fengsel**

Fylkesmannen har sett i gang tilsyn med helsetenesta til innsette i fengsla, med å innhente opplysningar om tilboda av allmennhelseteneste, tannhelsetenester og spesialisthelseteneste, og handtering av medisinar. Dette arbeidet blir avslutta i 1. kvartal 2006.

### **72.4 Helsetenestetilbodet til asylsøkjjarar og flyktningar**

Tilsyn Dale mottak, og kartleggingstilsyn til dei andre asylmottaka i fylket. Alle kommunane har fått tilsendt Shdir sin vegleiar Helsetjenestetilbud til asylsøkjjarar og flyktningar (IS-1022), og Fylkesmannen har informert om denne på <http://www.fylkesmannen.no>. Innan utgangen av 2005 skal me kartlegge korleis tuberkulosekontrollarbeidet fungerer i asylsøkjarmottaka i Rogalandkommunane, og vegleiararen vil vere ein del av grunnlaget for det arbeidet.

### **72.10 Smittevern**

Alle kommunane har opplyst at dei har smittevernplan.

Fylkeslegen har hatt kontakt med alle kommunane i fylket om tilsyn med innretningar som kan spreie legionella, og har i tillegg hatt eit særskilt tilsyn med offshoreinstallasjonar.

Fylkesmannen har hatt tilsyn med smittevernberedskap i tre kommunar. Det er også gjennomført tilsyn med tbc-status og rutinar for tbc-overvaking ved flyktningemottak og asylmottak i fire kommunar. Ved "Øvelse Rogaland" var fugleinfluensa tema og i alt 17 kommunar blei øvd.

15.04.05 heldt Fylkesmannen si helse- og sosialavdeling kurs i samarbeid med Helsestasjon for ungdom, om Klamydia og HIV blant ungdom. Det deltok rundt 70 helsepersonell frå 15 ulike kommunar og institusjonar.

Smittevernkonferansen var arrangert i oktober 2005, i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet. Tema var mellom anna smittevernberedskap, vaksinasjon, seksuelt overførte sjukdomar og samarbeid kommunar/helseføretak. Både lokale krefter og representantar frå Nasjonalt folkehelseinstitutt var føredragshaldarar. Det deltok rundt 70 helsepersonell frå 21 ulike kommunar og institusjonar.

Med det fokus som det i dag er på smittevern og smittevernberedskap, trengs det ikkje nokon ny smittevernkonferanse i 2006.

Fylkesmannen har behandla to saker etter lov om smittevern.

## **RESULTATOMRÅDE 73 SOSIALTENESTE**

### **73.1 Lov om sosiale tenester**

Fylkesmannen har behandla 525 klagesaker etter sosialtenestelova. Av desse har klagar fått medhald i 53 saker, 55 saker er sende attende til kommunane for ny behandling og 3 saker er blitt avviste. I dei resterande 414 sakene (79% av alle) har kommunen sitt vedtak blitt stadfesta av Fylkesmannen. 440 av klagesakene er behandla etter kapittel 5 i sosialtenestelova (økonomisk stønad), 75 av sakene etter kapittel 4 (tenester), og 10 av sakene etter andre reglar. I 92% av sakene har saksbehandlingstida vore under 2 månader.

Fylkesmannen har mykje kontakt med enkeltkommunar for råd og rettleiing på området.

Kartlegging i kommunane (pkt. 73.4) har gjeve Fylkesmannen oversyn over nivået på den økonomiske sosialhjelpa.

### **73.2 Rettstryggleik ved bruk av makt og tvang mv (Ikkje rapp.pliktig)**

Fylkesmannen har gjennomført 12 stadlege tilsyn og 2 systemtilsyn etter sosialtenestelova kap. 4A. I 2005 mottok fylkesmannen 2.176 enkeltmeldingar om skadeavverjande tiltak, samt 68 kommunale vedtak om bruk av tvang til overprøving. Saksbehandlingstid ved overprøving av vedtak var klart lengre i 2005 enn året før.

### **73.3 Kompetanseutvikling og formidlingstiltak generelt og**

#### **73.4 Kompetanseutvikling i sosialtenesta**

I januar 2005 gjennomførte Fylkesmannen ei kartlegging i kommunane, mellom anna av kompetansebehovet på sosialtenesteområdet. Dette har gjeve eit godt oversyn over behovet i kommunane og har vore ein del av grunnlaget for gjennomføring av ulike kompetansetiltak.

Fylkesmannen arrangerte våren 2005 ei samling for deltakarar i dei faglege fora. Nye fora blei etablert i løpet av året. Det er no 10 aktive faglege fora i fylket, med deltakarar frå 21 kommunar.

Kommunane blei inviterte til å søkje Fylkesmannen om tilskott til kompetanseheving på ulike områder. 10 kommunar søkte og fekk slike tilskott.

Fylkesmannen har også dette året hatt halvårlege samlingar for leiarar med ansvar for sosialtenesta i kommunane. Sentrale satsingsområde - som NAV og strategi mot bustadløyse - har vore tema på samlingane, der dei fleste kommunane deltok.

## **RESULTATOMRÅDE 74 LEVEKÅR**

### **74.1 Tiltaksplan mot fattigdom**

I samarbeid med Shdir har Fylkesmannen gjennomført grunnkurs i økonomisk rådgeving/gjeldsrådgeving for tilsette i kommunane.

Fylkesmannen har etablert eit nettverk for kommunar som har tatt i bruk KIS som kartleggingsverktøy i sosialtenesta og som ønskjer å vidareutvikle arbeidet med dette verktøyet. På bakgrunn av mellom anna arbeidet i nettverket blir det planlagt ein konferanse for interesserte kommunar i samarbeid med Shdir tidleg i 2006.

Fylkesmannen samarbeider tett med Husbanken om Strategi mot bustadløyse. 6 kommunar i Rogaland er med i nettverk på området. Det har vore arrangert to regionale konferansar i regi av Husbanken og Fylkesmannen, med ulike delmål i satsinga som tema.

## **RESULTATOMRÅDE 75 SPESIALISTHELSETENESTE**

### **75.3 Lov om transplantasjon**

Ingen saker i 2005.



#### **75.4 Særfrådrag**

Fylkesmannen behandlar saker om særfrådrag ved likninga for særleg store sjukdomsutgifter. I 2005 behandla me 31 slike saker. I 15 saker blei det gitt avslag på særfrådrag og i 10 saker blei særfrådrag tilrådd/delvis tilrådd. 10 av desse sakene er påklaga til Sosial- og helsedirektoratet. I 4 saker blei det bare gitt ei generell uttaling, mens 2 saker blei returnert til likningskontoret fordi dokumentasjon mangla.

#### **75.7 Førarkortsaker (Ikkje rapp.pliktig)**

Fylkesmannen avgjer om førarkortforskriftene sine helsekrav er oppfylte, og behandlar søknader om dispensasjon frå desse krava.. I tillegg gir Fylkesmannen melding til politiet om førarkort som bør inndragast på grunn av helsesvikt og/eller misbruk av medikament og rusmiddel. Saksmengda er betydeleg. I 2005 er det registrert 1.985 journalpostar inn og 1.804 ut, i alt 3.789 journalpostar.

År	2001	2002	2003	2004	2005
Inndregne førarkort	257	243	278	433	364
Dispensasjonar				544	594
Avslag dispensasjon					39

#### **75.8 Pasientjournalar**

Ingen saker

#### **75.9 Beredskapslager**

Avslutta i 2004

### **RESULTATOMRÅDE 76 UTVIKLINGSOPPGÅVER**

#### **76.1 Kvalitet i pleie- og omsorgstenesta**

Helse- og sosialavdelinga si heimeside på internett blir brukt til å informere om regelverksendringar og nytt rettleiingsmateriell. Det same gjer me i alt vårt arbeid utover, så som ved møte og kurs og i tilsyns- og rådgjevingssamanheng.

##### **76.1.2 Saksbehandling i helse- og sosialtenesta**

Dette er tatt opp som oppfølging etter tilsyn.

##### **76.1.3 Tenester til eldre**

Fylkesmannen har også i 2005 hatt oppfølgingsarbeid knytt til oppføring/ fullføring av nye bustadeiningar, som del av slutføringa av handlingsplanen for eldreomsorga.

Arbeidet i Rogaland er i rute, og dei kommunane som av ymse grunnar ikkje blei ferdige i 2005, har fått utsetjing. Dette er gjort i samarbeid med Husbanken. Me viser elles til eigen halvårsrapport til Helse- og omsorgsdepartementet.

Arbeid for betre kvalitet og enklare ordningar i helse og sosialtenestene heldt fram, særleg med tanke på leiing, kvalitetsutvikling og saksbehandling i pleie- og omsorgssektoren. Me har ofte hatt rådgeving i samband med avvikslukking etter tilsyn.

##### **76.1.4 Unge personar med nedsett funksjonsevne i alders- og sjukeheim**

Dette blei kartlagt i mai 2005. Me var i kontakt med alle kommunar som hadde bebuarar under 50 år på institusjon, bad om nærare orientering om korfor dei oppheldt seg der, og bad kommunane arbeide med alternative buformer der det var aktuelt. Me opplyste om at vi ville kome tilbake med ny kartlegging rundt årsskiftet, slik Shdir har meldt.

## 76.2 Psykisk helse

### 76.2.2. Behandling utan eige samtykke

*Dette underkapitlet burde ikkje vere under utviklingsoppgåver, men under kap 75 (spesialisthelsetenester).*

Ein pasient som er under tvunge psykisk helsevern kan på visse vilkår behandlast med medikament utan eige samtykke, slik det er fastsett i § 4-4 i *Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern*. Dei siste seks åra har Fylkesmannen motteke i gjennomsnitt 52 klager årleg på vedtak om slik behandling, men har ikkje tal for kor mange slike vedtak som det totalt var i det psykiske helsevernet.

	Klage på vedtak	Fekk ikkje medhald	Medhald (omgjort)	Vedtak oppheva (feil med vedtaket)
2004	57	49	8	0
2005	51	43	6	2

### 76.2.7 Opptrappingsplan for psykisk helse

Fylkesmannen registrerer ein merkbar auke i stillingar og tiltak innan psykisk helsearbeidsfeltet i kommunane i Rogaland i tråd med auka tilførsle av øyremerka midlar i 2005. Ved årsskiftet var det ein kommune som ennå ikkje hadde tilfredsstilt vilkåra for utbetaling av midlar i 2005. Nokre kommunar slit framleis med å gjera det psykiske helsearbeidet tydeleg og synleg for innbyggjarane og samarbeidspartane sine. Fylkesmannen har dette året gjennomført 25 rådgjevingsvitjingar til 16 av 27 kommunar. Likeeins har Fylkesmannen saman med brukarorganisasjonar i fylket gjennomført seminar for brukarrepresentantar i kommunane om plan- og utviklingsarbeid i psykisk helsearbeid. Kommunane i Rogaland hadde ved utgangen av 2005 fått tildelt 295 bustader av målalet for heile landet på 3400 bustader til menneske med psykiske lidingar. Det er stor aktivitet i kommunane på opplæring og kompetansebygging, og kommunane har jamt over god tilgang på personell. I 2005 fekk ingen kommunar i Rogaland kompetansemidlar til nye studentar innan tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid. Derimot fekk kommunane tilført midlar til 64 studentar som er i gang med denne utdanninga mot 48 året før.

## 76.3 Rusområdet

### 76.3.1 Alkoholova

Fylkesmannen har mottatt 27 saker i 2005. 9 av sakene var skjenkesaker, 6 klagesaker, 5 bevillingssaker, 2 om skjenkekontroll og 5 andre saker. Vi viser elles til eigen rapport til Sosial- og helsedirektoratet.

### 76.3.2 Rusmiddelarbeid

På bakgrunn av innspel frå kommunane har fylkesmannen sett i verk ulike kompetansetiltak på rusområdet:

- Det er laga eit kompetanseutviklingsprogram for tilsette i kommunane som brukar ansvarsgruppe som metode i arbeidet med personar med problematikk knytt til bustadløyse, rus og/eller psykiske lidningar. Programmet har gått over tre dagar, med deltakarar frå 17 kommunar.
- I samarbeid med kompetansesenteret for rusmiddelspørsmål er det starta eit kurs i LØFT-metodikk over 5 gonger, for personar som arbeider med rusmiddelmisbrukarar.
- Det er planlagt ei særleg oppfølging/retteiing av ruskonsulentar i regi av kompetansesenteret. Dette arbeidet kjem i gang tidleg 2006.

#### **76.4 Habilitering og rehabilitering**

Under tilsynet med helse- og sosialtenestene i kommunane blei det fokusert på koordinerande eining og om pasientane hadde individuell plan.

Det er gjennomført eitt tilsyn i spesialisthelsetenesta på området rehabilitering (Lassa). I samband med dette er det gjennomført eit oppfølgjande rådgjevingsmøte. Me har også innhenta bakgrunnsstoff med tanke på landsomfattande tilsyn 2006.

### **RESULTATOMRÅDE 77 KVALITET OG SAMHANDLING**

#### **77.1 Samarbeid mellom 1. og 2.-linjetenesta**

Me har deltatt i årleg kontaktmøte mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Samarbeid mellom desse har vore tema i møte med helseføretaket. Praksiskonsulentordninga (PKO) er i god gjenge både i Helse Stavanger og i Helse Fonna.

#### **77.2 Ny arbeids- og velferdsforvaltning**

Fylkesmannen har etablert ei samarbeidsgruppe for å utveksle informasjon og ha oversyn over arbeidet i fylket. Med i gruppa er representantar frå leiinga i KS, Rådmannsutvalet, Aetat, Fylkestrygdekontoret og Fylkesmannen.

16 august heldt Fylkesmannen eit informasjonsmøte for kommunane i Rogaland om NAV-reforma, i samarbeid med KS og med bakgrunn i oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet og Shdir. Møtet var det første i ei rekkje slike møte over heile landet. Nesten alle kommunane var representerte, med til saman omlag 100 deltakarar, mellom anna fleire rådmenn og ordførarar.

NAV var også eit hovudtema på samlinga i desember for leiarar med ansvar for sosialtenesta i kommunane.

#### **77.3 Individuell plan**

Rådgjeving ved tilsyn og i klagesaksbehandlinga. Har deltatt i nokre møte og undervist om individuell plan i fleire samanhengar.

#### **77.4. Nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta**

For kommunehelsetenesta har dette arbeidet stort sett blitt følgt opp med tilsynsrelatert rådgjeving. Me har konsentrert oss om å stimulere kommunane til å etablere velfungerande internkontroll for helsetenesta. Tilnærminga vår har vore risikoinformert, det vil seie at me har fokusert på kommunar der me meiner å ha grunn til å bekymre oss for svikt i

internkontrollen. Rådgivingsperiodane blir ofte lange, og kontaktane kan bli både mange og nære. Me har gode røymsler med denne arbeidsmåten: det blir kontinuitet i rådgevinga vår og me kan få tilpassa metodevalet til den enkelte verksemda/kommune si evne og vilje til forbetningsarbeid.

### **77.5 Rekruttering for betre kvalitet – rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell**

Denne planen er ei oppfølging av handlingsplanen ”Rett person på rett plass 1998-2001”. Hovudmålet i planen er å styrkje rekruttering og kompetanseutvikling i helse- og sosialtenesta, med særleg vekt på pleie- og omsorgstenesta i kommunane. Fylkesmannen fekk overført i overkant av 5 mill kr til stimulering av kommunane sitt arbeid på dette området. I tillegg har storbyane i landet fått ei øymerka overføring, kor Stavanger har fått 1.2 mill kr for 2005 med fokus på opplæring av ufaglærte. Det er ei referansegruppe for rekrutteringsplanarbeidet, der både Fylkesmannen, fylkeskommunen si opplæringsavdeling, KS, Fagforbundet, NSF, FO og KFO er representerte.

Tilskottet til kommunane har stort sett gått til kvalifisering av ufaglærte og til vidareutdanning av faglærte og høgskuleutdanna personell, og i tildelinga er det tatt særleg omsyn til dei ulike behova i kommunane. Det er eit vilkår for å få tilskott at kommunen har oppdatert opplæringsplan for helse- og sosialområdet, og i tillegg har Shdir gjeve føringar om at det skal ytast tilskott til desentralisert sjukepleiarutdanning. 23 av dei 27 kommunane har søkt om og fått tilskott til kompetanseheving. Søknadane frå kommunane syner stor opplæringsaktivitet.

I januar 2005 hadde Fylkesmannen, saman med SSB og Shdir, ei samling med kommunane om KOSTRA-rapportering. Målet var å få til ei mest mogleg korrekt rapportering, for å få gode måltal til samanlikning.

I samband med ny utdanning på vidaregåande nivå - Helsefagarbeidarutdanninga – hadde Fylkesmannen ein konferanse i samarbeid med fylkeskommunen. Målet var å informere kommunane og utdanningsinstitusjonane om den nye utdanninga og om konsekvensar for samarbeidet mellom utdanning og praksisfelt. Konferansen vil bli følgt opp med ein ny konferanse med same tema, for rådgjevarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

### **77.6 Sosial- og helsemessig beredskap (Ikkje rapp.pliktig)**

Det blei gjennomført tilsyn og kartlegging av beredskapsplanar i tre kommunar og i Helse Stavanger. Fylkeslegen/helsetilsynet har deltatt i relevante beredskapsøvingar

## **RESULTATOMRÅDE 81 TILSYN OG KLAGESAKSBEHANDLING ETTER SOSIALTENESTELOVGIVINGA**

### **81.1 Planlagde tilsyn**

Det var forventning om at FMRO skulle gjøre 13 systemrevisjonar ved sidan av stadlege tilsyn med tiltak kor tvang og makt blir brukt og tilsyn med rusinstitusjonar.

Utført: 7 systemrevisjonar, 6 rusinstitusjonstilsyn, Fylkesmannen har gjennomført 12 stadlege tilsyn og 2 systemtilsyn etter sosialtenestelova kap. 4A.

Se særskilt rapportskjema sendt til Statens helsetilsyn.

### **81.3 Klager etter sosialtenestelovgivinga**

Se under oppdrag 73.1.

FM har behandla 525 saker. Gjennomsnittleg sakbehandlingstid har vært ca 40 dagar. Ved utgangen av året var det 62 saker restanse kor 45 kom i desember månad.

#### **81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtenestelova kap 4A**

Se under oppdrag 73.2.

FM har mottatt 2176 enkeltmeldingar om skadeverjande tiltak og 68 kommunale vedtak om bruk av tvang til overprøving.

### **RESULTATOMRÅDE 82 TILSYN OG KLAGESAKSBEHANDLING ETTER HELSETENESTELOVGIVINGA**

#### **82.1 Planlagde tilsyn**

Forventinga frå Statens helsetilsyn var 21 systemrevisjonar ved sida av andre typar tilsyn. Vi har gjort 6 systemrevisjonar mot kommunehelsetenesta, 5 mot spesialisthelsetenesta og 3 mot offshorehelsetenesta. Av anna tilsynsverksemd har vi gjort tilsyn og kartleggingar mot kommunane og 20 tilsyn mot offshoreverksemda. Saman med FM sitt beredskapslag har vi hatt tilsyn mot 3 kommunar i tillegg. Vi har hatt kontakt med alle kommunar omkring tema helsemessig og sosial beredskap og smittevernplanar i løpet av året. I løpet av året har vi deltatt på ulike samlingar og møter i regi av Hovudredningssentralen.

#### **82.2 Områdeovervaking**

Meldingar etter sphtl § 3-3 blir lagt inn i database og følgde opp.

Det er løpande dialog med helseføretaket om meldeordninga. Det er sendt inn ”Verdt-å-vite-meldinger” til Statens helsetilsyn.

#### **82.3 Hendingsbasert tilsyn**

Helsetilsynet i Rogaland har i 2005 oppretta 103 nye tilsynssaker og ferdigstillet 137. Restansen ved årets slutt var 45 mot 79 i 2004. Median saksbehandlingstid var 141 dagar og gjennomsnittssaksbehandlingstid 204 dagar. Se elles særskild rapportering til Statens helsetilsyn.

#### **82.4 Klager etter helsetenestelovgivinga**

I 2005 har vi mottatt 49 klager etter helsetenestelovgivinga, 4 blei avvist. Vi har ferdigbehandla 70 saker i 2005 og hadde ved årets slutt ingen restansar mot over 20 restansesaker i fjor. Median sakbehandlingstid har vært 64 dagar og i gjennomsnitt 71 dagar.

## **Samferdsledepartementet sitt resultatområde**

#### **Resultatområde 91: Avkjørslesaker etter veglova**

Det kom inn ei sak og to blei behandla. Begge blei stadfesta. Behandlingstida vart vesentleg overskriden for den eine av desse, i forhold til målsetjinga. Vi reknar med å ligge innafor kravet om 3 månader saksbehandlingstid i 2006.

## **Utanriksdepartementet sine saksområde**

#### **Resultatområde 92 førebuing av saker om honorære konsuler**

Vi behandla 2 saker i 2005.

## **Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatområde**

### **95 Trudoms- og livssynssamfunn**

Det kom inn 98 saker i 2005. 55 av sakene galdt søknad om statsstøtte, 4 vigselrett og dei resterande sakene knytt til andre saker. Dei fleste "andre" sakene gjeld skifting av prest/forstandar

Fylkesmannen tildelte 3,35 mill. mill. kroner i statsstøtte til 55 trudomssamfunn.

Det er laga årsrapport og liste over vigslar på Fylkesmannen sin nettstad. Mange nytta seg av gratis tilbod om "vasking" av medlemslistene, før krav om innsending av fødselsnummer i 2006. Vi har i tillegg satsa på god informasjon på nettstaden vår.

### **96 Gravferdslova**

Det er i 2005 behandla 17 saker om oskespreiing.

### **97 Lov om heilagdagane og heilagdagsfred**

Det er behandla tre saker i 2005.

